



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Stord rådhus
Dato:	19.05.2021
Tid:	14:00 (Kurs 12.00 - 13.30)

Køyreplan.

- Kl. 12.00 KPMG AS held kurs i kommunestyresalen om habilitet. (varer til ca. kl. 13.30)
- Kl. 14.00 Kontrollutvalsmøtet startar.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er ikkje meldt inn avbod før denne innkallinga vart sendt ut.

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Fredrik Litleskare

kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson

kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 5/21 GK 6/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.04.2021	2020/86	
Politiske saker			
PS 20/21	Årsrekneskap og årsberetning 2020 for Stord hamnestell - Uttale frå kontrollutvalet	2019/132	
PS 21/21	Årsrekneskap og årsmelding Stord kommune for 2020 - Uttale frå kontrollutvalet	2019/132	
PS 22/21	Rådmannen orienterer om budsjettbrev 2021 frå statsforvaltaren	2019/132	
PS 23/21	Rådmannen orienterer om oppfølging av tilsyn	2019/129	
PS 24/21	Sak frå Stord FrP til kontrollutvalet - 2. gongs handsaming	2020/85	
PS 25/21	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2019/133	
PS 26/21	Forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune	2020/190	
PS 27/21	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2019/130	
PS 28/21	Eventuelt	2020/89	
Referatsaker			
RS 10/21	KST RS 10/21 Revidering av eigarskapsmelding 2020 - 2021	2019/134	
RS 11/21	Svar på spørsmål til kommunestyret frå Katrin Ankervold, UA - gjeld forvaltningsrevisjon av FOS	2020/98	
RS 12/21	Arkivverket - Avslutning av tilsyn - Stord kommune (KST RS 16/21)	2019/129	
RS 13/21	FKT - medlemsinformasjon april 2021	2019/13	
RS 14/21	Epost fra Stord kommune	2020/85	
RS 15/21	KLAGE VEDR. SAKSBEHANDLING OG MANGLENDE TILTAK IFBM. MILJØUTSLIPP I STORD KOMMUNE	2020/85	

Godkjenningssaker
GK 5/21 Godkjenning av innkalling og sakliste



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/86-33
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	6/21	19.05.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.04.2021

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 19.04.2021 er lagt ved saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Fjernmøte, Teams
Dato:	19.04.2021
Tid:	14:00 - 17:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Stian Djuvsland	Nestleiar	FRP
Rigmor Svanberg	Medlem	FRP
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Tore Jubskås	Medlem	SP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Tore Jubskås fekk eit gyldig forfall like før møtestart. Det var såleis ikkje tid til å innkalla varamedlem.

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Willy Hauge	Partner i KPMG AS, (GK-saker og sak PS 12 og 14)
Sindre Rødne Dueland	Forvaltningsrevisor i KPMG AS, (GK-sakene og PS 12-14/21)
Magnus Mjør	Rådmann (PS 12/21)
Roy-Sverre Amundsen	Einingsleiar i Stord kommunalteknikk (PS 12/21)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef Vestland fylkeskom., sekretariat for kontrollutvalet

Fredrik Litleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/21 GK 4/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.03.2021	2020/86	
	Politiske saker		
PS 12/21 PS 13/21	Sak frå Stord FrP til kontrollutvalet Forum for oppvekst i Sunnhordland - Forvaltningsrevisjonsrapport	2020/85 2020/98	
PS 14/21 PS 15/21 PS 16/21	Kurs i regi av KPMG Årsmelding 2020 for Stord kontrollutval Stord kommune si rapportering av internkontroll og tilsyn ein gong i året	2019/141 2020/148 2019/129	
PS 17/21 PS 18/21	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune Eventuelt	2019/130 2020/89	
	Referatsaker		
RS 4/21 RS 5/21 RS 6/21 RS 7/21 RS 8/21	Lovlegkontroll - Stord budsjett 2021 - økonomiplan 2021- 2024 Stord kommune, budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 FKT - Medlemsinformasjon februar 2021 FKT - medlemsinformasjon mars 2021 Veileder og mal for kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen	2019/132 2019/132 2019/13 2019/13 2019/13	
RS 9/21	Veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften	2021/29	
	Politiske saker		
PS 19/21	Val av revisor for Stord kommune - tilråding frå kontrollutvalet	2014/302	

Godkjenningssaker

GK 3/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Etter ønskje frå KPMG semjast utvalet om å handsama sak PS 14/21 før sak PS 13/21.

Astrid-Cecilie F. Aleksandersen fortalde at ho måtte i nytt fjernmøte kl. 17.00.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 4/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.03.2021

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til møteprotokoll frå møte 04.03.21.

Vedtak

Protokoll frå møte 04.03.21. vart godkjent.

Politiske saker

PS 12/21 Sak frå Stord FrP til kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Magnus Mjør orienterte om spørsmål / problemstillingar. Han hadde og med ein PowerPoint-presentasjon som han synte. Denne vart gjort tilgjengeleg for utvalet etter møtet.

Utvalsmedlemene stilte spørsmål som vart svara på av rådmannen og av einingsleiar i Stord kommunalteknikk, Roy-Sverre Amundsen.

Etter sams drøfting kom utvalet fram til vedtak i saka, og det var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Konklusjon og evt. bestilling vert teke i neste kontrollutvalsmøte.

PS 13/21 Forum for oppvekst i Sunnhordland - Forvaltningsrevisjonsrapport

Forslag til innstilling

Kommunestyret ber rådmannen om:

1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den ein skilde kommune.
2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.
3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.
4. Sikre at ein tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.
5. At rådmannen kjem med tilbakemelding på tilrådinga ovanfor til kontrollutvalet, med frist til 10.08.2021

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i KPMG AS, Sindre Rødne Dueland, orienterte om gjennomført forvaltningsrevisjon. Han informerte om at kommunane først fekk høve til å koma med merknader til faktadelen, der Stord kommune hadde omfattande tilbakemelding. Derneft var det ein «innspelrunde» ift. heile rapporten.

Utvalet drøfta innhaldet i forvaltningsrevisjonsrapporten.

Det vert lagt opp til at kontrollutvalsleiar presenterer rapporten for kommunestyret, truleg i møte 27.05.21., og at KPMG er tilstades for å kunna svara på evt. spørsmål.

Innstilling i saka var samrøystes.

Innstilling

Kommunestyret ber rådmannen om:

1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den einkilde kommune.
2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.
3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.
4. Sikre at ein tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.
5. At rådmannen kjem med tilbakemelding på tilrådinga ovanfor til kontrollutvalet, med frist til 10.08.2021

PS 14/21 Kurs i regi av KPMG

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at KPMG gjennomfører kurs innan tema.....
2. Kurset vert halde (tid/stad):.....
3. Sekretariatet vert bedne om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Stord kommune.

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet drøfta kva som kunne vera aktuelle kurs. Etter sams drøfting samla utvalet seg om kurs i habilitet.

Då noverande kontrakt med KPMG varer til 30.06.21, må kurset haldast før det.

Sekretariatet tar opp med ordførar om det er av interesse at andre politikarar enn kontrollutvalsmedlemane er målgruppe. Kan og vera av interesse for tilsette.

Det var drøfta som døme at kurset alternativt kan leggst i tilknyting til eit kontrollutvalsmøte eller eit kommunestyremøte, evt. frittstående som digitalt kurs på ein annan dato.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at KPMG gjennomfører kurs innan tema habilitet.
2. Tid for kurset, og om det vert fysisk eller digitalt kurs, vert å avklara.
3. Sekretariatet vert bedne om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Stord kommune.

PS 15/21 Årsmelding 2020 for Stord kontrollutval

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Stord kommune.

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Utvalet sa seg nøgd med innhaldet i årsmeldinga.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Stord kommune.

PS 16/21 Stord kommune si rapportering av internkontroll og tilsyn ein gong i året

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek den mottekne informasjonen om internkontroll i Stord kommune til orientering.
2. kontrollutvalet ber rådmannen komme i neste møte for å gjera greie for kva som er gjort/vil bli gjort i høve pålegg, avvik, feil, merknad mv. etter desse tilsyna:
 - Arbeidstilsynet (2020/3834-3)
 - Fylkesmannen og brann og redningsetatane (2020/4716-3)
 - Haugaland Kraft Nett AS (2016/784-56)
 - Fylkesmannen (2020/22-3)

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Sekretariatet gav uttrykk for at kommunen hadde gjeve ei grundig tilbakemelding om internkontroll i Stord kommune og om eksterne tilsyn.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek den mottekne informasjonen om internkontroll i Stord kommune til orientering.
2. kontrollutvalet ber rådmannen komme i neste møte for å gjera greie for kva som er gjort/vil bli gjort i høve pålegg, avvik, feil, merknad mv. etter desse tilsyna:
 - Arbeidstilsynet (2020/3834-3)
 - Fylkesmannen og brann og redningsetatane (2020/4716-3)
 - Haugaland Kraft Nett AS (2016/784-56)
 - Fylkesmannen (2020/22-3)

PS 17/21 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalsmedlemar orienterte om fleire politiske saker som hadde vore til handsaming i kommunen.

Grunna forfall vart gjennomgang av Utval for plan og utvikling sine protokollar 11.03.21 og 08.04.21 utsett til neste møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Utval for plan og utvikling sine protokollar 11.03.21 og 08.04.21 vert gjennomgått i neste møte.

Kontrollutvalet tar dei øvrige møteprotokollane til orientering.

PS 18/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisjon innan beredskap.

Forvaltningsrevisor Sindre Rødne Dueland fortalde at forvaltningsrevisjonsrapport innan beredskap nyleg er ferdig frå KPMG si side. Den vert handsama i neste kontrollutvalsmøte.

For ordens skuld vert det opplyst om at informasjonen vart gjeven under handsaming av anna sak (PS 13/21), men i saksframlegget var det lagt opp til at informasjonen skulle protokollførast under eventuelt.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Referatsaker

RS 4/21 Lovlegkontroll - Stord budsjett 2021 - økonomiplan 2021-2024

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 5/21 Stord kommune, budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet ønskte å få ei vurdering frå rådmannen om innhaldet i budsjettbrevet på neste utvalsmøte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet ber rådmannen orientera munnleg i neste utvalsmøte om kva vurdering han har vedr. innhaldet i Statsforvaltaren sitt budsjettbrev 2020 til Stord kommune.

RS 6/21 FKT - Medlemsinformasjon februar 2021

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 7/21 FKT - medlemsinformasjon mars 2021

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 8/21 Veileder og mal for kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Sekretariatet viste til formulering i oversendt epost frå FKT om vegleiaren:

«Noen av dere mente at veilederen er for omfattende og faglig krevende, og at det er en utfordring med korte frister mellom avleggelse av årsregnskap og årsberetning, og politisk behandling.»

En løsning på disse utfordringene er at kontrollutvalget og sekretariatet selv tilpasser malen til egen praksis ved å ta veilederen gradvis i bruk. Det første året vil være det mest krevende. Flere tema og flere år kan derfor innarbeides gradvis, og sekretariatene kan utvide bruken gradvis til flere kommuner.»

Sekretariatet har til vurdering kva linje ein skal leggja seg på vedr. årsrekneskapen for 2020.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 9/21 Veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

Politiske saker

PS 19/21 Val av revisor for Stord kommune - tilråding frå kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret i Stord kommune vel.....som revisor frå 01.07.2021 - 30.06.2025

Saksprotokoll 19.04.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Revisor var ikkje til stades ved handsaminga av saka.

Sidan tilboda inneheld informasjon av konkurransemessig betydning for tilbydarane er informasjonen unnateke offentleggjering, jf. offl. § 13, jf. forvl. § 13.

Møtet vart difor samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

Sekretariatet orienterte om evalueringa som er føreteken. Drøfting i utvalet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Innstilling

Kommunestyret i Stord kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2021 - 30.06.2025

**Politiske saker
PS 20/21 Årsrekneskap og årsberetning 2020 for Stord hamnesteil - Uttale frå
kontrollutvalet**



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/132-78
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	20/21	19.05.2021

Årsrekneskap og årsberetning 2020 for Stord hamn - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2020 har driftsinntekter på kr. 9 652 000 og eit netto driftsresultat er på - kr. 617 000. Det gjev eit driftsresultat på - 6,39 % (Sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt under tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet støttar seg til KPMG sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamn for året 2020, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
3. Uttalen vert send kommunestyret via utval for plan og utvikling og evt. via formannskapet.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen for 2020 for Stord hamn. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via utval for plan og utvikling og evt. via formannskapet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Rekneskapssamandrag med notar 2020 SH
- 2 Revisjonsberetning Stord hamn 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune skal i møte 19.05.2021, handsame utvalet sin uttale til Stord hamn sin årsrekneskap og årsberetning for 2020.

Det er ønskeleg at representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor er til stades i møte for å presentere årsrekneskapen og svare på spørsmål.

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsberetning, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresetnader. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. m.a. kommunelova §§ 14-1 og 25-1 og 2.

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsberetning er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresetnader. jf. kommunelova §§ 14- 6 b)

Det er så utval for plan og utvikling og evt. via formannskapet. som innstiller overfor kommunestyret, i saka om rekneskapen. Årsrekneskapen for Stord Hamn er å betrakte som ein del av årsrekneskapen for Stord kommune. Rekneskapen for Stord hamn bør difor handsamast før kommunerekneskapen blir handsama, men gjerne i same møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Rekneskapssamandrag med notar 2020, vedlegg 1
- Revisjonsmelding, dagsett 22.04.2021, vedlegg 2

Revisjonsberetninga frå KPMG:

Det kjem ikkje fram spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, og den vert å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding. Her er teke med at rekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på kr. 617 000.

KPMG konkluderer m.a. slik om årsrekneskapen:

«Etter vår mening er Stord hamn sin årsrekneskap gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til eininga per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.»

Vidare konkluderer KPMG slik når det gjeld årsberetninga:

«Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.»

Vurdering av rekneskapen

Av rekneskapan for 2020 har sekretariatet merka seg sum driftsinntekter på kr. 9 652 000 og negativt netto driftsresultat på kr. 617 000. Det gir et driftsresultat på - 6,39 % (Satt opp mot sum driftsinntekter). Heile kommunesektoren hadde ifølge opplysninger fra SSB til sammenligning netto resultatgrad på + 2,5 prosent i 2020. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) anbefaler at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 prosent for å ha en forsvarlig økonomisk drift.

For Stord hamn var netto resultatgrad i 2016 (+ 5,33 %), 2017 (+ 27,75 %), 2018 (+ 37,75 %), 2019 (- 53,60 %) og 2020 (- 6,39%). Sjølv om slik resultatgrad gjeld kommunen samla sett, skader det ikkje å skue til korleis situasjonen tilsvarande er for Stord hamn. Vi ser av dette at Stord hamn i 2020 ligg langt under resultatet i heile kommunesektoren og tilrådinga til TBU men likevel ein god del betre enn i 2019.

Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.

Vurdering av årsberetninga:

I Stord kommune si årsberetning er det med nokre sider om Stord hamn. Nokre innleiande avsnitt fortel ein del om verksemda og aktiviteten der:

«Stord Hamnestell skal leggja til rette for og overvaka skipstrafikken i Stord kommune.

I mars 2020 vart det innført strenge smitteverntiltak i heile Noreg grunna Covid-19-pandemien. Hamnestellet si drift har gått som normalt med unntak av at gjestehamna var stengt for besøkande frå mars til mai månad. Det vart sett i verk ekstra smitteverntiltak i gjestehamna som informasjonsoppslag, auka reinhald og redusert tilgang til gjestebrygger og serviceanlegg. Det var i Juli 2020 vedteke ein tiltakspakke i Formannskapet i samband med Covid-19-pandemien. (dette med bakgrunn i regjeringa sin tiltakspakke «vedlikehaldstilskot for å stimulere lokalt næringsliv») Hamnestellet har frå denne tiltakspakken fått tildelt midlar til tre prosjekt som er bygging av ny søppelbod i gjestehamna, flomvern i Evjestranda og opprusting av Onarheimsparken ute ved Stord-døra på moloen i Leirvik.

Dagens rutetrafikk går over Leirvik hamn (hurtigbåt) med 5 482 anløp og ferjekaiane Skjersholmane og Jektevik med 17 359 anløp. Offshore- og større stykkgodstrafikk går stort sett over Eldøyane, brønnbåtar og oppdrettsfartøy via Leirvik Hamn.

Av andre anløp var 1 437 frå innanriks- og 139 frå utanriksfart samt ambulansebåten Rosedoktoren som har årleg omlag 1 200 anløp. Totaltatal anløp av fartøy i 2020 var 25 617.

Samla gjekk det 16 912 tonn gods over offentleg kai i 2020 mot 26 164 tonn gods i 2019. Gods over offentleg kai er gått ned i volum med 9 252 tonn.

Stord Hamnestell har to godkjente ISPS-hamner (International Ship and Port Security), Stord Hamn, Eldøyane og Leirvik Hamn ISPS-terminal. Det er også tre godkjende privateigde ISPS-terminalar i Stord.»

Dette er på ingen måte uttømmende for arbeidet. For meire informasjon vert det vist til Stord kommune si årsmelding, som ligg på denne lenkja, <https://pub.framsikt.net/2020/stord1/mr-202012-am2020/#/generic/summary/investmentsprogramsappendix>

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til Stord hamn sin årsrekneskap. Kontrollutvalet tar sjølv stilling til kva tilhøve som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle tilhøve som vert omtalt i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Uttalen skal sendes til kommunestyret, med kopi til utval for plan og utvikling og evt. via formannskapet.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- Netto driftsresultat på - 6,39%
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga.

Konklusjon

Stord hamn har for 2020 driftsinntekter på kr. 9 652 000 og eit negativt netto driftsresultat på kr. 617 000. Det gjev eit driftsresultat på - 6,39 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). KPMG AS har levert ei såkalla «rein» revisjonsmelding.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.

§ 5-4. Bevilgningsoversikter – drift Regnskap

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Generelle driftsinntekter				
Rammetilskudd	0	0	0	0
Inntekts- og formuesskatt	0	0	0	0
Eiendomsskatt	0	0	0	0
Andre generelle driftsinntekter	0	0	0	0
Sum generelle driftsinntekter	0	0	0	0
Netto driftsutgifter				
Sum bevilgninger drift, netto	-758	-3 319	-2 253	-1 541
Avskrivninger	2 214	0	0	1 824
Sum netto driftsutgifter	1 456	-3 319	-2 253	283
Brutto driftsresultat	1 456	-3 319	-2 253	283
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	-61	-95	-95	-156
Utbytter	0	0	0	0
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0
Renteutgifter	723	1 375	1 000	861
Avdrag på lån	714	1 652	1 339	6 309
Netto finansutgifter	1 375	2 932	2 244	7 013
Motpost avskrivninger	-2 214	0	0	-1 824
Netto driftsresultat	617	-387	-9	5 472
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	528	6 000	6 000	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-1 535	-5 613	-5 991	1 121
Bruk av tidl.års reknesk.m.mindreforbruk				-6 202
Rekneskapsmessig merforbruk				-390
Dekning av tidligere års merforbruk	390	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-617	387	9	-5 472
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk).	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Regnskapsmessig merforbruk	0	0	0	-390

§ 5-4. Bevilgningsoversikt drift, Regnskap til fordeling pr. ansvar

Tall i 1000 kroner		Regulert budsjett	Opprinnelig		
		Regnskap 2020	budsjett 2020	Regnskap 2019	
Fra bevilgningsoversikt:					
	Til fordeling drift	-758	-3 319	-2 253	-1 541
8170	Administrasjon	278	4 277	4 277	5 759
8171	Kaien nyanlegg - Farlei	571	-2 438	-2 438	-2 242
8172	Kaifront - berar 2	-2 071	-903	-903	-1 903
8173	Kaiareal - berar 3	-2 612	-2 019	-953	-2 090
8174	Passasjerar - berar 4	534	-842	-842	0
8175	Hamnebygget - berar 5	1 412	-345	-345	-39
8176	Småbåthamn - berar 6	1 132	-1 048	-1 048	-1 027
	Netto for alle ansvar	-758	-3 319	-2 253	-1 541

§ 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift Regnskap

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Driftsinntekter				
Rammetilskudd	0	0	0	0
Inntekts- og formuesskatt	0	0	0	0
Eiendomsskatt	0	0	0	0
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskudd fra staten	0	0	0	0
Overføringer og tilskudd fra andre	-366	0	0	-40
Brukerbetalinger	0	0	0	0
Salgs- og leieinntekter	-9 286	-12 566	-11 475	-10 169
Sum driftsinntekter	-9 652	-12 566	-11 475	-10 209
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	3 322	3 646	3 646	3 156
Sosiale utgifter	1 179	1 387	1 387	1 128
Kjøp av varer og tjenester	4 396	3 914	3 889	4 047
Overføringer og tilskudd til andre	8	300	300	350
Avskrivninger	2 214	0	0	1 824
Sum driftsutgifter	11 119	9 246	9 221	10 506
Brutto driftsresultat	1 467	-3 319	-2 253	297
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	-73	-95	-95	-170
Utbytter	0	0	0	0
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0
Renteutgifter	723	1 375	1 000	861
Avdrag på lån	714	1 652	1 339	6 309
Netto finansutgifter	1 363	2 932	2 244	6 999
Motpost avskrivninger	-2 214	0	0	-1 824
Netto driftsresultat	617	-387	-9	5 472
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:				
Overføring til investering	528	6 000	6 000	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-1 535	-5 613	-5 991	1 121
Bruk av tidl. års reknesk.m.mindreforbruk				-6 202
Rekneskapsmessig merforbruk				-390
Dekning av tidligere års merforbruk	390	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-617	387	9	-5 472
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Regnskapsmessig merforbruk	0	0	0	-390

§ 5-5. Bevilgningsoversikter – investering

Regnskap

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig Budsjett 2020	Regnskap 2019
Investeringsutgifter				
Investeringer i varige driftsmidler	34 068	34 190	33 390	9 960
Tilskudd til andres investeringer	-144	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	25	26	26	23
Utlån av egne midler	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	33 949	34 216	33 416	9 983
Investeringsinntekter				
Kompensasjon for merverdiavgift	0	0	0	0
Tilskudd fra andre	-9 420	-3 840	-3 040	-3 263
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	-4 206
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0
Bruk av lån	-28 500	-28 500	-24 350	-2 514
Sum investeringsinntekter	-37 920	-32 340	-27 390	-9 983
Videreutlån				
Videreutlån	0	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	0	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	0	0	0	0
Netto utgifter videreutlån	0	0	0	0
Overføring fra drift og netto avsetninger				
Overføring fra drift	-528	-6 026	-6 026	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	348	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	4 150	4 150	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	3 971	-1 876	-6 026	0
Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)				
	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Regnskapsmessig merforbruk				
	0	0	0	0
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)				
Inntekter til fordeling	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	33 949	34 216	33 416	9 983
Sum til fordeling (netto)	33 949	34 216	33 416	9 983

§ 5-5. Bevilgningsoversikt – investering

Regnskap til fordeling pr. prosjekt

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019	
Fra bevilgningsoversikt:					
Netto investeringer til fordeling:	33 949	34 216	33 416	9 983	
Prosj	Fordeling på prosjekt				
1001	Justeringsavtale 2020, Solbakken AS	8 620	0	0	
1999	Utstyr/maskiner, andeler,lån,fond	1 257	176	406	
4112	Molo og båthamn	230	250	233	
4129	Oppgradering gjestehamn	28	0	0	
4136	ISPS oppgradering Leirvik Hamn (cruiser)	92	100	50	
4141	Utvikling, Stord Hamn Eldøyane	0	0	201	
4144	Ny hamneplan	147	0	9	
4145	Enova - landstraum	7 591	7 040	8 512	
4152	Forstudie kai Eldøyane	82	0	204	
4153	Kai Eldøyane	15 123	25 000	0	
4154	Huglo kai (Tongjaskjæret)	4	0	38	
4155	Oppgradering Leirvik Gjesteamn	323	850	331	
4157	Opprusting Onarheimsparken (tiltakspa	94	160	0	
4158	Opprusting utebod gjestehamn (tiltaksp	350	400	0	
4159	Flomvern Evjestrand (tiltakspakken 202	8	240	0	
Sum fordelt alle prosjekt		33 949	34 216	33 416	9 983

Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner
Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-9

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Netto driftsresultat	617	-387	-9	5 472
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:				
Overføring til investering	528	6 000	6 000	-
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-1 535	-5 613	-5 991	1 121
Bruk av tidl.års reknesk.m.mindreforbruk og udisponert beløp				-6 202
Rekneskapsmessig meirforbruk				-390
Dekning av tidligere års merforbruk	390	-	-	-
Reserverte bevilgningar/avsetning				
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-617	387	9	-5 472


BALANSE

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
EIGENDELAR			
A. Anleggsmidler			
Faste eiendommer og anlegg	3	86 014	64 212
Utstyr, maskiner og transportmidler	3	47 653	38 027
Aksjar og lutar	4	313	288
Pensjonsmidlar	7	10 300	9 029
Sum anleggsmidler	2	144 280	111 556
B. Omlaupsmidler			
Kasse, postgiro, bankinnskott		16 329	2 478
Kundefordringar		1 463	2 009
Andre kortsiktige fordringar		6 016	3 774
Premieavvik	1	1 286	1 640
Sum omlaupsmidler	1	25 094	9 901
Sum eigendelar		169 374	121 457
EIGENKAPITAL OG GJELD			
C. Eigenkapital			
Disposisjonsfond	8	-3 808	-5 342
Meirforbruk i driftsregnskapet			390
Ubundne investeringsfond	8	-4 150	-
Bundne investeringsfond	8	-348	-
Kapitalkonto	2	-72 760	-69 017
Endring i rekneskapsprins.som påverkar AK (drift)		98	98
Sum eigenkapital		-80 968	-73 870
D. Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	5	-64 285	-32 959
Pensjonsforpliktelse	7	-11 532	-10 338
Sum langsiktig gjeld	2	-75 817	-43 296
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	1	-11 685	-3 352
Anna kortsiktig gjeld	1	-897	-924
Premieavvik	1	-6	-14
Sum kortsiktig gjeld	1	-12 588	-4 290
Sum eigenkapital og gjeld		-169 374	-121 457
Memoriakonti			
Ubrukte lånemidler	1,2	4 289	749
Andre memoriakonti		-	-
Motkonto for memoriakontiane		-4 289	-749
Sum memoriakonti		-	-

Stord, 31. desember 2020

22. februar 2021



Magnus Mjør
rådmann



Hege Etterlid
økonomisjef

Innleiing, rekneskapsprinsipp

Rekneskapskapen er utarbeida i samsvar med føresegna i kommunelova, forskrifter og god kommunal rekneskapskikk.

Rekneskapsprinsipp

All tilgang og bruk av midlar i løpet av året som gjeld kommunen si verksemd går fram av driftsrekneskapskapen eller investeringsrekneskapskapen. Rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar berre i balanserekneskapskapen vert ikkje gjort.

Alle utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar er rekneskapsført brutto. Dette gjeld også interne finansieringstransaksjonar. Alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året er tatt med i årsrekneskapskapen, enten dei er betalt eller ikkje. For lån er berre den delen av lånet som faktisk er brukt i løpet av året ført i investeringsrekneskapskapen. Den delen av lånet som ikkje er brukt, er registrert som memoriapost. I den grad enkelte utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsettast eksakt ved tidspunktet for rekneskapsavlegginga, er det registrert eit estimert beløp i årsrekneskapskapen.

Klassifisering av anleggsmidlar og omløpsmidlar

I balanserekneskapskapen er anleggsmidlar eigendelar bestemt til varig eige eller bruk for Stord hamnestell. Andre eigendelar er omløpsmidlar. Fordringar knytt til eigen vare- og tenesteproduksjon, samt marknadsbaserte verdipapir som inngår i ein handelsportefølje er omløpsmidlar. Andre marknadsbaserte verdipapir er klassifisert som omløpsmidlar med mindre Stord hamnestell har gjort investeringa ut frå næringspolitiske eller samfunnsmessige omsyn. I slike tilfelle er verdipapira klassifisert som anleggsmidlar.

Andre fordringar er omløpsmidlar dersom desse forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet. Elles er dei klassifisert som anleggsmidlar.

Stord hamnestell følgjer KRS (F) nr 4 Avgrensinga mellom driftsrekneskapskapen og investeringsrekneskapskapen. Standarden har særleg betydning for skiljet mellom vedlikehald og påkosting i høve til anleggsmidlar. Utgifter som kjem av at ein opprettheld anleggsmiddelet sitt kvalitetsnivå vert utgiftsført i driftsrekneskapskapen. Utgifter som representerer ein standardheving av anleggsmiddelet utover standarden ved anskaffinga vert utgiftsført i investeringsrekneskapskapen og aktivert på anleggsmiddelet i balansen.

Klassifisering av gjeld

Langsiktig gjeld er knytt til formåla i kommunelova sin § 50 med unntak av likviditetstrekkrett/likviditetslån (kassakreditt) jf. Kl. § 50 nr 5. All anna gjeld er kortsiktig gjeld. Neste års avdrag på utlån er inkludert i anleggsmidlar og neste års avdrag på lån er inkludert i langsiktig gjeld.

Vurderingsreglar

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi. Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar er vurdert til verkeleg verdi.

Uteståande fordringar er vurdert til pålydande med frådrag for forventa tap. Fordringar som er sikra med legalpant er det ikkje tapsavsett for.

Anleggsmidlar er vurdert til skaffekost. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivningane startar året etter at anleggsmiddelet er skaffa/tatt i bruk av verksemda. Avskrivingsperiodane er i tråd med § 8 i forskrift om årsregnskap og årsberetning.

Anleggsmidlar som har hatt verdifall som er forventa å ikkje vere forbigåande er nedskrive til verkeleg verdi i balansen. Vurderingane for eigendelar gjeld tilsvarende for kortsiktig og langsiktig gjeld. Opptakskost utgjør gjeldsposten sin pålydande i norske kroner på det tidspunkt som gjelda oppstår. Låneomkostningar (gebyr, provisjonar mv.), samt over- og underkurs er finansutgifter og inntekter. Over- og underkurs vert periodisert over lånet si løpetid som kortsiktig fordring/gjeld etter same prinsipp som gjeld for obligasjonar som vert halde til forfall.

For dei tenestene der kommunen sjølv har valt å krevje brukarbetalingar etter sjølvkostprinsippet følgjer ein dei same retningslinene.

Mva-plikt

Stord hamnestell følgjer reglene i mva-lova for dei tenesteområda som er omfatta av lova. For anna kommunal verksemd krev kommunen mva-kompensasjon. Motteken kompensasjon for betalt mva er finansiert av kommunen gjennom redusert statstilskot i inntektssystemet.

Pensjon

Pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er ført i balansen som høvesvis anleggsmidlar og langsiktig gjeld. Pensjonsforpliktinga består av den diskonterte verdien av dei samla framtidige pensjonsytningane som er opptent ved utgangen av året. Forpliktinga er rekna ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering. Årets pensjonskostnad er endring i forpliktinga frå byrjinga til slutten av året. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad utgjør premieavviket, og skal amortiserast (tilbakeførast) i driftsrekneskapskapen over dei neste 15 åra. Premieavvik oppstått i 2011 og seinare skal amortiserast over 10 år. Premieavvik oppstått i 2014 og seinare skal amortiserast over 7 år.

NOTE nr. 1: Endring i arbeidskapital

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-10, a)

BALANSEN	31.12.2020	01.01.2020	Endring
Omløpsmidler	25 093 909,47	9 901 330,78	15 192 578,69
Kortsiktig gjeld	12 588 450,88	4 290 132,14	8 298 318,74
Arbeidskapital	12 505 458,59	5 611 198,64	6 894 259,95

DRIFTS- OG INVESTERINGSREGNSKAPET (bevilgningsoversikter)	2020
Netto driftsresultat	-616 533,33
Netto utgifter/inntekter i investering	-3 970 793,28
Endring ubrukte lånemidler (økning +/reduksjon-)	3 540 000,00
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet	6 894 259,95
Differanse i endring arbeidskapital balanse og drift og investering	0,00

FORKLARING TIL DIFFERANSE I ENDRING ARBEIDSKAPITAL

Endring i regnskapsprinsipp som påvirker arbeidskapital, drift
 Endring i regnskapsprinsipp som påvirker arbeidskapital, investering
 Andre forklaringer
 Sum forklaringer

§ 5-10. Faste noteopplysninger om arbeidskapitalen**Endring av arbeidskapital basert på bevilgningsregnskapet**

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2020	Regnskap 2019
Driftsregnskapet:		
Inntekter driftsdel	-9 652	-10 209
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner driftsdel	-73	-170
Utgifter driftsdel	8 905	8 682
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner driftsdel	1 436	7 169
Netto driftsresultat	617	5 472
Investeringsregnskapet:		
Inntekter investeringsdel	-9 420	-7 469
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner investeringsdel	-28 500	-2 514
Utgifter investeringsdel	33 721	9 960
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner investeringsdel	228	23
Netto utgifter i investeringsregnskapet	-3 971	0
Sum anskaffelse/anvendelse av midler	-3 354	5 472
Endring i ubrukte lånemidler	3 540	749
Endring regnskapsprinsipp drift	0	0
Endring regnskapsprinsipp investering	0	0
Endring i arbeidskapital (bevilgningsregnskapet)	-6 894	4 723

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2020	Endring 2020	Regnskap 2019	Endring 2019
Endring av arbeidskapital basert på balanseregnskapet				
OMLØPSMIDLER				
Endring premieavvik	1 286	-354	1 640	120
Endring kortsiktige fordringer	7 479	1 696	5 784	3 078
Endring aksjer og andeler	0	0	0	0
Endring obligasjoner og sertifikater	0	0	0	0
Endring betalingsmidler	16 329	13 851	2 478	-8 187
Sum endring omløpsmidler	25 094	15 193	9 901	-4 989
KORTSIKTIG GJELD				
Endring premieavvik	-6	7	-14	8
Endring kortsiktig gjeld	-12 582	-8 306	-4 276	258
Sum endring kortsiktig gjeld	-12 588	-8 298	-4 290	266
Endring i arbeidskapital (balanseregnskapet)	12 505	6 894	5 611	-4 723

NOTE nr. 2: Kapitalkonto

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-10, b)

BALANSEN	31.12.2020	01.01.2020	Endring
Anleggsmidler	144 279 982,78	111 555 668,15	32 724 314,63
Langsiktig gjeld	75 817 321,86	43 296 390,86	32 520 931,00
Endring ubrukte lånemidler (økning +/-reduksjon-)	4 288 715,59	748 715,59	3 540 000,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker anleggsmidler			
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker langsiktig gjeld			
Netto endring	72 751 376,51	69 007 992,88	3 743 383,63

NOTE nr. 3: Varige driftsmidler

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-11, a)

Tekst	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år	Gruppe 9
Bokført verdi per 1.1	317 590	1 383 510	36 326 153	729 895	51 872 237	11 609 576
Tilgang	361 402	2 346 059	7 820 768	800 001	15 209 442	7 183 397
Avgang					78 103	
Avskrivninger	64 173	233 098	604 952	20 253	1 291 806	
Nedskrivninger						
Reverserte nedskrivninger						
Bokført verdi 31.12	614 819,00	3 496 471,00	43 541 968,00	1 509 643,00	65 711 770,00	18 792 973,00

NOTE nr. 4: Aksjer og andeler (finansielle anleggsmidler)

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-11, b)

Selskapets navn	Eierandel i %	Vesentlig endringer i eierandel	Vesentlig nedskrivning	Reversering nedskrivning	Bokført verdi 31.12
Eigenkapitaltilskot KLP					312 697

NOTE nr. 5: Lån

Budsjettt og regnskapsforskriften, § 5-12, a)

Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Løpetid	Rentefot	Refinanse ring*
Lån til egne investeringar frå Stord kommune	64 285 017	20 år	Stord kommune si gj.sn. rente	0

*Lån som forfell og må refinansierast i det år rekneskapen vert lagt fram.

NOTE nr. 6: Avdrag på lån

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-12, b)

Minimumsavdrag	Beløp
Beregnet minimumsavdrag etter kommuneloven §14-18, 1. ledd	713 819,89
Korrigerings for mottatte avdrag videreutlån til avdrag andre lån	
Betalte avdrag	713 830,00
Differanse mellom beregnet, korrigerede og betalte avdrag	-10,11

Avskrivninger	
Bokført verdi avskrivbare anleggsmidler 31.12	90 629 385,00
Bokført verdi lånegjeld 31.12.19	32 958 847
Avskrivninger	2 214 282,67

NOTE nr. 7: Pensjon

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-12, c)

Spesifikasjon av pensjonskostnad og årets premieavvik	Beløp
Årets pensjonsopptjening, nåverdi	341 092,00
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse	398 499,00
- Forventet avkastning på pensjonsmidlene	-405 003,00
Administrasjonskostnader	21 927,00
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.)	356 515,00
Årets pensjonspremie	369 453,00
Årets premieavvik	12 938,00
Amortiseringsperioder	
Premieavvik over 15 år	79 520,28
Premieavvik over 10 år	109 879,56
Premieavvik over 7 år	931 806,45

Premiefond	Beløp
Innestående på premiefond 01.01.	-764,00
Tilført premiefondet i løpet av året	52 899,00
Bruk av premiefondet i løpet av året	
Innestående på premiefond 31.12.	-37 751,00

Pensjonsmidler og pensjonsforpliktelser	Beløp	Arbeidsgiveravgift
Brutto påløpte pensjonsforpliktelser pr. 31.12.	11 379 977,00	
Pensjonsmidler pr. 31.12.	10 299 642,00	
Netto pensjonsforpliktelser pr. 31.12.	1 080 335,00	152 327,86

Estimatavvik og planendringer	Pensjonsmidler Beløp	Pensjonsforpliktelser Beløp
Estimatavvik 31.12.	1 326 774,00	1 658 318
Virkningen av planendringer		-385 322

Beregningsforutsetninger	KLP
Forventet avkastning pensjonsmidler	4,00 %
Diskonteringsrente	3,50 %
Forventet årlig lønnsvekst	2,48 %
Forventet årlig G	2,48 %
Forventa pensjonsregulering	1,71 %

NOTE nr. 8: Vesentlige bundne fond

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-13, a)

Bunde fond - formål	Bokført verdi 01.01.	Avsetning	Bruk	Bokført verdi 31.12.
Bundne driftsfond				
Selvkostfond				
Øremerket statstilskudd				
Næringsfond/Kraftfond				
Gavefond				
Osv.				
Sum	0,00	0,00	0,00	0,00
Bundne investeringsfond				
Øremerket statstilskudd (vedlikeholdstilskot korona)	0	348 341,68		348 341,68
Gavefond				
Osv.				
Sum	0,00	348 341,68	0,00	348 341,68

Årsak til at det ikke har vært brukt av fondet i regnskapsåret:

Prosjekta er starta opp i 2020, vert ferdigslitt i 2021

§ 5-13. Noter til balansen, fond

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2020	Regnskap 2019
DISPOSISJONSFOND		
Disposisjonsfond pr. 1.1	5 342	4 222
Avsatt til disposisjonsfond	0	1 121
Bruk av disposisjonsfond	-1 535	0
Disposisjonsfond pr. 31.12	3 808	5 342
UBUNDNE INVESTERINGSFOND		
Ubundne investeringsfond pr. 1.1	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	4 150	0
Bruk av ubundne investeringsfond	0	0
Ubundne investeringsfond pr.31.12	4 150	0
BUNDNE INVESTERINGSFOND		
Bundne investeringsfond pr. 1.1	0	0
Avsatt til bundne investeringsfond	348	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0
Bundne investeringsfond pr. 31.12	348	0
BUNDNE DRIFTSFOND		
Bundne driftsfond pr. 1.1	0	0
Avsatt til bundne driftsfond	0	0
Bruk av bundne driftsfond	0	0
Bundne driftsfond pr. 31.12	0	0

Til kommunestyret i Stord kommune

Melding frå uavhengig revisor

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stord hamn som viser eit netto negativt driftsresultat på kr 617 000.

Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er Stord hamn sin årsrekneskap gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til eininga per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av kommunen, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Rådmannen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunen sin årsrapport, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese den ytterlegare informasjonen, for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla,

Offices in:

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Oslo	Elverum	Mo i Rana	Stord
Alta	Finnsnes	Molde	Straume
Arendal	Hamar	Skien	Tromsø
Bergen	Haugesund	Sandefjord	Trondheim
Bodø	Knarvik	Sandnessjøen	Tynset
Drammen	Kristiansand	Stavanger	Ålesund

innanfor rimelege grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av rådmannen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.
- hentar vi inn tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis om den finansielle informasjonen til rekneskapseiningane som inngår i konsolidert årsrekneskap, for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følgje opp og gjennomføre revisjonen av den konsoliderte årsrekneskapen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og rådmannen, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Stord, 22. april 2021

KPMG AS



Willy Hauge
Statsautorisert revisor



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/132-77
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	21/21	19.05.2021

Årsrekneskap og årsberetning Stord kommune for 2020 - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2020.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i nummerert brev nr. 5 frå KPMG om sjølvkost i sjølvkostforskrifta ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 08.09.2021 for å gjera grei for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådinga.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsregnskap og årsberetning for 2020 for Stord kommune. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2020 for Stord kommune
- 2 Rekneskapsamandrag med notar og konsolidert rekneskap 2020 SK
- 3 Årsberetning 2020
- 4 Revisjonsberetning_Stord_2020
- 5 Etterlevingskontroll_revisoruttale
- 6 Brev_forenklet_etterlevelseskontroll_Stord_2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

1. Innleiing

Kontrollutvalet skal i møte 19.05.2021, handsame utvalet sin uttale til Stord kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2020, vedlegg 1.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vera til stades i møtet og presentera årsrekneskapen og svara på spørsmål.

2. Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsberetning, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne forutsetningar. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltning av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. m.a. kommunelova §§ 14-1 og 25-1 og 2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsberetninga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og ivaretek handleevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsberetninga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

3. Føremålet med kontrollutvalet sin uttale

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsberetning er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne forutsetningar. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

4. Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap frå rådmannen, vedlegg 2
- Rådmannen si årsberetning, vedlegg 2
- Revisjonsmelding, datert 22.04.2021, vedlegg 3
- Rapport etter etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, datert 30.04.2021, vedlegg 4 og 5
- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon
- Analysar og vurderingar av den økonomiske stillinga til kommunen
- Gjennomført påsjå-ansvar overfor revisor

I tillegg har ansvarleg revisor og rådmann supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

5. Vurdering av årsrekneskapen og årsberetning

Revisjonsmelding frå KPMG:

Kommunen sin revisor, KPMG, har lagt fram ei rein revisjonsmelding, vedlegg 3. Her er medteke at driftsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr. 65 021 000 i kommunekassen og eit netto driftsresultat i den konsoliderte rekneskapen på kr. 64 405 000. Revisor skriver m.a. dette i sin konklusjon:

Etter vår meining er:

- *kommunekassa sin årsrekneskap gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.*
- *den konsoliderte årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stord kommune som økonomisk eining per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.*

Attestasjonsuttalelse om etterlevelsesskontroll

I den nye kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelsesskontroll med økonomiforvaltningen står det dette:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

På bakgrunn av dette har KPMG levert «Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen», vedlegg 4.

Uttalen omhandlar kontroll av om Stord kommune sin praksis for berekning av samla sjølvkost for kommunale (og fylkeskommunale) gebyr (selvkostforskriften) på områdene vatn, avløp og renovasjon. Det går vidare m.a. fram at uttalen er basert på ei risiko- og vesentlegvurdering som er lagt fram for kontrollutvalet, noko som vart gjort i møte 04.03.2021.

Til slutt konkluderer KPMG m.a. slik:

«Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Stord kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene om selvkost i selvkostforskriften i henhold til våre revisjonskriterier ovenfor.»

«Detaljert gjennomgang viser at det for kostnadsfordelinger som i noen grad er basert på skjønn, så foreligger det ikke dokumentasjon som viser på hvilket grunnlag skjønnet er utøvd. I noen tilfeller er det heller ikke oppgitt kilde for data som tas inn i modellen. Bedre dokumentasjon av grunnlaget for skjønn og kilde for tallmateriale vil øke muligheten for å kontrollere slike poster i ettertid.»

Dette siste sende KPMG 30.04.2021 til Stord kommune i nummerert brev nr.5, vedlegg 5.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtaler dette.

Årsoppgjersbrev for rekneskapsåret 2020 frå KPMG

KPMG opplyser dette i e-post til sekretariatet 02.05.2021:

«Når det gjeld årsoppgjersbrev, så har vi i år ikkje funn som er av ein slik karakter at vi finn det nødvendig å formalisere dette i eit årsoppgjersbrev. Vi vil gje ei kort munnleg orientering under sakshandsaminga av rekneskapane i Kontrollutvalet.»


Vurdering av rekneskapen

Netto driftsresultat

Av rekneskapen for 2020 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 65 021 000, dvs. netto resultatgrad på + 4,01 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Stord kommune har mål om at netto driftsresultat skal vera på 1,75% i løpet av økonomiplanperioden. Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 2,5 % i 2020. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Stord kommune har netto resultatgrad vore slik de siste 5 åra: 2016 (+ 2,02 %), 2017 (+ 1,20 %), 2018 (+ 0,14 %), 2019 (+ 2,49 %) og i 2020 (+ 4,01 %), sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2020 er positivt, og noko høgare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåla svingingar i økonomien.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtaler dette.



Gjeld

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 - 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Stord kommune i 2020 har ei lånegjeld tilsvarande 127,5 % av sum driftsinntekter, altså godt over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande tal var 102,39 % i 2016, 109,92 % i 2017, 123,07 % i 2018 og 126,8 % i 2019. Som vi ser av desse tala har det vore

ein jamn auke i lånegjelda dei 5 siste åra.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. Etter det sekretariatet kan sjå av føreliggande informasjon har Stord kommune ikkje sett eigne måltal her, men statsforvaltaren i Nordland meiner dette bør vera på under 5%. Den var i 2020 på 7,40% medan den i 2019 var på 7,04 %. Vi ser med andre ord ein auka gjeldsbelastning.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtaler dette.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet i 2020 er på 5,40 % av driftsinntektene, altså over Riksrevisjonen si tilråding på minst 5 %. Stord kommune har mål om at disposisjonsfondet skal vera 2% av driftsinntektene i denne økonomiplanperioden.

Økonomiforvaltning og internkontroll

Vurderinga av økonomiforvaltninga og internkontroll i kommunen byggjer på rapportar frå reknskapsrevisor, forvaltningsrevisjon og informasjon frå kommunen.

- Det er ikkje avdekket vesentlege svakheiter med den økonomiske internkontrollen verken gjennom revisor sine rapporteringar gjennom året eller i deira orienteringar til kontrollutvalet.
- Revisor har stadfesta at budsjettavvik og avvik frå budsjettpremissane er tilfredsstillande forklart i årsmeldinga.
- Det er i 2020 ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon som var retta mot økonomiforvaltninga.

Stord kommune har på bakgrunn av dette eit positivt driftsresultat, som er høgare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i Norge. Disposisjonsfond er også positivt i 2020 medan lånegjelda er langt over tilrådinga frå Riksrevisjonen.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtaler dette.

Årsberetning ift. årsmelding.

Kontrollutvalet har motteke ei årsberetning på 6 sider frå Stord kommune, vedlegg 2. Dette er på ingen måte uttømmende for arbeidet. For meire informasjon vert det vist til Stord kommune si [årsmelding](https://pub.framsikt.net/2020/stord1/mr-202012-am2020/#/), som ligg på denne lenkja, <https://pub.framsikt.net/2020/stord1/mr-202012-am2020/#/>

Sekretariatet er ikkje heilt komfortabel med todelinga med ei enkel årsberetning til kontrollutvalet og ei anna og meir fylldig web-basert årsmelding som ligg på internett. Fortrinnsvis kunne det vore ei vurdering av det skillet innan tilsvarende sak i 2022. I kommunelova er det omgrepet årsberetning som blir brukt. Det optimale, etter sekretariatet sitt syn, hadde vore at det var eit dokument, og at dette var klart årleg innan 30. mars.

Sekretariatet merker seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsberetninga:

«Den kommunale drifta medverkar til det gode resultatet. Einingane utanom sjølvkostområda har eit samla positivt resultat på 10 mill. kr. Einingane er kompensert kostnadene med korona, men viser også god økonomistyring. I tillegg har ein fått hjelp av låge straumprisar og eit rimeleg lønsoppgjer. Låg reiseaktivitet og lite kursing har naturlegvis også gitt innsparingar på driftsbudsjettet. Stord hamnestell hadde eit meirforbruk på 0,6 mill. kr.

Rådmannen ser likevel kommuneøkonomien som utfordrande, mykje knytt til kommunen sitt gjeldsnivå. Stord kommunen har relativt høge utgifter til renter og avdrag. Investeringsbehovet er fortsatt stort og økonomiplanen viser at gjelda vil auka ytterlegare. Stord kommune har ei rimeleg kostnadseffektiv drift. Hovudutfordringa vil vera å oppretthalda nivået på tenesteytinga i kommunen samstundes som ein større del av inntektene vil gå med til renter og avdrag.»

Rådmannen har lagt fram ei oversiktleg og god årsberetning, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2020.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet omtalar dette i sin uttale.

Etter kommunelova § 14-7 skal årsberetninga innehalde:

«Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid*
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene*
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne*
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard*
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling*
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.»*

Vidare står det dette i kommunelova § 25-2:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»

Stord kommune har løyst dette ved å rapportere om internkontroll og om statlege tilsyn som ein del av den web-baserte årsberetninga.

Vurdering av årsberetninga

Sekretariatet har merka seg at dei fleste tilhøva i kommunelova §§ 14-7 og 25-2 er omtalt på ein god måte i årsberetninga for 2020. Sekretariatet registrerer likevel at omtale som gjeld § 14-7 a) om økonomisk utvikling og økonomisk handleevne er lite tilgjengeleg i årsberetninga. Det same gjeld § 14-7 b) om vesentlege budsjettavvik.

KPMG si vurdering av årsmeldinga

I tråd med kommunelova § 24-5 skal rekneskapsrevisjonen m.a. innehalde dette:

«Revisor skal vurdere om årsberetningen inneholder de opplysningene som lov og forskrift krever. Revisor skal vurdere om opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet. Revisor skal se etter om årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettet og om vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene.»

KPMG skriv m.a. dette i si revisjonsmelding om Stord kommune si årsberetning:

«Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.»

Sekretariatet har merka seg at KPMG ikkje bemerkar mulige manglar i årsberetninga når det gjeld § 14-7 a) om økonomisk utvikling og økonomisk handleevne og § 14-7 b) om vesentlege budsjettavvik.

I tråd med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 skal kontrollutvalet uttale seg til

kommunestyret om årsrekneskapane og årsmeldingane før formannskapet innstiller til vedtak.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale:

- Rekneskapsmessig mindreforbruk
- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Gjeldsbelastning
- Disposisjonsfond
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga
- Resultat av etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga
- Forhold omtalt i årsmeldinga, jf. kommunelova §§ 14-7 og 25-2

Konklusjon

Stord kommune har på bakgrunn av dette eit positivt driftsresultat, som er høgare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i Norge. Disposisjonsfond er også positivt i 2020 medan lånegjelda er langt over tilrådinga frå Riksrevisjonen.

På bakgrunn av det som kjem fram i nummerert brev nr. 5 frå KPMG om sjølvkost i sjølvkostforskrifta bør kontrollutvalet be om at rådmannen kjem i møte 06.09.2021 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådinga.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.



Til Stord kommune v/kommunestyret

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSBERETNING FOR 2020

Kontrollutvalet har 19.05.2021 handsama årsrekneskapen og årsberetninga for 2020 for Stord kommune som er avlagd av rådmann, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 22.04.21.

Kommunen har i 2020 eit netto driftsresultat på kr. 65 021 000 i kommunekassen og eit netto driftsresultat i den konsoliderte rekneskapen på kr. 64 405 000. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gjeve merknader til årsrekneskapen / årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår difor kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsberetninga for 2020 vert godkjend slik den ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjera kommunestyret merksam på følgjande tilhøve:

- **Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:**
 - Netto driftsresultat er på 4,01 % av driftsinntektene. Stord kommune har mål om at netto driftsresultat skal vera på 1,75% i løpet av økonomiplanperioden. Tilrådinga frå TBU er 1,75% og snittet i kommunar i Norge utanom Oslo er i 2020 på 2,5%
 - Gjeldsgraden er berekna til 127,5 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
 - Gjeldsbelastinga er berekna til 7,40% av driftsinntektene. Stord kommune har ikkje satt eige måltal her, men statsforvaltaren i Nordland meiner dette bør vera på under 5%
 - Disposisjonsfondet er berekna til 5,40% av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%. Stord kommune har mål om at disposisjonsfondet skal vera 2% av driftsinntektene i denne økonomiplanperioden.

Stord kommune har eit positivt driftsresultat, som er monaleg høgare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i Norge. Disposisjonsfondet er positivt i 2020 medan lånegjelda er langt over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Gjeldsgraden har auka frå 2019 til 2020 og er no på 7,40%.

- **KPMG har gjennomført etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga i Stord kommune og konkluderer der m.a. slik i nummerert brev nr. 5:**

«Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Stord kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene om selvkost i selvkostforskriften i henhold til våre revisjonskriterier ovenfor.»

«Detaljert gjennomgang viser at det for kostnadsfordelinger som i noen grad er basert på skjønn, så foreligger det ikke dokumentasjon som viser på hvilket grunnlag skjønnet er utøvd. I noen tilfeller er det heller ikke oppgitt kilde for data som tas inn i modellen. Bedre dokumentasjon av grunnlaget for skjønn og kilde for tallmateriale vil øke muligheten for å kontrollere slike poster i ettertid.»

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering/tilrådingar:

- Kontrollutvalet er uroa for at Stord kommune si lånegjeld har vore høg fleire år på rad og ligg langt over Riksrevisjonen si tilråding. Den er i 2020 på 127,5 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd at den ligg under 75 %. Tilsvarende tal i 2017 var på 109,92 %, 2018 på 123,07 % og 2019 på 126,8%.
- Det vert tilrådd at Stord kommune prioriterer å sette fokus på tilrådingane i nummerert brev nr. 5 frå KPMG etter resultat av etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga
- Dei fleste ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 14-7 c- f er omtalt i årsberetninga på ein tilfredsstillande måte, men omtale på desse to punkta er lite tilgjengeleg
 - § 14-7 a) om økonomisk utvikling og økonomisk handleevne
 - § 14-7 b) om vesentlege budsjettavvik
- Dei ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 25-2 er omtalt i årsberetninga på ein tilfredsstillande måte

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 22.04.2021 og nummerert brev nr. 5, datert 30.04.2021, har kontrollutvalet ikkje merknader til Stord kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2020.

Kopi:

Formannskapet

§ 5-4. Bevilgningsoversikter – drift

Regnskap

Tall i 1000 kroner

	Note	Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Generelle driftsinntekter					
Rammetilskudd		-543 068	-531 486	-503 747	-491 587
Inntekts- og formuesskatt		-543 385	-536 715	-555 196	-540 530
Eiendomsskatt		-52 129	-52 001	-51 040	-51 474
Andre generelle driftsinntekter		-31 873	-29 010	-33 010	-38 980
Sum generelle driftsinntekter		-1 170 454	-1 149 213	-1 142 993	-1 122 572
Netto driftsutgifter					
Sum bevilgninger drift, netto		1 007 909	1 027 153	1 023 967	1 044 546
Avskrivninger		88 678	-	-	82 656
Sum netto driftsutgifter		1 096 588	1 027 153	1 023 967	1 127 201
Brutto driftsresultat		-73 866	-122 060	-119 027	4 630
Finansinntekter/Finansutgifter					
Renteinntekter	1	-16 907	-14 332	-15 332	-19 255
Utbytter	1	-5 571	-5 450	-5 450	-6 236
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler		-	-	-	-
Renteutgifter	1	48 402	53 197	58 397	47 172
Avdrag på lån	1	71 601	66 667	70 467	61 246
Netto finansutgifter		97 524	100 082	108 082	82 927
Motpost avskrivninger		-88 678	-	-	-82 656
Netto driftsresultat	1	-65 021	-21 978	-10 945	4 901
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering		8 076	7 905	-	35
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond		18 279	-7 169	-9 595	1 653
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		75 278	56 629	26 300	12 745
Rekneskapsmessig mindreforbruk		-	-	-	36 613
Bruk av tidl.års reknesk.m.mindreforbruk og udisponert beløp		-36 613	-36 596	-6 396	-12 630
Fordelte utgifter/internsal		-	-	-	-43 316
Reserverte bevilgninger/avsetning		-	1 208	635	-
Dekning av tidligere års merforbruk		-	-	-	-
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat		65 021	21 978	10 945	-4 901
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk).		0	0	0	-0
Kontrollsum art 980 Regnskapsmessig merforbruk		-	-	-	-

**§ 5-4. Bevilgningsoversikt drift,
Regnskap til fordeling pr. ansvar**

Tall i 1000 kroner

		Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Fra bevilgningsoversikt:					
Ansvar	Til fordeling drift	1 011 892	1 026 333	1 023 012	1 045 114
1000	Skatt,rammetilskot,renter	-4 455	-6 146	-1 146	-5 385
1050	Kyrkjeleg fellesråd	9 559	9 537	9 097	8 482
1099	Politisk styring	5 075	5 341	4 530	4 930
1110	Rådmannen si leiargruppe	9 662	9 952	10 332	9 681
1120	Fellestenester	7 817	7 670	7 760	8 527
1130	Økonomi og rekneskap	7 429	7 895	8 638	8 984
1140	Løn og personal	5 994	6 039	6 327	6 769
1141	Personalføremål - felles	1 625	3 725	-25 990	-22 846
1142	Læringsordning	7 398	8 723	7 529	6 933
1150	Utviklingsgruppa	1 166	1 109	1 130	1 123
1151	Fagavdeling oppvekst	149 627	149 365	148 912	142 776
1152	Fagavdeling rehabilitering, helse og omsorg	2 729	5 497	3 642	2 737
1153	Fagkontor plan	2 483	3 306	2 977	2 354
1170	IKT - IT/Telefoni	7 874	7 988	8 063	11 121
2100	Skuleløyving haust	-4 370	1 495	113 445	-14 478
2101	Vikarpool OOU	0	0	-	3 157
2103	Hystad skule	23 638	23 954	12 920	23 418
2104	Langeland skule	34 957	34 727	18 448	34 323
2105	Leirvik skule	31 608	31 662	17 410	33 071
2106	Lillabø skule	12 669	12 575	7 450	12 986
2107	Rommetveit skule	22 791	23 189	12 956	22 992
2108	Sagvåg skule	15 829	15 893	8 501	16 874
2109	Tjødnalio skule	19 975	20 233	11 373	20 897
2120	Stord ungdomsskule	29 499	29 711	16 540	32 081
2121	Nysæter ungdomsskule	16 819	17 476	9 985	16 554
2122	Nordbygdo ungdomsskule	20 764	20 671	12 524	22 296
2123	Eining for vaksenopplæring	9 212	9 387	9 748	8 742
2200	Barnehage felles	-	-	966	-
2201	Furuly barnehage	6 416	6 434	6 332	6 322
2202	Sagvåg barnehage, avd. Nysæter	4 230	3 060	2 912	4 898
2203	Skogatuffo barnehage	8 517	8 584	8 044	8 076
2205	Trodlaugan barnehage	7 212	7 326	6 644	6 625
2208	Sagvåg barnehage, avd. Tjødnalio	7 550	7 192	7 020	7 424
2300	RHO felles	-41 954	-44 299	-44 299	-
2301	Stord sjukeheim	85 927	84 949	86 578	119 509
2302	Knutsåsen omsorgssenter (fom 2020)	41 114	39 238	40 636	-
2303	Aktivitet/rehabilitering	12 084	13 372	14 081	26 939
2320	Eining for Habilitering	110 081	112 397	116 885	106 610
2340	Heimebaserte tenester	73 480	72 801	73 765	77 012
2341	Bilar heimebaserte tenester	1 676	1 890	1 884	1 820
2342	Vikarpool RHO	-	-	0	4 550
2343	Velferdsteknologi og tryggleiksalarm	203	45	45	26
2410	Legeteneste	19 678	18 533	16 834	13 490
2411	Sunnhordland Interkommunale Legevakt	17 578	17 571	17 462	16 507
2510	Eining for psykisk helse og rus	40 002	39 411	40 373	45 808
2511	Førebyggjande tenester	32 535	33 989	35 189	30 381
2515	NAV kommune	36 747	42 147	43 051	45 521
2520	Sunnhordland Interkommunale Barnevern (SIB)	40 599	42 244	43 272	55 744
2660	Tildelingskontoret	35 381	33 462	33 436	37 356
3099	RHO-komite - Tilleggs/nye løyvingar	-	-	-	-42 837
3110	Eining for kultur	14 871	16 553	13 453	16 013
3120	Bibliotek inkl.filialer	3 437	3 472	4 242	4 298
3140	Stord kulturskule	6 103	5 818	7 729	7 812
3210	RBO - regulering/byggesak/oppmåling	2 825	2 840	3 347	4 927
3220	Stord kommunalteknikk	-59 227	-57 536	-56 332	-44 225
3230	Stord kommunale eigedom	32 373	32 347	33 263	40 329
3240	Stord Brann og redning	10 167	10 946	11 566	11 142

Ansvar	Til fordeling drift	1 011 892	1 026 333	1 023 012	1 045 114
3250	Veg, trafikk og parkering	9 793	9 687	9 994	10 233
4120	Landbruk	1 667	1 865	1 865	1 816
4150	Næring	-895	-763	1 541	1 796
8130	Innkjøpskontor interkommunalt	-267	-28	-41	-216
8350	Stord kommunale Kino	635	630	-870	-260
Netto for alle ansvar		1 007 909	1 027 153	1 023 967	1 044 546

§5-5 bevilgningsoversikter - investering

Regnskap

Tall i 1000 kroner

	Note	Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig Budsjett 2020	Regnskap 2019
Investeringsutgifter					
Investeringer i varige driftsmidler		332 082	726 031	410 058	269 357
Tilskudd til andres investeringer		2 680	6 301	1 500	4 184
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper		3 645	3 406	3 400	4 161
Utlån av egne midler		32 040	44 582	27 364	59 390
Avdrag på lån		-	-	-	21 284
Sum investeringsutgifter		370 447	780 319	442 322	358 376
Investeringsinntekter					
Kompensasjon for merverdiavgift	1	-37 590	-99 133	-41 646	-30 237
Tilskudd fra andre	1	-107 302	-19 059	-15 741	-41 050
Salg av varige driftsmidler	1	-2 277	-12	-	-2 016
Salg av finansielle anleggsmidler		-2 400	-	-	-2 049
Utdeling fra selskaper		-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån av egne midler		-3 682	-290	-290	-23 134
Bruk av lån		-216 538	-653 857	-384 935	-242 056
Sum investeringsinntekter		-369 788	-772 350	-442 612	-340 542
Videreutlån					
Videreutlån		69 756	76 343	60 000	-
Bruk av lån til videreutlån		-69 756	-76 343	-60 000	-
Avdrag på lån til videreutlån		23 360	15 000	15 000	-
Mottatte avdrag på videreutlån		-21 590	-15 000	-15 000	-
Netto utgifter videreutlån		1 771	-	-	-
Overføring fra drift og netto avsetninger					
Overføring fra drift		-8 076	-8 024	-	-35
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond		3 022	-	-	4 172
Netto avsetninger til eller bruk av ubundne investeringsfond		2 625	55	290	-21 971
Dekning av tidligere års udekket beløp		-	-	-	-
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	1	-2 429	-7 969	290	-17 833
Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)		-0	-0	-	0
Kontrollsum art 980 Regnskapsmessig merforbruk					
		-	-	-	-
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)					
Inntekter til fordeling		-	-	-	-
Utgifter til fordeling		370 070	780 319	442 322	337 092
Sum til fordeling (netto)		370 070	780 319	442 322	337 092

§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering

Regnskap til fordeling pr. prosjekt

Tall i 1000 kroner

		Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
	Fra bevilgningsoversikt:				
	Netto investeringer til fordeling:	370 447	780 319	442 322	337 092
Prosjekt	Fordeling på prosjekt				
1000	Finansiering investering	32 040	44 882	27 664	10 813
1001	Justeringsavtale 2020, Solbakken AS	2 490	-	-	-
1122	Forstudie nytt basseng	-	300	-	-
1124	Reguleringsplan næringsområde Grunnavågen	-	300	200	-
1125	Forstudie underjordisk parkeringsanlegg	-	954	-	56
1126	Forstudie bilordning	-	191	-	134
1127	Arkiv sortering, registrering og deponering	996	1 000	1 000	-
1128	ROS analyse, revisjon	-	400	400	-
1129	Forprosjekt ombygging kulturhuset	-	200	200	-
1130	Kommunale utgifter handtering Corona-virus	1 282	1 282	-	-
1133	Byromstrategi	152	250	-	-
1240	Nysæter Ungdomsskule	56 935	141 669	94 000	4 620
1272	Nye lærebøker	-	4 600	4 600	-
1304	Nye institusjonsplassar	4 988	19 500	-	50 982
1305	Sæbø gard, ny løe	259	2 581	1 800	471
1340	Kjøtt bærerom	-	125	-	-
1507	Rehab. kunstgrasdekke Nysæter	-	-	-	888
1509	Prestagardsskogen omlegging frå gras til kunstgras	1 279	1 600	-	7 671
1510	Sæbø gard, friluftsområde	-	-	-	533
1526	Ballplassar nærmiljø	155	929	500	-
1550	Internasjonal merking turstiar	-	-	-	89
1562	Park/friluftsområde	23	500	500	129
1570	Utstyr kyrkjeleg fellesråd	-	440	200	-
1571	Rehabilitering kyrkjene	805	5 326	1 000	-
1574	Stord kyrkjegard	-	-	-	51
1585	Rehabilitering rackethallen	-	695	-	58
1586	Regulering prosesjonsveg Stord kyrkje	190	206	-	222
1588	Sætravik friluftsområde	-	-	-	6
1589	Dagkasenering	-	438	-	62
1590	Dagsturhytta Stord kommune	3	-	-	-
1700	Veganlegg/utbetring	1 236	4 127	2 000	2 677
1703	Fastsamband Huglo, planprogram	-	170	-	-
1705	Ny veg til Grunnavågen	15 042	24 071	-	1 278
1711	Ladepunkt for el-bilar	6	315	140	-
1712	Veglys	1 260	2 500	2 500	2 114
1713	Landåsen, skifte av 61 lysmaster	-	-	-	92
1715	Diverse Trafikksikring	759	2 455	1 500	592
1719	Asfaltering kommunale vegar	4 520	7 696	6 000	5 889
1737	Intensivbelysning opph. gangfelt Klängenbergvegen	-	-	-	279
1738	Vegutviding Vatnadalsvegen (v/ Vatnavikjo)	128	-	-	631
1750	Fortau Langelandsvegen	259	192	-	6 391
1785	Rossikring Hamrane	120	2 920	-	22
1786	Reguleringsplan Hornelandsvegen	42	-	-	345
1787	Reguleringsplan Skotaberg/ Sponavik	1 354	-	-	541
1788	Vegutviding veg ved Fjellstova	-	-	-	159
1789	Rullering av trafikksikringsplan S.K.	5	390	-	10
1991	Inventar og utstyr PUT	2 872	5 914	4 000	5 218
1993	Utlån kraftsalsfond	1 652	-	-	-
1994	Utstyr/maskiner OOU	1 259	1 837	1 500	2 721
1996	Utstyr/maskiner RHO	1 900	3 606	1 477	475
1997	Starllån	37	-	-	53 319
1999	Utstyr/maskiner lån/fond	3 455	3 641	3 400	3 331
2252	Vår digitale framtid	5 049	3 465	1 500	4 831
2336	Elbilar/ transportbilar RHO	1 424	5 789	2 000	302
2347	Velferdsteknologi	-	4 950	1 900	-

	Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019	
Fra bevilgningsoversikt:					
Netto investeringer til fordeling:	370 447	780 319	442 322	337 092	
Prosjekt	Fordeling på prosjekt				
2349	Kvalitetsutvikling RHO	29	626	200	59
2376	Dagaktivitetsfillobod Hamna og Maris	-	123	-	27
2377	Ferdigstilling digitalisering arkiv pleie og omsorg	-	-	-	101
2378	Planleggingsmidlar - Utvikling av allmennegetenesta i Stord kommune	32	201	-	49
2379	Vurdere omlegging av matproduksjon til institusjon	-	100	-	-
2650	Investering utstyr brann	172	752	500	418
2658	Utskifting/fornyng høgdeberedskapsbil (stigebil)	1 484	9 000	9 000	-
2662	eByggesak	-	300	-	-
2674	Geodataplan for Hordaland (nykartlegging/flyfotografering)	-	250	250	-
3130	Agresso økonomistyringsystem	722	700	700	694
3132	Oppgradering UNIT4 M7 (Agresso) og Cremul	145	125	-	747
3140	IKT infrastruktur	2 700	2 664	1 750	1 809
3177	Mobil Profil	48	-	-	-
4011	Stord ungdomsskule	-	1 750	-	427
4015	Rehabilitering uteareal skular og barnehagar	1 255	1 200	-	-
4016	Uteareal Langeland skule, masseutskifting	335	11 895	-	154
4017	Langeland skule - lærararbeidsplassar	252	1 000	1 000	-
4018	Langeland skule ny gymsal	32	22 300	22 300	-
4019	Uteareal Rommelveit skule	-	1 000	1 000	-
4020	Leirvik skule ombygging lærararb.plassar/nye klasserom modular	57	1 000	-	-
4203	Vognskur og miljøstasjonar	354	1 438	500	478
4205	Ny barnehage Tjødnaio	106	974	-	29
4206	Rehabilitering Stord sjukeheim	25 145	19 435	15 000	478
4314	Knutsaåsen omsorgssenter - utvendig renovering	-	400	-	65
4315	Dagplassar funksjonshemma - Sæbø gard	10	5 881	-	2 196
4316	Snøggghjelp	-	-	-	253
4364	Renovering uteareal Knutsaåsen omsorgssenter	763	974	-	24
4365	Tiltakspakke 2020 SE investering	3 601	7 505	-	-
4367	Tiltakspakke 2020 VTP	45	1 250	-	-
4502	Brann, innemiljø, enøk kommunale bygg	2 470	8 089	4 000	4 291
4509	Rådhuset ombygging 2017-2021	7 772	10 813	-	338
4511	Nærmiljøanlegg aktivitetsområdet i Borggarden	57	728	-	22
4512	Breibandsutbygging	-	1 818	1 818	-
4658	Fotballbane ved Hystad skule	-	300	300	-
4666	Vikahaugane rehabilitering	1 221	3 270	500	597
4686	Kulturhuset rehabilitering	-	100	100	1 732
4687	Nordbygda ungd.sk. - lys friidrett/aktivitetsbana	740	500	-	-
4688	Ventilasjon Knutsaåsen omsorgssenter	58	2 488	-	758
4689	Kulturhuset - undervisningsrom Kulturskulen	-	332	-	160
4757	Utleigeboliger	1 853	1 635	1 500	2 511
4759	Utleigebustader til flyktningar	-	717	-	-
4760	Bufelleskap for funksjonshemma Haga	3 898	4 546	-	21 683
4761	Omsorgsbustader Bandadalsplassen	46 176	63 927	11 000	20 746
4762	Omsorgsbustader Furulyvegen	4	4	-	9 644
4763	Avlastningsbustad Sævarhagen	1 927	49 962	4 000	674
4764	Utleigebustadar for vanskeligstilte (inkl. Kleivane)	1 131	24 889	20 000	109
4765	Personalbase Studalen (Tunet borettslag)	572	4 312	2 000	185
4853	Stord kommunale eigedom utstyr	416	800	800	1 384
4854	Kjøp/sal av eigedom	1 596	-	-	1 865
4855	Grunnkjøp	-	3 881	1 000	-
4861	Forsikringsaker	-	742	-	-
4863	Skog - prosjekt	-	159	-	-
8011	Innkjøp/rammeavt. rådgj., byggeleiing og entrepenør 2016	69	-	-	353

Tall i 1000 kroner

		Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Fra bevilgningsoversikt:					
Netto investeringer til fordeling:		370 447	780 319	442 322	337 092
Prosjekt	Fordeling på prosjekt				
8015	Tysevegen/Rusti omlegging av vassleidning, utskifting av kummar, fornying VA-nett				
		1 156	-	-	339
8017	Rammeavt. byggjeteiing og SHA-koordinering VVA 2021	4	-	-	-
8018	Rammeavt. prosjekteringsstenester VVA 2021	4	-	-	-
9071	Prosjektering vassnett 2014 - Mindre prosjekt	768	1 500	1 500	994
9072	Prosjektering avløp 2014 - Mindre prosjekt	850	1 600	1 500	857
9083	Skifte av vasskummar	1 660	2 000	2 000	1 315
9085	Vassleidning Grunnvågen 2014	13 640	5 450	2 500	3 050
9103	Prosjektering av VA-anlegg i Skrivarvegen	-	-	-	868
9113	VA Byrkjelandsløkjen til Skjersholmane	-	-	-	701
9120	Tankar vasshamsamingsstasjon	828	-	-	2 734
9121	Utbetring Vaulane	1 168	-	-	152
9125	HVL Valvatna til Nedre Litlabø	-	-	-	10 306
9126	Ny Hamnegata pumpestasjon	1 492	7 700	7 700	919
9130	VA-sanering Snikkarsvingen	-	-	-	378
9132	VA-sanering Borggata Nord	2 073	5 090	5 090	1 292
9133	E39-Litlabøkrysset omlegging VA	96	1 962	-	470
9134	Byrkjelandsløkjen/Hornelandsvågen AP,VM	-	-	-	98
9141	Heiane pumpestasjon m/ VA-anlegg, sanering/ utbetring	2 978	2 053	720	202
9146	Rindane VA rehabilitering	289	7 765	6 750	635
9152	Vestlivegen VA	-	-	-	185
9153	Teinevikjo VA	-	-	-	142
9154	Tysevegen VA	-	855	-	-
9156	Vassledning til Tveit	-	-	-	59
9159	VA Aslaksbrekko/ Storhaugvegen	-	-	-	1 386
9160	Resipientgransking Stord kommune	-	140	-	360
9161	VA-arbeid Fv61 Rommetveitvegen	36	-	-	8 476
9162	Langelandsstølen VA	-	-	-	628
9163	Langelandsvegen VA	1 730	-	-	14 476
9165	Kårevik avløpsledning (Sveneset)	57	1 230	-	-0
9166	Langelandsåsen VA, rehabilitering	1 204	-	-	9 874
9167	Ådlandslio overvassanlegg (samarb.)	-	-	-	341
9168	Sponavikdalen VA	12 590	18 430	18 430	1 848
9170	Eldøy VA anlegg	836	6 917	2 500	83
9171	Hornelandsvegen VA anlegg	-	15 000	13 500	-
9172	Sagvåg pumpestasjon utskifting	4 969	3 220	3 220	508
9173	Hovudvassledning Lønning-Vabakkjen	-	9 500	9 500	-
9175	Haga/ Sævarhagen VA	135	457	-	1 243
9177	Eldøy pumpestasjon utskifting	-	4 000	4 000	57
9178	Sagvåg sentrum VA	642	4 913	4 913	64
9179	X Kårevik/ Horneland VA	-	-	-	6 147
9180	Ravatnet-Vatna HVL	2 139	11 224	10 000	776
9181	Ny Grunnvågsveg VL	-	6 300	6 300	-
9182	Holevegen VA	329	11 149	11 100	502
9183	Eikevegen/ Rusti VA	48	13 709	13 000	291
9185	Djupavik RA - forstudie/forprosjekt	1 603	5 500	5 500	681
9187	Grunnvågen SA	1 272	18 500	18 500	726
9188	Samarbeidsprosjekt VA	-	17 400	17 400	-
9189	Sævarhagen SA	71	3 500	3 500	205
9191	Damvedlikehald	745	2 000	2 000	314
9192	Lundeleidninga VL	-	-	-	7 278
9193	Vassverk oppgradering	-	1 000	1 000	-
9198	HVL Nedre Litlabø til Stuva	27 589	7 000	7 000	1 442

Tall i 1000 kroner

		Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Fra bevilgningsoversikt:					
Netto investeringer til fordeling:					
		370 447	780 319	442 322	337 092
Prosjekt	Fordeling på prosjekt				
9200	Omlagging vassleidning/ ny kum v/ Tysevegen 63	-	-	-	592
9201	Båndadalen oms.bustader VA-anlegg	2 989	-	-	4 456
9202	Utbetring vassleidning i Førlandskrysset	11	-	-	1 792
9203	Sætravikvegen kumskifving (ved gnr/bnr 53/44)	-	-	-	396
9206	Nysæter høgdebasseng - oppgradert uteareal/ veg	-	-	-	206
9207	Nattrotekaien VA	1 298	-	-	743
9209	Lyngneset pumpestasjon, utskifving	2 593	-	-	323
9210	Revisjon av kommunedelplanar VA	296	-	-	455
9211	Grunnateigen AP utskifving	3 632	4 000	4 000	652
9212	Sveinslio VA del 2	1 488	-	-	183
9213	Presthaugshavet-Lundsåsen VL utskifving	8 862	-	-	-
9214	Eldøyløkjen VA	6 803	-	-	830
9215	Håvåsen VA, forprosjekt	669	-	-	-
9216	Nye kompressorar vassverket	172	-	-	-
9217	Oppgradering av VA driftskontroll	1 719	-	-	-
9218	Luren VA	2 350	-	-	-
9219	Provisoriske vassleidningar	795	-	-	-
9220	Falteinsvik VA-anlegg	516	-	-	-
9221	Rehabilitering Vaskeriplanet AP	463	-	-	-
9235	Rehabilitering Båtsvikjo AP	357	-	-	-
9236	Mosahaugen VA - anlegg	384	-	-	-
9237	Grønnavikjo - Vatnadalen HVL	52	-	-	-
9238	Rehab. HVL Lundsåsen - Lunde VM	151	-	-	-
9240	Utskifving teknisk anlegg Sandvikjo AP	623	-	-	-
Sum fordelt alle prosjekt		370 447	780 319	442 322	337 092

§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift
Regnskap

Tall i 1000 kroner	Note	Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Driftsinntekter					
Rammeilskudd		-543 068	-531 486	-503 747	-491 587
Inntekts- og formuesskatt		-543 385	-536 715	-555 196	-540 530
Eiendomsskatt		-52 129	-52 001	-51 040	-51 474
Andre skatteinntekter		-	-	-	-
Andre overføringer og tilskudd fra staten		-31 873	-29 010	-33 010	-38 980
Overføringer og tilskudd fra andre		-232 552	-198 124	-183 463	-220 320
Brukerbetalinger		-33 551	-35 923	-38 365	-36 752
Salgs- og leieinntekter		-184 658	-189 680	-191 351	-167 063
Sum driftsinntekter	1	-1 621 215	-1 572 940	-1 556 171	-1 546 707
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter		807 346	806 016	803 978	795 364
Sosiale utgifter		193 077	197 725	201 474	207 542
Kjøp av varer og tjenester		397 483	386 304	376 846	402 086
Overføringer og tilskudd til andre		60 764	60 835	54 846	63 688
Avskrivninger		88 678	-	-	82 656
Sum driftsutgifter		1 547 349	1 450 880	1 437 145	1 551 336
Brutto driftsresultat		-73 866	-122 060	-119 027	4 630
Finansinntekter/Finansutgifter					
Renteinntekter		-16 907	-14 332	-15 332	-19 255
Utbytter		-5 571	-5 450	-5 450	-6 236
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler		-	-	-	-
Renteutgifter		48 402	53 197	58 397	47 172
Avdrag på lån		71 601	66 667	70 467	61 246
Netto finansutgifter		97 524	100 082	108 082	82 927
Motpost avskrivninger		-88 678	-	-	-82 656
Netto driftsresultat	1	-65 021	-21 978	-10 945	4 901
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:					
Overføring til investering		8 076	7 905	-	35
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond		18 279	-7 169	-9 595	1 653
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		75 278	56 629	26 300	12 745
Rekneskapsmessig mindreforbruk		-	-	-	36 613
Bruk av tidl.års reknesk.m.mindreforbruk og udisponert beløp		-36 613	-36 596	-6 396	-12 630
Fordelte utgifter/internsal		-	-	-	-43 316
Reserverte bevilgninger/avsetning		-	1 208	635	-
Dekning av tidligere års merforbruk		-	-	-	-
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	1	65 021	21 978	10 945	-4 901
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)		-	0	0	0
Kontrollsum art 980 Regnskapsmessig merforbruk		-	-	-	-

Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner
Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-9

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Netto driftsresultat	-65 021	-21 978	-10 945	4 901
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:				
Overføring til investering	8 076	7 905	-	35
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	18 279	-7 169	-9 595	1 653
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	75 278	56 629	26 300	12 745
Rekneskapsmessig mindreforbruk				36 613
Bruk av tidl.års reknesk.m.mindreforbruk og udisponert beløp	-36 613	-36 596	-6 396	-12 630
Fordelte utgifter/internsal				-43 316
Reserverte bevilgninger/avsetning		1 208	635	
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	65 021	21 978	10 945	-4 901

BALANSE

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
EIGENDELAR			
A. Anleggsmidler			
Faste eiendommer og anlegg	3	2 529 430	2 299 691
Utstyr, maskiner og transportmiddel	3	230 071	221 145
Aksjar og lutar	4	68 128	66 883
Utlån	5	357 191	280 523
Pensjonsmidlar	10	1 670 511	1 572 642
Sum anleggsmidler	2	4 855 332	4 440 883
B. Omløpsmidlar			
Kasse, postgiro, bankinnskot		259 452	80 698
Aksjar og lutar	6	39 033	29 213
Obligasjonar	6	79 549	81 507
Kundefordringar		62 998	50 883
Andre kortsiktige fordringar		90 594	87 425
Premieavvik	1	91 251	96 755
Sum omløpsmidlar	1	622 878	426 481
Sum eigendelar		5 478 210	4 867 364
EIGENKAPITAL OG GJELD			
C. Eigenkapital			
Disposisjonsfond	12	-87 512	-12 233
Bundne driftsfond	12	-53 436	-35 157
Mindreforbruk i driftsregnskapet			-36 613
Ubundne investeringsfond	12	-111 286	-108 661
Bundne investeringsfond	12	-8 142	-5 120
Kapitalkonto	2	-704 150	-395 130
Endring i rekneskapsprins.som påverkar AK (drift)		9 817	9 817
Sum eigenkapital		-954 709	-583 097
D. Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	8	-1 678 151	-1 585 696
Obligasjonslån	8	-260 600	-449 300
Sertifikkatlån	8	-595 000	-200 000
Pensjonsforpliktelse	10	-1 726 327	-1 812 231
Sum langsiktig gjeld	2	-4 260 078	-4 047 227
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	1	-84 173	-59 350
Anna kortsiktig gjeld	1	-175 313	-172 453
Derivater			
Premieavvik	1	-3 938	-5 237
Sum kortsiktig gjeld	1	-263 423	-237 041
Sum eigenkapital og gjeld		-5 478 210	-4 867 364
Memoriakonti			
Ubrukte lånemidler	1,2	108 765	1 343
Andre memoriakonti		13 630	16 393
Motkonto for memoriakontiane		-122 395	-17 736
Sum memoriakonti		-	-

Stord, 31. desember 2020

22. februar 2021

Magnus Mjør
rådmann

Hege Esterhild
økonomsjef

Rekneskapan er utarbeida i samsvar med føresegna i kommunelova, forskrifter og god kommunal rekneskapskikk.

Rekneskapsprinsipp

All tilgang og bruk av midlar i løpet av året som gjeld kommunen si verksemd går fram av driftsrekneskapan eller investeringsrekneskapan. Rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar berre i balanserekneskapan vert ikkje gjort.

Alle utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar er rekneskapsført brutto. Dette gjeld også interne finansieringstransaksjoner. Alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året er tatt med i årsrekneskapan, enten dei er betalt eller ikkje. For lån er berre den delen av lånet som faktisk er brukt i løpet av året ført i investeringsrekneskapan. Den delen av lånet som ikkje er brukt, er registrert som memoriapost. I den grad enkelte utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsettast eksakt ved tidspunktet for rekneskapsavlegginga, er det registrert eit estimert beløp i årsrekneskapan.

Klassifisering av anleggsmidlar og omløpsmidlar

I balanserekneskapan er anleggsmidlar eigendelar bestemt til varig eige eller bruk for kommunen. Andre eigendelar er omløpsmidlar. Fordringar knytt til eigen vare- og tenesteproduksjon, samt marknadsbaserte verdipapir som inngår i ein handelsportefølje er omløpsmidlar. Andre marknadsbaserte verdipapir er klassifisert som omløpsmidlar med mindre kommunen har gjort investeringa ut frå næringspolitiske eller samfunnsmessige omsyn. I slike tilfelle er verdipapira klassifisert som anleggsmidlar.

Andre fordringar er omløpsmidlar dersom desse forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet. Elles er dei klassifisert som anleggsmidlar.

Kommunen følgjer KRS (F) nr 4 Avgrensningen mellom driftsregnskapet og investeringsregnskapet. Standarden har særleg betydning for skiljet mellom vedlikehald og påkosting i høve til anleggsmidlar. Utgifter som kjem av at ein opprettheld anleggsmiddelet sitt kvalitetsnivå vert utgiftsført i driftsrekneskapan. Utgifter som representerer ein standardheving av anleggsmiddelet utover standarden ved anskaffinga vert utgiftsført i investeringsrekneskapan og aktivert på anleggsmiddelet i balansen.

Klassifisering av gjeld

Langsiktig gjeld er knytt til formåla i kommunelova § 14, 14-17. All anna gjeld er kortsiktig gjeld. Neste års avdrag på utlån er inkludert i anleggsmidlar og neste års avdrag på lån er inkludert i langsiktig gjeld.

Vurderingsreglar

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi. Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar er vurdert til verkeleg verdi.

Uteståande fordringar er vurdert til pålydande med frådrag for forventa tap. Fordringar som er sikra med legalpant er det ikkje tapsavsett for.

Anleggsmidlar er vurdert til skaffekost. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivningane startar året etter at anleggsmidlet er skaffa/tatt i bruk av verksemda. Avskrivingsperiodane er i tråd med § 3-4 i Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.

Anleggsmidlar som har hatt verdifall som er forventa å ikkje vere forbigåande er nedskrive til verkeleg verdi i balansen.

Vurderingane for eigendelar gjeld tilsvarende for kortsiktig og langsiktig gjeld. Opptakskost utgjer gjeldsposten sin pålydande i norske kroner på det tidspunkt som gjelda oppstår. Låneomkostningar (gebyr, provisjonar mv.), samt over- og underkurs er finansutgifter og inntekter. Over- og underkurs vert periodisert over lånet si løpetid som kortsiktig fordring/gjeld etter same prinsipp som gjeld for obligasjonar som vert halde til forfall.

Sjølvkostberekningar

Innanfor dei rammer der sjølvkost er satt som den rettslege ramma for kva kommunen kan krevje av brukarbetalingar bereknar kommunen sjølvkost etter Forskrift om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer (selvkostforskriften). For dei tenestene der kommunen sjølv har valt å krevje brukarbetalingar etter sjølvkostprinsippet følgjer ein dei same retningslinene.

Mva-plikt og mva-kompensasjon

Kommunen følgjer reglene i mva-lova for dei tenesteområda som er omfatta av lova. For anna kommunal verksemd krev kommunen mva-kompensasjon.

Pensjon

Stord brann og redning gjennomførte branntilsyn den 06.12.2019 i ovannemnde objekt. Tilsynet vart gjort etter Lov av 14. juni 2002 nr. 20 (brann- og eksplosjonsvern lova) § 13 andre ledd og Forskrift om brannforebygging av 01.01.2016.

Tryggleiksnivået i objektet er vurdert i høve til krava i Forskrift om brannforebygging og HMS-lovgivinga.

Til stades ved tilsynet:

Brannvern leiar/for verksemda/for brukar:	Britt Kristin Ladehaug, Borghild Gullberg Bakka
Verneombod:	Anette Landa Helland
For brannvesenet:	Ragnhild Vad

Innleiing

Føremålet med tilsynet var å vurdere om eigar/verksemd/brukar ved objektet arbeider systematisk med branntryggleiken. Frå brannvesenet vart det lagt vekt på å gjere ei heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke at brann bryt ut, og konsekvensar av brann. Eit slikt tilsyn er ikkje ein tilstandsrapport for objektet.

Tilsynet omfattar mellom anna gransking av:

- at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann
- at brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for rednings- og sløkkjeinnsats
- at internkontrollen i verksemda er føremålstenleg for å nå mål på tryggleiksområdet
- at spesifiserte aktivitetar vert etterlevd slik som forklart

Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av tidlegare tilsynsrapportar, internkontrollrutinar, brannteknisk dokumentasjon og teikningar. Deretter vart det gjort ein stikkprøvekontroll på objektet, og intervju for å verifisere at krav er oppfylt.

Oppfølging etter siste gangs tilsyn

Førre branntilsyn vart halde: 22.09.2017

Stord brann og redning
Postboks 304
5402 Stord

Vabakkjen 2
post@stord.kommune.no
Org.nr 939 866 914

Telefon: 53496846/53496845
brann@stord.kommune.no

Generelt

Objektet er bygd, og nytta som skulebygg i risikoklasse 3.

Definisjonar:

AVVIK:

Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiks lovgiving.

MERKNAD:

Forhold som tilsynsmyndigheitene meiner det er riktig og påpeike for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

KOMMENTARAR:

Utfyllande forklaring av avvik/funn som framstiller dei faktiske forhold ved objektet.

Avvik

Følgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

Avvik 1

Eigar har ikkje gjennomført risikoanalyse

Avvik fra:

§9 Eigarens systematiske tryggleiksarbeid i Forskrift om brannforebygging

Kommentarer:

Eigar og brukar må gå saman for å utføra ein risikovurdering på området branntryggleik.

Avvik 2

Verksemda har manglande eller ufullstendig systematisk gjennomgang av eigen branntryggleiken (HMS)

Avvik fra:

§12 Brukarens systematiske tryggleiksarbeid i Forskrift om brannforebygging

Kommentarer:

Eigar og brukar må gjennomføra eigenkontroll i objektet og dokumentera dette.

Merknad

Følgjande forhold vart påpeika under tilsynet:

Anmerkning 1

Brannalarmanlegget er av ein eldre type, og bør skiftast ut.

Andre forhold

Det var eit ønske om at brannvesenet kunne delta som observatørar ved ei brannøving. Rektor tek kontakt når dette er aktuelt.

Oppsummering/avsluttande møte

På oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvika og merknadene gjennomgått.

Det var semje om at eigar/verksemd/brukar finn løysingar for å rette opp avvika og merknadane som er angitt i rapporten.

Tilbakemelding

Med visning til Forskrift om brannforebygging og HMS lovgivinga ber brannvesenet om ei skriftleg tilbakemelding med framdriftsplan som viser korleis og når påpeika avvik vil verte retta. Framdriftsplanen skal sendast til Stord brann og redning innan 12.04.2020.

Med helsing

Ragnhild Vad

Kopi: Stord kommunale eigedom v/Rune Hansen



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/85-52
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	24/21	19.05.2021

Sak frå Stord FrP til kontrollutvalet - 2. gongs handsaming

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Stord FrP har henvend seg til kontrollutvalet om forhold relatert til «...utviklinga i Stord Kommunalteknikk». Rådmannen gav ei orientering om sin oppfatning av saksforholda i førre møte. Presentasjonen ligg ved saka. Det er tenkt at kontrollutvalet skal ha ein eller annan form for konklusjon, og evt. føreta bestilling, i dette møtet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Sak frå Stord FrP til kontrollutvalet
- 2 Utval for plan og utvikling - møteprotokoll for sak IS 4/21 i møte 08.04.21
- 3 Rådmannen sin presentasjon for kontrollutvalet 19.04.21.
- 4 Naudoverløp frå Lyngneset avløpspumpeastasjon er stoppa

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stord FrP har henvend seg til kontrollutvalet om forhold relatert til «...utviklinga i Stord Kommunalteknikk». Epost frå Stord FrP er vedlagt.

Saka var 1. gong oppe i kontrollutvalet sitt møte 19.04.21 som sak PS 12/21, der dette vart protokollert:

Handsaming i møte

Rådmann Magnus Mjør orienterte om spørsmål / problemstillingar. Han hadde og med ein PowerPoint-presentasjon som han synte. Denne vart gjort tilgjengeleg for utvalet etter møtet

Utvalsmedlemene stilte spørsmål som vart svara på av rådmannen og av einingsleiar i Stord kommunalteknikk, Roy-Sverre Amundsen.

Etter sams drøfting kom utvalet fram til vedtak i saka, og det var samrøystes.

Vedtak

- 1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.*
- 2. Konklusjon og evt. bestilling vert teke i neste kontrollutvalsmøte.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Henvendinga frå Stord Frp

Innhaldet i henvendinga frå Stord Frp er slik:

«Stord FrP har med stigande uro fulgt utviklinga i Stord Kommunalteknikk.

Døme på uheldig praksis er fleire, i seinare tid kan ein nemna

- Utbyggingsstart ny veg til Grunnvågen utan å ha hand om alle eigedomar eller avtale med grunneigarar. Dette førte til høgt konfliktnivå og trong for ekspropriasjon. Det bør undersøkast om noko av årsaka ligg i kommunen sin forhandlingsteknikk og måte å møte innbyggjarane på. Sjøpodlen har i tillegg blitt forureina med fine partiklar pga manglande bruk av siltgardin.*
- Riving av dam, Litlabø, utan å ha informert interessentar eller få eventuelt løyve frå kommunen. Ved sjekk av sakspapir her ser det ut til at det ikkje er tilstrekkeleg kontroll på restansar i sakskomplekset med NVE.*
- Stort og pågående utslepp av ureinsa kloakk til Sagvåg, innafør ytterste terskel og utan naudsynt utsleppsløyve frå Statsforvaltaren. Ein må spørre seg om det også pågår eller har pågått slike utslepp andre stader i kommunen, og kva vurderingar som eventuelt ligg til grunn for slik arbeidsmetodikk.*

Dette, kombinert med manglande svar på legitime spørsmål frå folkevalde kan få det til å sjå ut som det har utvikla seg ein ukultur der ein meir eller mindre gjer som ein vil, utan å tilstrekkeleg hensynta innbyggjarane sine innspel og ynskjer, lovar og regelverk. Dette er i tilfelle svært alvorleg og må endrast.

Ber kontrollutvalet sjå på saka og kome med si vurdering.»

Om henvendingar generelt.

I tidlegare saksframlegg vart det på generelt grunnlag vist til skisse frå sekretariatet om korleis henvendingar kan handterast av kontrollutvalet. Sekretariatet har registrert gjennom sine 16-17 driftsår, pt. for 17 kontrollutval, at det er auke i tal henvendingar. Same inntrykket vert formidla frå kollegaer. Kvar henvending som kjem er unik. Det er såleis ikkje nokon fasit på korleis henvendingar skal handsamast. Men sekretariatet har utarbeidd ein skisse for evt. rekkefølgje som kan nyttast ved henvendingar generelt sett:

1. Kontrollutvalet må bli gjort kjent med henvendinga. Samstundes blir det teke eit par avklaringar:
 - 1.1. Dersom det varsla forholdet td. er til ankehandsaming hjå kommunen eller fylkesmannen, så ventar kontrollutvalet normalt med å sjå nærare på saka.
 - 1.2. Det same gjeld om det varsla forholdet er til handsaming i rettsapparatet.
2. Kontrollutvalet drøftar så vegen vidare, 1. gong. Nokre alternative utfall kan vera desse:
 - 2.1. Kontrollutvalet meiner alt no at dette ikkje er ei sak for utvalet, og grunnjev dette.
 - 2.2. Utvalet treng meir informasjon for å kunna realitetshandsama henvendinga.
 - 2.2.1. Ein kan td. be rådmannen om å gje informasjon på neste møte.
 - 2.2.2. Ein kan be sekretariatet om å skaffa fleire relevante dokument.
 - 2.2.3. Ein kan be om innspel frå andre.
 - 2.3. Utvalet har indikasjon på - ut frå henvendinga og evt. kunnskap i kontrollutvalet, sekretariatet og/eller revisjonen - at dette er eit saksområde som ein bør sjå nærare på. Utvalet ser først og fremst på kommunen sine system og rutinar generelt sett og mindre på einskilt saker. Då kan td. dette skje:
 - 2.3.1. Dersom det er nært føreståande å laga ny plan for forvaltningsrevisjon eller å evaluera denne, kan ein få ei prioritering av saksfeltet det er henvending om, opp mot andre saksfelt.
 - 2.3.2. Dersom det snart skal bestillast ny forvaltningsrevisjon, kan ein vurdere om saksfeltet kan inkluderas i føremål og/eller problemstillingar for denne.
 - 2.3.3. Kontrollutvalet bestiller ein ny forvaltningsrevisjon med basis i saksfeltet henvendinga omhandlar. Sjå pkt. 2.4.1 om vegen vidare.
 - 2.4. Kontrollutvalet har indikasjon på at henvendinga er så spesiell at utvalet vil sjå nærare på saka - det spesifikke innhaldet som henvendinga omtalar.
 - 2.4.1. Då er det vanleg å be revisjonen om å laga ein prosjektplan som fortel kva arbeid som skal gjerast og kva ressursar som skal brukast. Endeleg bestilling frå kontrollutvalet vil vera på basis av denne prosjektplanen.
3. Kontrollutvalet drøftar evt. vegen vidare, 2. gong. Det vil vanlegvis vera i neste møte. Nokre alternative utfall:
 - 3.1. Utvalet kjenner seg i stand til å konkludera på om dei vil ta saka eller ikkje.
 - 3.2. Utvalet meiner framleis at dei treng meire informasjon, og vil be om det fram mot / i komande møte.
 - 3.3. Utvalet handsamar prosjektplan frå revisjonen, dersom det er bede om, og bestiller ein revisjon på saksfeltet eller om den konkrete saka.
4. Revisjonen arbeidar ut frå bestilling frå kontrollutvalet. Det er verdt å merka seg at revisjonen har tilnærming til oppdraget som og inkluderer stikkord som verifisering og kontradiksjon.
5. Kontrollutvalet si handsaming, 3. gong
 - 5.1. Utvalet vil no forhåpentlegvis vera i stand til å vurdere om ein skal sjå nærare på saka eller ikkje.
 - 5.2. Dersom det vart bestilt revisjon i førre møte, kan utvalet få ein milepelsrapport i dette møtet.
6. Revisjonen arbeidar / arbeidar vidare, ut frå bestilling frå kontrollutvalet.
7. Kontrollutvalet handsamar revisjonsrapport når denne er ferdig, inkl. uttale frå rådmannen.
 - 7.1. Utvalet innstiller overfor kommunestyret.
8. Kommunestyret handsamar revisjonsrapporten og gjer vedtak i saka
9. Det følgjer av forskrift, gjerne og stadfesta i kommunestyrevedtaket, at kontrollutvalet følgjer opp om tilrådingane blir følgt opp.
 - 9.1. Kommunestyret ber ofte rådmannen skriva ein handlingsplan til kontrollutvalet innan ein fastsett frist.
10. Kontrollutvalet handsamar handlingsplan frå rådmannen.
11. Kontrollutvalet ser på rådmannen si oppfølging fleire gonger, dersom ikkje alle tilrådingar er følgt opp.

12. Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret undervegs og / eller i årsmeldingar frå utvalet.

Som oppsettet viser, kan det gå fleire møter før kontrollutvalet er i stand til å realitetshandsama henvendingar, gjerne etter å ha skaffa meire informasjon.

Kontrollutvalet er og styrt av dei økonomiske rammene som er tildelt. Slik sett kan det og vera at utvalet må prioritera ned saka / saksfeltet som er omtala i henvendingar av økonomiske årsaker, sjølv om saka / saksfeltet isolert sett ville vore interessant å sjå nærare på.

Rådmannen sin presentasjon av 19.04.21.

For å vinna tid, var rådmannen, jmf. pkt. 2.2.1 i skissen overfor, invitert til kontrollutvalet sitt april møte. Her hadde han ein presentasjon, som er lagt ved saka.

Anna relevant informasjon?

Utval for plan og utvikling var samla 08.04.21. I deira sak IS 4/21 har rådmannen gjeve svar på 6 spørsmål frå Reinert Svanberg (FrP) relatert til hasterivinga av Jappaløken/Storstemmo. Noko av det som her er svart ut, kan vera av interesse ifm. andre kulepunkt i FrP si henvending til kontrollutvalet i denne saka. Derfor er protokollføring i nemnte sak IS 4/21 lagt inn som vedlegg i kontrollutvalet si sak.

Kommunen sin informasjon på eiga heimeside om at «Naudoverløp frå Lyngneset avløpspumpe stasjon er stoppa», kan og vera av interesse, og er lagt ved saka.

Konklusjon

Som kontrollutvalet sjølv formulerte det i førre møte, er det no tenkt at konklusjon og evt. bestilling vert å ta i dette møtet. Evt. bestilling kan takast i denne konkrete saka, eller i ei generell sak om bestilling som kjem opp i same møtet. Generell skisse om henvendingar kan kanskje koma til nytte.

Fra: Reinert Svanberg (reinert.svanberg@gmail.com)

Sendt: 14.03.2021 18:47:42

Til: fredrik.litleskare@stord.kommune.no

Kopi: Hogne Haktorson; Gaute Straume Epland; Magnus Mjør; Stord kommune; Sigbjorn.framnes@gmail.com

Emne: Sak til kontrollutvalet

Vedlegg:

Attn:

Stord Kommune

Kontrollutvalet

v/Utvalsleiar Fredrik Litleskare

Stord FrP har med stigande uro fulgt utviklinga i Stord Kommunalteknikk.

Døme på uheldig praksis er fleire, i seinare tid kan ein nemna

- Utbyggingsstart ny veg til Grunnvågen utan å ha hand om alle eigedomar eller avtale med grunneigarar. Dette førte til høgt konfliktnivå og trong for ekspropriasjon. Det bør undersøkast om noko av årsaka ligg i kommunen sin forhandlingsteknikk og måte å møte innbyggerane på. Sjøpodlen har i tillegg blitt forureina med fine partiklar pga manglande bruk av siltgardin.
- Riving av dam, Litlabø, utan å ha informert interessentar eller få eventuelt løyve frå kommunen. Ved sjekk av sakspapir her ser det ut til at det ikkje er tilstrekkeleg kontroll på restansar i sakskomplekset med NVE.
- Stort og pågående utslepp av ureinsa kloakk til Sagvåg, innafør ytterste terskel og utan naudsynt utsleppsløyve frå Statsforvaltaren. Ein må spørre seg om det også pågår eller har pågått slike utslepp andre stader i kommunen, og kva vurderingar som eventuelt ligg til grunn for slik arbeidsmetodikk.

Dette, kombinert med manglande svar på legitime spørsmål frå folkevalde kan få det til å sjå ut som det har utvikla seg ein ukultur der ein meir eller mindre gjer som ein vil, utan å tilstrekkeleg hensynta innbyggerane sine innspel og ynskjer, lovar og regelverk. Dette er i tilfelle svært alvorleg og må endrast.

Ber kontrollutvalet sjå på saka og kome med si vurdering.

Med venleg helsing

Reinert Svanberg

Stord FrP

Stord kommune, Utval for plan og utvikling, utdrag frå møteprotokoll frå møte 08.04.2021

IS 4/21 Spørsmål til PUT frå Reinert Svanberg (FRP) - Mogleg utslepp i Sagvåg og Hasterivinga av Jappaløken/Storstemmo

Svar på spørsmål frå Reinert Svanberg (Frp)

Når det gjeld hasterivinga av Jappaløken/Storstemmo, kan rådmannen svare på følgande:

1. Vedtaket frå NVE ser ut til å vera basert på kommunen sin konsulent (VTA) sine vurderingar og beslutning om riving. Dette tyder på at det ikkje er NVE, men kommunen sjølv som har gått inn for å rive dammen. Er dette korrekt forståelse? **Svar:** Det er VTA (Vassdragsteknisk ansvarleg) Ole Dan Lundekvam som har hatt dialog med NVE i løpet av revurderingsprosessen. VTA har foreslått overfor NVE, sitat: «(...)Som midlertidig tiltak for Lapptjørna, inntil endelig alternativ er klart, vil nivået bli senket så langt ned som det er mulig ved hjelp av at sekundærdammen blir punktert og fundamentet da blir fjernet ned til fjell (på det stedet der sekundærdammen allerede er ramlet sammen). Det skal skje senest innen den 15. januar 2021. Videre tenkes det gjennomført et forprosjekt som skal utrede tekniske og kostnadmessige konsekvenser av alternativene 1) istandsetting av dammen (egentlig ny konstruksjon) hvis dagens nivå skal opprettholdes, 2) istandsetting av dammen (egentlig ny konstruksjon) hvis nivået senkes, 3) fjerning av dammen. Forprosjektet tenkes gjennomført i løpet av 2021. En antar endelig løsning (eventuelt ny dam) kan gjennomføres innen 2026.» NVE vedtok 26.1.21 å godkjenna revurderingsrapportane. Kommunen sin beslutning om å riva dammen er såleis basert på revurderingsrapportane og endeleg vedtak i NVE.
2. Kvifor vart ikkje vedtaket frå NVE påklaga, då det tydeleg kjem fram at det er mogleg? **Svar:** Damsikkerhetsforskrifta er ei forskrift som skal ivareta tryggleik for folk og eigedom, og Stord kommune er ansvarleg for tryggleiken knytt til dammane kommunen eig. Konklusjonen ekstern konsulent (Norconsult) og VTA har kome til etter revurdering av dammen er at det er trong for å gjennomføra strakstiltak, mellom anna sikring/sperring av tilkomst og seinking av vatnspegel, for å tilfredstillast krava i Damsikkerhetsforskrifta. Etter å ha fått råd frå ekstern konsulent og intern fagansvarleg om at tryggleiken er for dårleg, ikkje tilfredstillast forskrifta og at det er trong for strakstiltak, måtte Stord kommune i etterkant av vedtak i NVE hatt eit sterkt fagleg grunnlag for å klaga på dette vedtaket.
3. Kvifor vart det ikkje iverksatt alternative tiltak, istadenfor umiddelbar riving av viktige industrielle kulturminne? **Svar:** Alternative tiltak er vurdert. Konklusjonen om å senke vassnivået med 2 meter gjennom opning av deler av sekundærdammen var det meste rasjonelle og effektive måten å senke vassnivået.
4. Kvifor vart ikkje Venelaget for Gruo invitert til å kome med innspel? **Svar:** Venelaget burde vore informert om tiltaket før det vart gjennomført, sjølv om ein vanskeleg kan sjå for seg at resultatet hadde blitt eit anna. Venelaget vil bli involvert i forprosjektet, der ein skal vurdere ev. istandsetting av dammen.
5. Kan kommunal verksemd fritt rive kulturminner med gravemaskin? Er kommunal verksemd unnateke søknadsplikta i Plan og -Bygningslova? **Svar:** Kommunale einingar er ikkje frittekne for søknadsplikt. Stord kommunalteknikk konkluderte drøfting med VTA med at tiltaket ikkje er søknadspliktig.
6. Eit enkelt alternativ for seinking av vasstand er å pumpe dammen tom og skånsomt lage hol i dammen i nedkant. Dette er fullt teknisk mogleg. Kvifor vart ikkje dette vurdert, og om det vart vurdert, kvifor vart det ikkje gjort? **Svar:** Stord kommune har gjennomført eit tiltak som er fagleg og sikkerheitsmessig vurdert som det beste. Deler av damkonstruksjonen som vart fjerna var så skada at den utgjorde ein risiko. Eg har så langt ikkje fått svar på utfyllande spørsmål om eventuell vurdering av alternativet som inneber å pumpa dammen tom og punktera/fjerna tappeluka i botn av dammen, men vil koma tilbake til spørsmålet.

Orientering om prosjekt i regi av Stord kommunalteknikk, innmeldt av Reinert Svanberg:

- Grunnerverv veg til Grunnavågen
- Seinking av vassnivå i Lapptjørn
- Naudoverlaup frå Lyngneset pumpeasjon

Kontrollutvalet 19. april 2021
Rådmann Magnus Mjør



Bakgrunn

- *«Stord FrP har med stigande uro fulgt utviklinga i Stord Kommunalteknikk. Døme på uheldig praksis er fleire»:*
 - Grunnavågen, oreigning
 - Riving av dammen på Litlabø
 - Midlertidig utslepp i Sagvåg
- Saksutgreiinga til kontrollutvalet, konklusjon:
«Henvendinga frå Stord FrP er kjent. Rådmannen gjev ei orientering i møtet. Denne vert også gjort skriftleg tilgjengeleg i møtet. Kontrollutvalet må etter det vurderer kva tilnærming utvalet vil ha vidare.»



Bakgrunn

- «*Dette, kombinert med manglande svar på legitime spørsmål frå folkevalde kan få det til å sjå ut som det har utvikla seg ein ukultur der ein meir eller mindre gjer som ein vil, utan å tilstrekkeleg hensynta innbyggjarane sine innspel og ynskjer, lovar og regelverk. Dette er i tilfelle svært alvorleg og må endrast.*»
- Ukultur/eller brot på lovar og reglar
 - eg vil konsentrera meg om det siste
- Eg vil søka gje kontrollutvalet eit grunnlag for å ta stilling til vidare handtering av saka.



Grunnavågen

- «Utbyggingsstart ny veg til Grunnavågen utan å ha hand om alle eigedomar eller avtale med grunneigarar. Dette førte til høgt konfliktnivå og trong for ekspropriasjon. Det bør undersøkast om noko av årsaka ligg i kommunen sin forhandlingsteknikk og måte å møte innbyggjarane på.»
- «Sjøpodlen har i tillegg blitt forureina med fine partiklar pga manglande bruk av siltgardin»



Prosjektet i Grunnavågen, grunnerverv

- Samla 13 500 kvm grunnerverv på prosjektet, 14 avtalar
- Det står att 12 kvm, der saka er gått til oreigning
Fleire har forsøkt å få ei løysing på vegne av kommunen
 - adm. i SKT
 - advokat
 - ordførar og varaordførar
- Oreigning førekjem generelt sjeldan i Stord kommune
- Ser ikkje på denne bakgrunn at det generelt er grunnlag for å hevda at Stord kommune/Skt praktiserer ein forhandlingsteknikk som medfører høgt konfliktnivå og trong for ekspropriasjon



Saksgang

- Første møte mellom kommunen og grunneigar var 8.4.19
- Varsel om oreigning sendt november 2019, der det vart sagt at kommunen var innstilt på å få til ei minneleg ordning
- Kommunestyret vedtok 13.2.20 at det skulle gjerast forsøk på å få til ei minneleg løysing
- Det vart sett ned eit forhandlingsutval med m.a. ordførar og varaordførar
- I møte 20.3.20 vart tilbod om frivillig avtale avvist
- Nytt varsel om oreigning sendt 6.4.20
- Siste tilbod kr 30 000, tilsvarande kr 2 500 per kvm.
- Prosjektet 6 mnd. forseinka i høve til kontraktsfesta sluttdato, men mykje fordi kommunestyret ville gå ein ny runde for å få på plass frivillig grunnavståing



Grunnavågen, adv. Lande sin vurdering:

- Ser ikkje at det er grunnlag for kritikk av kommunen «i anledning forsøk på å få i stand minnelig løsnings»
- «Vårt inntrykk er at grunneier (...) har motsatt seg erverv overhodet. Når det ikke har ført fram har grunneier prøvd å påberope seg forhold knyttet til byggesaksbehandlingen av veien. Det er etter vår oppfatning meget uvanlig at grunneier går så langt som her for å unngå et inngrep i så lite omfang.»
- «Vår oppfatning er at kommunen har strukket seg langt for å få en minnelig løsnings. (...) det har for eksempel ikke vært vurdert som realistisk å flytte veitraseen for å imøtekomme denne grunneieren. Traseen ble fastlagt ved vedtak av reguleringsplan, og grunneier valgte ikke å påklage vedtaket, slik en del andre parter gjorde.»
- «Etter vår oppfatning er det mulig at høyt konfliktnivå fra grunneiers side (...) skyldes oppfatningen av at man fortsatt hadde grunnlag for «omkamp» om reguleringsplanen»
- «Grunneier har etter departementets avgjørelse opplyst at han ikke lenger vil påberope seg at ekspropriasjonsgrunnlag mangler for skjønnsretten»




Lyngneset pumpestasjon

- «*Stort og pågående utslepp av ureinsa kloakk til Sagvåg, innafor ytterste terskel og utan naudsynt utsleppsløyve frå Statsforvaltaren. Ein må spørre seg om det også pågår eller har pågått slike utslepp andre stader i kommunen, og kva vurderingar som eventuelt ligg til grunn for slik arbeidsmetodikk.*»
- Spørsmål:
 - låg det føre naudsynt løyve?
 - er det andre tilsvarande saker i kommunen?
 - er det grunnlag for å hevda at det er ein særskild arbeidsmetodikk som ligg til grunn for feil som ev. er gjort?



Lyngneset pumpestasjon

- Gamal stasjon som ikkje stettar krav til HMT og drift
- Betener Store delar av Sagvåg, pumpar avlaupsvatn ureinsa ut på 35 m djupne i Grunnvågen
- Proioritert å skifta ut gamle avlauspumpestasjonar
- Naudoverlaup går til ytre del av hamnebassenget i Sagvåg på 10 m djupne
- Naudoverlaup brukt under bygging av ny pumpestasjon frå 19. januar til utgangen av april



Kommunen si vurdering av naudoverlaupet/mellombels løysing

- Avlaupsvatnet er godt fortynna når det når utsleppspunktet i Sagvåg
 - kring 70% av utsleppet er overvatn, avhengig av nedbør
 - snitt avlaupsmengd inn til stasjonen sett til 10-12 l/sekund
- Anlegget er lagt til ei tid på året med lite sjørelatert aktivitet
- Avbøtande tiltak er vurdert
- Sett inn doble skift for å redusera byggjetida
- Utsleppstaden vil bli granska når nytt anlegg er sett i drift, behov for tiltak vil bli vurdert



Statsforvaltaren sin vurdering og konklusjon

- Slår fast at tiltaket er varsla for seint
- Tiltaket vil ikkje ha innverknad på naturmangfaldet i nevneverdig grad
- Konkluderer med at «midlertidig naudoverløp (...) er akseptabel» etter forureiningslova»
- Løyve er gitt etter ei samla vurdering, fram til 1.5, men med vilkår om at byggjetida vert redusert så mykje som mogeleg og at utløpsstaden skal granskast og tiltak vurderast
- i samsvar med kommunen sin søknad





Demning Lapptjørn

- «*Riving av dam, Litlabø, utan å ha informert interessentar eller få eventuelt løyve frå kommunen. Ved sjekk av sakspapir her ser det ut til at det ikkje er tilstrekkeleg kontroll på restansar i sakskomplekset med NVE.*»
- Spørsmål:
 - burde det vore informert betre i forkant?
 - skulle tiltaket vore omsøkt etter plan- og bygningslova?
 - er det for dårleg kontroll på restansane?



Lapptjørna, seinking av vassnivå/mellombels riving av dam

- Vedtak gjort av NVE, basert på
 - NVE sine egne krav til dam-tryggleik
 - flaumberekningar (Sweco) og dambrotsberekningar (Norconsult)
 - tilråding frå Vassdragsteknisk ansvarleg (VTA) Ole Dan Lundekvam: Som mellombels tiltak skal innan 15.1.21 nivået seinkast så langt som råd ved punktering av sekundærdam
- VTA rår til forprosjekt som greier ut alternativ:
 - istandsetting av dammen
 - istandsetting av dammen med redusert vassnivå
 - fjerning av dammen
- Det er inngått avtale med Norconsult om utarbeiding av forprosjekt, vil liggja føre i løpet av 2021
- Det vil bli invitert til medverknad i planprosessen



Spørsmål Lapptjørn

- Burde det vore informert betre i forkant?
 - ja, venelaget burde vore informert om tiltaket før det vart gjennomført, men ein kan vanskeleg sjå for seg at resultatet ville blitt eit anna.
- Er det for dårleg kontroll på restansane?
 - kommunikasjon, svar og tilsvar, har i nokre gonger har tatt lenger tid enn normalt, det har og vore ein del munnleg kommunikasjon (telefon, møte)
 - dokument registrert i post-sak-arkivsystemet (Elements)



Lapptjørn, skulle tiltaket vore omsøkt etter plan- og bygningslova?

- Det er ikkje søkt ut frå ei vurdering av at tiltaket ikkje er søknadspliktig
- Mellombels riving av dam er ikkje er søknadspliktig, tiltaket er handsama etter vassressurslova, der NVE er vassdragsmynde



Oppsummering I

- Grunnvågen:
 - eg ser ikkje at det generelt er grunnlag for å hevda at Skt har ein forhandlingsteknikk som gjev høgt konfliktnivå og trong for ekspropriasjon
- Lyngneset pumpestasjon
 - det er på det reine at det ikkje vart søkt som det skulle
 - kommunen har tilsvarande saker i den forstand at det er til saman 15 utslepp som ikkje stettar primærreinsekravet
 - eg ser ikkje at det er grunnlag for å hevda at det er ein særskild arbeidsmetodikk som ligg til grunn for dette



Oppsummering II

- Dammen i Lapptjørn
 - Venelaget for Gruo burde vore informert om tiltaket
 - tiltaket er etter vår vurdering ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningslova
 - eg ser ikkje at det er grunn for å hevda at det ikkje har vore kontroll på restansar



Naudoverløp frå Lyngneset avløpspumpeasjon er stoppa

I dag starta Stord kommune opp provisorisk drift av Lyngneset avløpspumpeasjon. Det medfører at pågåande naudoverløp frå anleggsområdet og til Sagvågen no vert stansa og at avløpsvatnet vert pumpa mot direkteutsleppet på Grunnavågsneset.

Innløpskummar og avløpsleidningar er kopla saman og resterande anleggsarbeid rundt pumpeasjonen pågår for fullt og blir avslutta i månadsskifte mai/juni. I tillegg skal Stord kommune leggja ned ny vassleidning frå Lyngneset avløpspumpeasjon, via veggen i Skjepavikjo, og fram til Sagvåg sentrum. Dette arbeidet reknar ein med er ferdig til sommarferien i år.

I godkjenninga av naudoverløpet, krov Statsforvaltaren i Vestland at utsleppsstaden for overløpet skal granskast. Stord kommune offentliggjør resultatet frå denne granskinga så snart den ligg føre.



Bilete: Anleggsarbeid med nye Lyngneset avløpspumpeasjon



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/133-30
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	25/21	19.05.2021

Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har intensjon om at det vert gjennomført slik revisjon:
2. Utvalet ber den som er kommunen sin revisor pr. 01.07.2021 om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber om at prosjektplan vert levert til sekretariatet seinast 16.08.2021.
4. Kontrollutvalet handsamar prosjektplanen i møte 06.09.2021.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva område neste revisjon skal gjennomførast innan.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Risiko- og vesentlegvurdering av juni 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er no tid for å bestilla ein ny forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll, evt. anna bestilling basert på aktualitet eller henvendingar.

Med utgangspunkt i risiko- og vesentlegvurderinga prioriterte Stord kommunestyre 24.09.2020 (sak PS 53/2021) følgjande område for forvaltningsrevisjon i perioden 2020-2024, i prioritert rekkefølge:

1. Beredskap; hendingar og katastrofar (Rapport til KUV i møte 19.05.21)
2. Førebyggjande arbeid for barn og unge
3. Effektivitet og kvalitet innanfor helse- og omsorg
4. Økonomisk berekraft
5. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS
6. Læring og psykososialt skulemiljø
7. Manglande kompetanse

Med utgangspunkt i risiko- og vesentlegvurderinga prioriterer også kommunestyret 24.09.2021 (sak PS 54/2020) følgjande område for eigarskapskontroll i perioden 2020-2024, i prioritert rekkefølge:

1. Generell eigarstyring
2. Sunnhordland interkommunale legevakt IKS
3. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Nærare om prosjekta i vedlagt «Risiko- og vesentlegvurdering» av juni 2020.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjerdsmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

Vurderingar og verknader

Val av prosjekt for revisjon

Det er tid for å bestille forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Kontrollutvalet skal for det første velgja det nye prosjektet for gjennomføring av revisjon. På bakgrunn av at kommunestyret for 2/3 år sidan vedtok to nye planar med prioriterte prosjekt, vil det vere nærliggjande av utvalet å velgja eit av dei prioriterte prosjekta i enten plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eigarskapskontroll.

Når utvalet har avgjort kva prosjekt dei vil bestille, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrense prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finne svar på.

Kommunestyret har delegert mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar og omprioriteringar i planane, samt til å kunna definere og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planane.

Kontrollutvalet står fritt til å velgje om neste revisjon skal vera forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

Det kan og vera aktuelt at neste bestilling er relatert til aktualitet, td. ift. henvendingar til utvalet. Det føreligg som døme ei henvending frå lokallaget til eit politisk parti på sakskartet til dette møtet.

Det kan og nemnast at Controller og IKT-sjef var invitert til kontrollutvalet sitt møte 03.12.2020, sak PS 39/20 Informasjon om saksfeltet IKT og GDPR. Her vart dette protokollert:

Handsaming i møte

IKT sjef Gisle Østrem og controller Iren Dyrseth gav ei orientering for kontrollutvalet. Utvalsmedlemmane stilte spørsmål, som vart svara på.

Det var bl.a. opplyst om at ein må attende til 2007 for å finna ein forvaltningsrevisjon innan IKT. Utvalet fekk og orientering om administrative hovudansvarslinjer innan saksfeltet. Vedtak i saka kom fram etter sams drøfting, og det vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet avventar rapport i pågåande forvaltningsrevisjon innan beredskap.
2. Utvalet vil i etterkant, og på bakgrunn og av informasjon i møtet og rapporten, vurdere om ein skal gjennomføra ein revisjon innan IKT-området.

Val av kven som utfører oppdraget.

Det vil vere naturleg å be revisor utarbeide ein prosjektplan ut frå dei signal som vert gjeve av kontrollutvalet i møte 19.05.2021.

Det er vanlegvis kommunen sin revisor som utfører bestillingar innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Me veit at KPMG er kommunen sin revisor tom. 30.06.2021., men ikkje kven som er kommunen sin revisor fom. 01.07.2021. Det skal kommunestyret avgjera 27.05.2021.

I dette møtet vert det lagt opp til at det «kun» vert gjeve ein intensjon om kva område som bør reviderast, men sjølve bestillinga skjer først i utvalet sitt septembermøte, med grunnlag i ein prosjektplan. Sekretariatet vil såleis tilrå at oppdraget går til den som er revisor pr. 01.07.2021.

Det vert gjort merksam på at om bestillinga vert gjort innan 30.06.2021, kan oppdraget gå til noverande revisor - KPMG - ut frå gjeldande avtale. Revisor skal etter avtalen då gjera ferdig prosjekt som er bestilt i deira avtaleperiode, sjølv om revisjonen ikkje blir ferdig før i neste avtaleperiode. Dersom noverande revisor og vert revisor i ny avtaleperiode, så er dette ei «ikkje-problemstilling».

Kontrollutvalet kan be om ein prosjektplan til handsaming i første haustmøte i 2021. Prosjektplanen må i så fall sendast sekretariatet innan 16.08.2021.

Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber den som er kommunen sin revisor pr. 01.07.2021 om å utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. Prosjektplanen vert å levere sekretariatet innan 16.08.2021, slik at utvalet får handsama prosjektplanen i første haustmøte i 2021.



Risiko- og vesentlegvurdering

Vedlegg til Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024
Stord kommune

Juni 2020

www.kpmg.no



Innhold

1. Bakgrunn og føremål	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Føremål	1
1.3 Framgangsmåte og involvering	1
2. Oppsummerande risikovurdering	2
3. Kommunen sitt eigarskap	6
3.1 Selskap som er omfatta av kommuneloven § 23-6, første ledd	6
3.2 Andre selskap kor kommunen har eigarinteresser	10
3.3 Organisasjonar kor Stord har deltakarinteresse	11
4. Risiko- og vesentlegvurdering - av kommunen si verksemd	12
4.1 Operativ risiko	12
4.2 Regulatoriske risikoar	15
4.3 Strategiske risikoar	16
4.4 Forvaltningsrevisjon i selskap	17
5. Risiko- og vesentlegvurdering – av kommunen sitt eigarskap	19
5.1 Generell eigarstyring	19
5.2 Selskap identifisert for selskapskontroll	19
Vedlegg 1 Framgangsmåte og involvering	21
Teoretisk fundament	21
Prosess	22

1. Bakgrunn og føremål

1.1 Bakgrunn

Etter kommuneloven § 23-3, andre ledd, skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan som viser kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar innanfor. Vidare går det fram av kommuneloven § 23-4, andre ledd, at kontrollutvalet også i løpet av valperioden skal utarbeide ein plan som viser kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planane skal utarbeidast seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert og skal baserast på risiko- og vesentlegvurderingar av kommunen si verksemd, kommunen sine selskap og kommunen sitt eigarskap.

Kontrollutvalet i Stord kommune bestilte i møtet 11.12.2019 ei risiko- og vesentlegvurdering frå KPMG som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, som skal gjelde i perioden 2020-2024.

1.2 Føremål

Føremålet med risiko- og vesentlegvurderinga er å identifisere kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i fireårsperioden 2020-2024.

KPMG har gjennomført ein analyse av risiko og vesentlegheit i Stord kommune. Denne analysen presenterer identifiserte område/hendingar med risiko for vesentlege avvik i den kommunale verksemda og i selskap som er knytt til kommunen. Analysen dannar grunnlaget for kontrollutvalet si prioritering av område som kan vere gjenstand for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i planperioden og kontrollutvalet si innstilling til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Planane blir vedtatt i kommunestyret.

Basert på planane vil kontrollutvalet få gjennomført enkeltståande forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Det er ved bestilling av enkeltståande revisjonar at tema spissast og operasjonaliserast når det gjeld til kva og korleis revisjonen skal innrettast. Risiko- og vesentlegvurderinga identifiserer først og fremst område for forvaltningsrevisjon, i planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll går det fram tema som *kan* vere aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Samstundes er det ved bestilling av enkeltståande prosjekt at ein spissar og operasjonaliserer kva tema som skal vere gjenstand for revisjon og kva problemstillingar revisjonen skal svara på.

1.3 Framgangsmåte og involvering

Vi har gjennomført ein prosess som har inkludert samspel med ulike deler av kommunen; administrasjon, hovudverneombod og politikarar frå kontrollutvalet.

Arbeidet har vore delt i tre hovudbolkar:

1. Kartlegge og forstå kommunen
2. Arbeidsmøte med kommunen for å etablere og verifisere mulege område for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
3. Dokumentere analysen

For nærare skildring av framgangsmåten, sjå vedlegg 1.

2. Oppsummerande risikovurdering

I den følgjande tabellen oppsummerer vi dei identifiserte områda som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll¹, med tilhøyrande vurdert risiko. I tabellen presenterer vi område/hendingar, aktuell eining og gjev ei oppsummerande skildring av området og identifisert hending. I kapitel 4 og 5 er det gjort ein meir detaljert skildring av område og tilhøyrande risiko.

I den ytste kolona er det gjort ei vurdering av risikoen, som eit produkt av sannsyn og konsekvens – i samsvar med figur 2, vedlegg 1. Grøn indikerer relativt låg risiko. Gul indikerer middels risiko. Risikoane som er definert som høge er markert raude.

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
Operativ risiko			
Førebyggjande arbeid for barn og unge	Rehabilitering, helse og omsorg (RHO) og Oppvekst og kultur (OKU)	Førebyggjande tenester til å handtera psykososiale utfordringar hos barn, unge og familiar vert nemnd som ei særleg utfordring i Stord kommune. Det er ikkje alltid tydeleg avklart kor ansvar for barn og unge med behov for hjelp ligg. Det er også kome innspel på at ved resursutfordringar er det gjerne det tverrfaglege samarbeidet mellom dei ulike avdelingane som fell vekk.	
Beredskap; hendingar og katastrofar	Heile kommunen	Kommunen er utsett for fleire eksterne, store risikoar knytt til mellom anna geologi og infrastruktur. I 2020 har kommunen sin beredskap vorte sett på prøve med handteringa av pandemien som følgje av Covid-19 viruset. Vidare er det også knytt risiko til kommunen sin digitale beredskap.	
Effektivitet og kvalitet innanfor helse- og omsorg	Rehabilitering, helse og omsorg (RHO)	Stord kommune har høge driftsutgifter til pleie og omsorg. Samstundes opplever RHO at ressursane ikkje er i samsvar med behova, og at grunnbemanninga innanfor helse og omsorg er redusert til eit minimum. Prognosane tilseier at Stord kommune vil ha ein sterk auke i eldre i kommunen i framtida. Samstundes som kommunen må arbeide for å redusere kostnader.	
Økonomisk berekraft	Heile kommunen	Stord har økonomiske utfordringar knytt til dei økonomiske rammevilkåra, irekna kommunane sitt inntektssystem og redusert folkevekst. Kommunen har også aukande drifts- og kapitalkostandar som	

¹ Eit selskap kan vere aktuelt både for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko	
Læring og psykososialt skulemiljø		følgje av nye investeringar. Kommunen har etablert økonomiske handlingsreglar, men budsjettet for 2020 oppfyller ikkje desse.		
	Oppvekst og kultur (OKU)	Stord kommune scorer betydeleg dårlegare enn landsgjennomsnittet på nasjonale prøvar i rekning på 4. og 8. trinn og på elevundersøkinga i høve vurdering av læring og motivasjon. Enkelte skular har hatt store utfordringar knytt til mobbing.		
	Busetting av flyktningar	Oppvekst og kultur (OKU) og Rehabilitering, helse og omsorg (RHO)	Kommunen er pålagt å sikre at flyktningane har ein bustad, har eit introduksjonsprogram som mellom anna inneber norskopplæring, får tilbod om helse- og omsorgstenester og at born og unge får eit fullverdig skule- og barnehagetilbod. Det har tidlegare vore utfordringar knytt til korleis busettnadsstrukturen i kommunen har vore. Kommunen har etablert mål for busetting og integrering av flyktningar. Det opplevast å vere noko usikkert korleis flyktningtilbodet i kommunen fungerer.	
	Samarbeid i NAV	Rehabilitering, helse og omsorg (RHO)	Administrasjonen er nøgd med samarbeidet mellom kommunen og NAV stat, men vurderer samstundes at det kunne vore hensiktsmessig å gjere ei evaluering av korleis samarbeidet fungerer.	
Regulatorisk risiko				
Oppfølging av arbeidsmiljøloven	Heile kommunen	Det vart sett spørsmål ved kommunen sitt systematiske arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMS). Det er vedtatt eit HMS-system i kommunen, men det er usikkerheit knytt til korleis dette vert følgd opp. I arbeidsmøte var spesielt oppfølging av HMS i utbyggingsprosjekt nemnd som ein aktuell risiko.		
		Det vart også satt spørsmål ved om førebygging og oppfølging av sjukefråvær i kommunen vart gjort i tilstrekkelig grad.		
Personvern og informasjonssikkerheit	Heile kommunen	I kommunal verksemd har personvern og informasjonssikkerheit ein høg ibuande risiko, då dei handterer ei rekkje sensitive opplysningar om sine innbyggjarar og tilsette.		
Barnevern	Oppvekst og kultur (OKU)	Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon av barnevernet i kommunen i 2016. Revisjonen synte avvik både knytt til barnevernet sin internkontroll og brot på regelverket. Stord kommune har ved dei		

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
		seinare åra fått fleire stevningar knytt til tapt barndom.	
Strategisk risiko			
Handtering av endra rammevilkår	Heile kommune	Kommunen opplever stadig endringar i rammevilkåra, irekna oppgåvefordelinga mellom stat, fylkeskommune og kommune. Dette påverkar mellom anna kostnadsbiletet til kommunen og set også nye krav til kompetase. I arbeidsmøte vart det spesielt peikt på endringar knytt til barn og unge med vanskar innanfor helse, rus, og barnevern – kor oppgåver vert overført frå spesialsthesetena til kommunen. Forholdet mellom kommunen og spesialsthesetena vert opplevd som uavklart i enkelte saker.	
Manglande kompetanse	Heile kommunen	Tenestebehov og ivaretaking av behovet endrar krav til både kompetanse og samansettinga av denne. Også Stord kommune opplever det som utfordrande å sikre seg riktig og tilstrekkeleg kompetanse. Dette utgjør ein risiko for mangelfulle tenester.	
Mangelfull måloppnåing knytt til miljø	Heile kommunen	I samfunnet er det eit aukande fokus på miljø og berekraftig verksemd. Mangelfullt fokus på klima og miljø, kan innebære ein omdømerisiko for kommunen.	
Forvaltningsrevisjon i selskap			
Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	Selskap	Selskapet utfører ein viktig del av kommunen sine oppgåver, samstundes er det ein risiko for at kommunen har mindre kontroll på oppgåver som er sett ut i egne selskap.	
Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	Selskap	Selskapet utfører ein del av kommunen sine oppgåver, samstundes er det ein risiko for at kommunen har mindre kontroll på oppgåver som er sett ut i egne selskap. Det er ein ibuande risiko for ulovleg kryss-subsidiering i selskapet.	
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	Selskap	Selskapet utfører ein viktig samfunnsfunksjon på vegne av kommunen.	
Eigarskapskontroll			
Generell eigarstyring	Eigarstyring	Selskapskontrollen som vart gjennomført i 2019 synte nokon svakheiter ved kommunen si eigarstyring. Kommunen sin praksis samstemte	

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
		ikkje fult ut med etablerte tilrådingar og gjer at det kan vere ein risiko for at kommunen si eigarstyring ikkje er tilstrekkelig for å sikre god kontroll med oppgåver som er sett ut i egne selskap.	
Sunnhordland Lufthavn AS	Selskap	Den økonomiske utviklinga i selskapet er ikkje i samsvar med kommunen sitt føremål med eigarskapet. Rekneskapet til Sunnhordland Lufthavn viser negative resultat dei to siste åra. Selskapet vart løyva eit større lån frå eigarane i 2020. Eigarskapet kan innebere ein økonomisk risiko for kommunen.	
Stord kommunale utviklingsselskap AS	Selskap	Dette selskapet er nyoppretta i 2020. Det kan vere hensiktsmessig å vurdere om kommunen har fått på plass ynskja styringsstruktur av selskapet når det har vore i drift ei tid.	
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	Selskap	Det går fram at kommunen ikkje har faste rutinar for å behandle saker angående selskapet. Dette var eit prioritert prosjekt i førre plan for selskapskontroll, men det er hittil ikkje gjennomført.	
Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	Selskap	Selskapet er organisert som eit interkommunalt selskap. Andre interkommunale samarbeid om legevaktstenester har gjerne andre samarbeidsformer.	

Frå arbeidsmøta med politikarane og administrasjonen vart følgjande område/hendingar nemnt som særleg aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- ✓ Oppfølging av arbeidsmiljøloven
- ✓ Læring og psykososialt skulemiljø
- ✓ Manglande kompetanse
- ✓ Handtering av endra rammevilkår
- ✓ Busetting av flyktningar
- ✓ Førebyggjande arbeid for barn og unge
- ✓ Økonomisk berekraft
- ✓ Sunnhordland interkommunale legevakt IKS
- ✓ Beredskap; hendingar og katastrofar
- ✓ Effektivitet og kvalitet innanfor helse- og omsorg
- ✓ Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

I plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll går det fram kva prosjekt som er prioritert gjennomført i perioden.

3. Kommunen sitt eigarskap

I dette kapitelet gir vi ei oversikt over alle selskapa kommunen har eigarskap i. Irekna aksjeselskap, interkommunale selskap og kommunale oppgåvefelleskap.

Kommuneloven § 23-6 og § 24-10 omtalar innsynsretten til kontrollutvalet og revisor. Etter kommuneloven §23-6, første ledd, kan kontrollutvalet og revisor (jmf. §24-10) krevje opplysningar for å gjennomføre kontroll i følgjande type selskap:

- a) *interkommunale selskaper etter IKS-loven*
- b) *interkommunale politiske råd*
- c) *kommunale oppgåvefelleskap*
- d) *aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer.*

Kommuneloven § 23-6, femte ledd seier vidare at:

Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.

Sjølv om det vil vere selskapa som er omtala etter §23-6, første ledd, som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll har kontrollutvalet også innsynsrett ovanfor selskap som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Dette kan for eksempel vere selskap som kommunen eig saman med private, heilt privateigde selskap og stiftelsar. Kontrollutvalet sin rett til innsyn og undersøkingar i selskap utover § 23-6, omfattar berre det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten vert oppfylt. Samstundes vil det vere naudsynt at kommunen har inngått ein avtale med dei aktuelle selskapa om rett til innsyn, for at kontrollutvalet og revisor kan krevja rett til kontroll².

Vi har i den vidare omtalen skilt mellom dei selskapa som er omfatta av kommuneloven § 23-6, første ledd, kor kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll – det er desse selskapa som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I tillegg presenterer vi nøkkeltal frå andre selskap kor kommunen har eigarskap. I samsvar med kommuneloven §23-6, kan kontrollutvalet også gjere undersøkingar i desse selskapa i høve om eventuelle kontraktar med kommunen vert oppfylt.

3.1 Selskap som er omfatta av kommuneloven § 23-6, første ledd

Her følgjer eit oversyn over dei interkommunale selskapa og aksjeselskapa som kontrollutvalet har innsynsrett i etter kommuneloven § 23-6, første ledd. Vi presenterer her føremålet med selskapet, kommunen sin eigardel og nøkkeltal i høve eigenkapitaldel³, driftsinntekter og årsresultat for dei tre siste åra.

² Tolkingsuttale frå kommunal- og moderniseringsdepartementet, [§ 23-6 : Innsyn og undersøkelser i selskaper o.l.](#), 2020.

³ Eigenkapitaldelen viser del eigenkapital av total kapital i selskapet. Den syner kor stor del av eigendelane i selskapet som er finansiert med eigenkapital, i motsetning til med finansiering via lån. Grad av eigenkapital er eit uttrykk for selskapet sin soliditet.

3.1.1 Sunnhordland Lufthavn AS

Sunnhordland Lufthavn AS			
Selskapsform	AS		
Stiftingssår	1983		
Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tiltak i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at kommunestyret ber rådmannen syta for at det skjer oppfølging opp mot tilrådingane frå revisor, samt syter for å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Det vert vidare innstilt på at tilråding om tiltak innan beredskap som krev politiske vedtak, vert teke opp som politisk sak etterkvart, i dei organ som har innstillingskompetanse og vedtakskompetanse.



Beredskap

**Rapport frå
forvaltningsrevisjon**
Stord kommune

April 2021

www.kpmg.no



Forord

Etter vedtak i kontrollutvalet i Stord kommune har KPMG gjennomført forvaltningsrevisjon av beredskapsarbeidet i kommunen. Denne rapporten er svar på kontrollutvalet si bestilling.

Oppbygging av rapporten

Våre samla vurderingar og tilrådingar går fram av samandraget i rapporten.

Kapittel 1 er innleiinga til rapporten. Her vert føremål, problemstillingar, revisjonskriterier og metode presentert. Kapittel 2, 3 og 4 syner fakta om kommunen i høve til dei respektive problemstillingane. I kvart hovudkapittel er det eit avsluttande underkapittel med forvaltningsrevisor sine vurderingar. I kapittel 5 er det ei samanstilling av forvaltningsrevisor sine tilrådingar.

I kapittel 6 er rådmannen sin uttale til rapporten tatt inn. I vedlegg 1 og 2 vert dokumenter vi har henta inn i revisjonen synt og revisjonskriterier konkretisert.

Vi vil takke kommunen for god hjelp i arbeidet vårt med forvaltningsrevisjonen.

Samandrag

Det overordna inntrykket er at Stord kommune tek i vare beredskapen i kommunen på ein svært god måte, og at det trass i enkelte forbetningspunkt er gjort eit tydeleg og godt arbeid med beredskapen i kommunen.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å syne korleis beredskapsarbeidet i kommunen er organisert og kartleggje og vurdere i kva grad den kommunale beredskapen er tilstrekkeleg for å kunne handsame krisesituasjonar i høve til beredskap, hendingar og katastrofar.

Forvaltningsrevisjonen er retta inn mot kommunen si organisering av beredskapsarbeid og om dette arbeidet blir oppfatta som, og er tilstrekkeleg, i tråd med føremålet og problemstillingane i denne prosjektplanen.

I løpet av revisjonen har teamet undersøkt beredskapsplanane til kommunen og gjennomført intervju med personar som har ei rolle i beredskapsarbeidet og representantar for dei tilsette.

Det overordna inntrykket av beredskapen i Stord kommune er at beredskapen i kommunen er godt teke i vare gjennom ei pro-aktiv tilnærming, effektiv samhandling på tvers av einingar og god kjennskap til kommunen i toppleiinga.

Under er funn i forvaltningsrevisjonen lista opp under vurderingar knytt til kvar enkelt problemstilling. Tiltrådingar i høve til forbetningspunkt i kommunen er stilt opp i høve til vurderingane på same måte.

I høve til problemstillingane og vurderingane er det nytta ei fargekategorisering med grøn, gul og raud. Det er viktig å merke seg at gul er nytta i alle høve der noko kan forbetrast. Raudt er kunn nytta ved kritisk mangel eller dersom krav i lovverket ikkje er oppfylt.

Tiltrådingane er knytt til vurderingane og problemstillingane direkte. I kapittel 5 er ei konkret opplisting av tiltrådingane. Me har vald å dele dei i tre nivå for å syne kva som er nødvendig for å oppfylle krav, kva me rår kommunen til å gjere for å forbetre beredskapssystemet og kva me rår kommunen til å vurdere basert på tilbakemeldingar og funn i forvaltningsrevisjonen.

Stord kommune sitt beredskapsarbeid har som mål å utvikla eit handteringsapparat som kan redusera konsekvensane av krise-, katastrofe- og krigssituasjonar.

HOVUDMÅL I BEREDSKAPSPLANEN

Vurderingar og tilrådingar

Organisering av kommunen sitt beredskapsarbeid		
Problemstilling	Vurdering	Tilråding
(1a) Korleis er ansvar for førebygging og beredskap fordelt i kommunen?	Vår vurdering er at Stord kommune sitt beredskapsarbeid er organisert i tråd med dei grunnleggande prinsippa for samfunnstryggleik og beredskap. Prinsippa er ivaretatt ved at einingane sjølv er ansvarlege for å organisere beredskapsarbeidet i eiga eining og teneste, samt at dei har ansvar for nødvendige, førebyggjande tiltak. Det er òg etablert gruppe og team for samordna innsats og samvirke i krisesituasjonar. Dette vurderer forvaltningsrevisor som positivt og meiner det viser eksempel på korleis kommunen har arbeidd med å sikre samvirke mellom relevante aktørar i arbeidet med beredskap og krisehandsaming.	
	På bakgrunn av tilbakemeldingar frå fleire av dei sentrale tilsette knytt til beredskapsarbeidet i Stord kommune har vi gjort ei vurdering av om bemanninga knytt til beredskapsplanlegging er forsvarleg. På administrativt nivå er det fleire ressursar som har ansvar knytt til beredskap i tillegg til ordinære arbeidsoppgåver. Dei har lite å støtte seg på og evna til å koordinere beredskapen i kommunen er samla på få personar og i hovudsak kommunalsjef for RHO (rehabilitering, helse og omsorg). Tilbakemeldingane vi har fått er òg at ein del av arbeidet med å administrere og koordinere beredskapen kjem i tillegg til andre arbeidsoppgåver og at ein er avhengig av prioritering hjå dei tilsette. På bakgrunn av det vurderer vi det som tilrådeleg at	Kommunen bør vurdere å auke årsverk knytt til arbeid med beredskap på administrativt nivå i kommunen.

kommunen styrker dei administrative ressursane knytt til planlegging og koordinering i beredskapsarbeidet.

Rutinar, prosedyrar og sentrale styringsdokument

Problemstilling	Vurderingar	Tilrådingar
(2a) Har kommunen gjennomført og oppdatert sin heilskaplege risiko- og sårbaranalyse og kva område er del av denne?	<p>Stord kommune sin ROS-analyse er forseinka. Sjølv om forvaltningsrevisor ser det som eit avvik, er vi blitt trygga om at kommunen er klar over det og at noko av forseinkinga kan knytast til uføresette hendingar (korona). Vi er også gjord merksame på at Stord på revisjonstidspunktet ventar avklaring frå Fitjar kommune, om dei vil samarbeide om rulleringa.</p> <p>Dagens heilskaplege ROS-analyse er omfattande, omtalar ei rekke område og det er nytta store mengder lokal kunnskap og informasjon. Det har likevel skjedd vesentlege endringar i tryggleiksbildet i samfunnet sidan sist det blei gjennomført ROS i Stord kommune. Mellom anna er det for 2021 tydeleggjort at det er ein vesentleg risiko i samfunnet for digitale åtak. Det kjem fram i risikovurderingane til både Politiets tryggleiksteneste, Nasjonal tryggleiksmynde og Etterretningstenesta. Om vi skal vurdere gjeldande ROS-analyse opp mot dagens tryggleiksbylde endar vi difor på ei vurdering av at analysen ikkje lenger i tilstrekkeleg grad tek opp i seg vesentlege tryggleiksutfordringar i samfunnet. Vi saknar òg ei tydeligare syning av korleis tryggleiksfaktorane i dagens tryggleiksbylde verkar på kvarandre og kva områda som kan lede til kritiske ringverknadar og konsekvensar for andre system. Dette gjeld spesielt IKT.</p>	<p>Kommunen bør utarbeide ny ROS-analyse så snart som mogleg.</p> <p>Kommunen bør synleggjere korleis forskjellige risiko- og tryggleiksfaktorar kan verke inn på kvarandre ved neste revidering av ROS, spesielt i samband med IKT.</p>
(2b) I kva grad og korleis vert det gjort øvingar i forhold til krisehandsaming?	Vår vurdering er at kommunen gjennomfører få praktiske øvingar og at desse gjerne er retta mot brann og redning. Det er synt til lite øvingar retta mot IKT og kriser som kan ramme stor infrastruktur med høgt	Kommunen bør vurdere å gjennomføre ei fullskalaøving med bortfall av alle digitale tenester,

<p>Innanfor kva område/beredskapssituasjonar?</p>	<p>skadepotensiale. I risikovurderingane for 2021 syner både PST, NMS og FET til digitale truslar for det offentlege som vesentlege og sannsynlege hendingar. Øvingstema er valt på bakgrunn av dagens ROS-analyse, noko som underbygger behov for ny rullering, ettersom ulike delar av beredskapsarbeidet påverkar kvarandre. Det er vidare vårt syn at det er ein svakhet i beredskapsplanlegginga til kommunen at det ikkje blir gjennomført øvingar med fullstendig IKT-bortfall.</p> <p>Øvingane som har vore gjennomført har gitt stor nytteverdi for involverte partar. Dei oppfattast som gode og dekkande. Vi vurderer gjennomførte øvingar som hensiktsmessige.</p>	<p>inkludert naudnett, DAB-radio, satellitt-kommunikasjon, etc.</p>
<p>(2c) Kva er innhaldet i beredskapsplanverket og kor ofte evaluerer/oppdaterer ein dei?</p>	<p>Vi er blitt informert om beredskapsplanar på einingsnivå kor kontaktlister ikkje har vore riktige og at det vert vist til personar som ikkje lenger er tilsette i kommunen. Vi har òg sett at det i minst ein plan er vist til feil forskrift som heimel for planen. Forskrifta det er vist til blei oppheva i 2013. Vår vurdering er at det ikkje alltid er samsvar mellom formell revidering av planane og reell revidering av planane. Vi vil samstundes presisera at overordna beredskapsplan er korrekt.</p> <p>Kommunen har presisert at mange tilsette i leiarstillingar har telefon gjennom kommune der telefonlister inneheld oppdatert kontaktinformasjon. I praksis veit dei kven dei skal kontakte i høve ein krisesituasjon og problemstillinga med utdaterte kontaktlister er difor liten i høve konkrete hendingar. Vi ser utfordringa med oppdaterte kontaktlister og er nøgd med at kommunen har eit system dei meiner fungerer betre i praksis enn oppdaterte lister i beredskapsplanane. Det er vår vurdering generelt at informasjon i beredskapsplanane må være rettidig og korrekt.</p>	<p>Kommunen bør etablere eit system der revidert plan må godkjennast av andre enn den som har ansvar for den konkrete planen for å bli rekna som revidert.</p>

	<p>Vår vurdering er at reviderings- og oppdateringsfrekvensen på kommunen sine beredskapsplanar varierer mykje. Det er òg vist til planar som ikkje har vore revidert på fleire år. Samfunnet endrar seg raskt. I tillegg vil det alltid vere nye personar som tiltrer stillingar, noko som krev at deler av planane vert oppdaterte. At planane elles ikkje har vore revidert og oppdatert på fleire år gir risiko for utdatert og mindre relevant informasjon, noko som kan utfordra evna til å handsame ein krisesituasjon. Det er òg eit lovkrav at kommunen sin overordna beredskapsplan til ei kvar tid skal vere oppdatert, samt at planen skal syna til ansvar for oppdatering og når planen sist vart revidert. Sistnemnte er det ikkje vist til i overordna beredskapsplan.</p>	<p>Kommunen bør kontrollere at planane vert reviderte jamleg for å sikre at dei blir levande dokument. Alle planar bør òg syna kva tid planane er reviderte og oppdaterte.</p>
(2d) Har kommunen ein beredskapsplan for IKT, og korleis er denne samordna med anna planverk?	<p>Kommunen har ein beredskapsplan for IKT.</p> <hr/> <p>Beredskapsplanen for IKT er samordna med planverket som heilskap på same måte som planverket for andre einingar.</p> <hr/> <p>Utfall av IKT-tenester er ikkje eit sentralt moment i beredskapsplanane. Vår vurdering er at alle einingar i kommunen bør ha tiltakskort for delvis eller fullstendig bortfall av IKT-tenester.</p>	<p>Kommunen bør planlegge for fullstendig bortfall av IKT-tenester i kommunen.</p>
(2e) Korleis handsamar kommunen tema som kriseleiing, kommunikasjon, evaluering mv?	<p>Forvaltningsrevisors intrykk er at det er ein kultur i kriseleiinga om at ein trår til når det oppstår hendingar. Me er gitt fleire eksemplar på korleis kriseleiinga handsamar hendingar internt i kommunen, men òg korleis dei bidreg eksternt dersom det er behov. Eksempelvis har kommunen under pandemien på oppmoding sendt helsepersonell til Ulvik. Me oppfattar</p>	

		<p>dette som eit eksempel på kommunen sin kapasitet og tilnærming til handsaming av krisesituasjonar.</p>	
		<p>Vår vurdering er at mangelen på plan for krisekommunikasjon er eit avvik som kommunen bør rette opp. Vi er gjennom intervju trygga om at kommunen i røynda har gode rutinar for kommunikasjon og vurderer difor avviket som middels alvorleg. Kommunen peiker også på at det ville tilført større nytte å ha ein informasjonsmedarbeidar i kommunen som kunne gjeve bistand i høve til krisekommunikasjon. Vi syner i den samanheng til vurderinga og anbefalinga knytt til problemstilling 1 a.</p>	<p>Kommunen bør etablere ein tydelig plan for krisekommunikasjon som del av overordna beredskapsplan.</p>
		<p>Det er blitt gjort skriftlege evalueringar av ein del øvingar. Evalueringsrapportar synleggjer både positive forhold i øvinga og handsaming av reelle hendingar, samt moglege forbettringspunkt. Det er vår vurdering at skriftlege evalueringar bidreg til å redusere risiko for manglande dokumentasjon på moglege forbettringspunkt og tiltak for framtidige øvingar og hendingar.</p>	<p>Kommunen bør ha rutinar for å gjere skriftlege evalueringar ved øvingar som avdekker forbettringspotensial.</p>
	<p>(2f) Har kommunen inngått og formalisert samarbeidsavtalar med relevante aktørar (private, offentlege, frivillige)?</p>	<p>Stord kommune er med i ei rekke regionale og interkommunale samarbeid. Samarbeida er sjeldan formalisert i avtale, men er ofte forankra i oppgåvefordelinga i den offentlege forvaltninga.</p>	
		<p>Vår vurdering er at kommunen bør ha ein oversikt over samarbeid med ikkje-offentlege aktørar som er vesentlege for kommunen i det sentrale beredskapsplanverket. Både for å syne dei samarbeida som er i dag, og for tydelig å syne område kommunen bør inngå samarbeid på. Vi har i faktaundersøkinga fått tilbakemelding på at det er oversyn over ikkje-offentlege samarbeidspartnarar. Vi vurderer det vidare som unødvendig for kommunen å ha samarbeidsavtalar med</p>	

	<p>offentlege aktørar som har beredskap som sine oppgåver.</p> <p>Vår vurdering er at det bør vere formaliserte samarbeidsavtalar med dei som skal yte overnatting i høve til kommunen sin beredskap. Vi meiner det kan gjere hotella betre budd på ei eventuell rekvirering. Samstundes ser vi det som ein svakheit i beredskapen at det i evakueringsplanen berre er planlagt for ein overnattingsstad. Det kan vere det nettopp er denne staden som brenn ned eller på annan måte er utilgjengeleg.</p>	<p>Kommunen bør vurdere å inngå avtale om beredskap med fleire overnattingsstader i, eller i tilknytning til, kommunen.</p>
Hensiktsmessighet		
Problemstilling	Vurderingar	Tilrådingar
<p>(3a) I kva grad er tilsette gjort kjend med beredskapsplanverk, ansvar og rutinar for handsaming innanfor dei ulike områda?</p> <p><i>I tråd med risiko og vesentlegvurderinga vil aktuelle områder i denne samanheng mellom anna vere digitale angrep, naturhendingar mv</i></p>	<p>Tilsette som sjølv arbeider med beredskapsplanverket er kjent med sin del, og i dei fleste tilfelle med planverket sin heilskap. Vi har likevel fått tilbakemelding på at det ikkje alltid er så mykje kjennskap til det generelle beredskapsplanverket. Blant dei tilsette på lågare nivå er det i liten grad merksemd på beredskapsplanverket. Vi vurderer kjennskapen blant leiinga og mellomleiarar som tilfredsstillande.</p> <p>I intervju er det gitt tilbakemelding på at dei tilsette ikkje kjenner beredskapsplanane, men at det blant leiarar og tillitsvalde synes som dei tilsette veit kor dei skal finne det. Det er og stadfesta utan atterhald at planverket er lett å finne fram i Compilo. Vi meiner dette syner at dei tilsette kan involverast meir i beredskapsarbeidet, mellom anna for å sikre god kontakt mellom dei som leier og dei som utfører krisehandsaminga i høve til planleggingsarbeidet.</p>	<p>Kommunen bør vurdere om dei tilsette bør vere meir aktivt med i revisjon av planane.</p>

	I revisjonsintervju er det gitt tilbakemelding om at det er manglande kontroll på om folk er kjent med/har lest planverket. I nokre beredskapsplanar er det vist til at tilsette må dokumentere at dei har lest planane.	Kommunen bør etablere rutinar for dokumentasjon av gjennomgang av beredskapsplanar for tilsette.
(3b) På kva måte blir det trekt lærdom frå øvingar og hendingar?	I fleire av einingane er det kome fram i intervju at det blir gjort munnlege gjennomgangar etter hendingar for dei personane som har behov for det. Det er òg lagt vekt på at alle ikkje behøver eller ønsker slike gjennomgangar. Det er grunngeve med at det kan vere ekstra belastande for enkelte å gå gjennom vanskelege episodar på nytt. Forvaltningsrevisor er ikkje samd i den vurderinga. Vi legg vekt på at alle som har vore involvert i ein episode bør delta i ein debrief for å kunne utveksle erfaringar og inntrykk seg imellom i gruppa. Vår vurdering er at det alltid bør vere ein munnleg gjennomgang av alvorlege hendingar, og at det ikkje bør vere frivillig. I faktaundersøkinga har vi fått stadfesta at kommune har rutinar for dette. Og at det er kommune sitt syn at det alltid skal vere ein gjennomgang etter ei hending.	
(3c) I kva omfang gis opplæring til dei som har ansvar dersom ei krise skulle skje?	Vår vurdering er at medlemmer i administrasjonen som har ei sentral rolle i krisehandsaming (KKL) er godt kjend med sitt ansvar og at det blir gitt opplæring i kriseleiing og beredskap. Det er ytra noko forbetringspotensial knytt til opplæring i proaktiv beredskapsleiing.	
	Det er gitt tilbakemelding om at opplæringa til dei tilsette i einingane og avdelingane er varierende og kan henge saman med manglande innføring og kjennskap til planverk. Vår vurdering er at manglande opplæring kan føra til usikkerheit og reduserer moglegheita til å handsame krisesituasjonar tilstrekkeleg.	Kommunen bør vurdere om tilsette kan gis opplæring i beredskapsarbeidet i eiga eining.

	<p>Inntrykket er at Stord kommune har satt i gang opplæring i høve IT-tryggleik gjennom KS-læring. Etter faktaverifikasjon er vi gjord merksame på at opplæringa har vore obligatorisk å gjennomføre til leiare og tilsette.</p> <p>Samstundes er det gitt tilbakemelding om at opplæringa i høve dataryggleik er ad-hoc, samt at det er uklart korleis og i kva grad einingsleiarane følgjar opp sitt ansvar for å sjå til at dei tilsette i eigen eining gjennomfører opplæringa som blir gitt. Basert på tilbakemeldinga i intervju, utfordringa knyta til å få opplæring ut i det ytste ledd (dagleg nivå), samt identifiserte tiltak i dei årlege risikoanalysane i samband med informasjonstryggleik, er vår vurdering at kommunen bør sikra kontinuitet og oppfølging av arbeidet med opplæring og kompetanseheving for alle kommunens tilsette.</p>	<p>Kommunen bør vurdere å samle arbeidet med IT-tryggleik, plan for opplæring i IT-tryggleik og oppfølging av opplæring i IT-tryggleik på same stad i kommunen, for å sikre betre oversyn over den generelle IT-tryggleika.</p>
<p>(3d) Opplever dei som har ansvar for oppgåver dersom kriser oppstår, tryggleik i samband med rutinar og handsaming?</p> <p><i>Aktuelle krisesituasjonar er eksempelvis digitale angrep, naturhendingar mv</i></p>	<p>Vår vurdering er at tryggleik hjå ansvarshavar vil avhenga av kva type hending som oppstår. Det er vår vurdering at enkelte hendingar kan utfordre tryggleiken. Kommunen har etter vår oppfatning ei realistisk haldning til omfanget av moglege kriser og evna til å løyse dei. Sjølv om kommunen innser at det ikkje er mogleg å planlegge for og løyse alle teoretiske hendingar er dei budd på både konkrete hendingar og uføresette hendingar kor beredskapsevna og evna til å agere blir sett på prøve.</p>	

Innhold

1. Innleiing	1
1.1 Bakgrunn og formål	1
1.2 Problemstillingar	1
1.3 Revisjonskriterier	2
1.4 Metode	3
2. Organisering av kommunens beredskapsarbeid	4
2.1 Revisjonskriterier	4
2.2 Fakta	4
2.3 Vurderingar	8
3. Rutinar, prosedyrar og sentrale styringsdokument	9
3.1 Revisjonskriterier	9
3.2 Fakta	10
3.3 Vurderingar	31
4. Subjektive oppfatningar av beredskapen	34
4.1 Revisjonskriterier	34
4.2 Fakta	34
4.3 Vurderingar	37
5. Tilrådingar	39
6. Fråsegn frå rådmannen	40
Vedlegg 1 Dokumentliste	40
Vedlegg 2 Revisjonskriterier	43

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn og formål

Kontrollutvalet i Stord kommune vedtok 15.10.2020 i sak 133-25 å bestille ein forvaltningsrevisjon på tema beredskap frå KPMG.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er todelt:

- ✓ Kartleggje korleis beredskapsarbeidet i kommunen er organisert
- ✓ Kartleggje og vurdere i kva grad den kommunale beredskapen er tilstrekkeleg for å kunne handsame krisesituasjonar i høve til beredskap, hendingar og katastrofar.

Forvaltningsrevisjonen er retta inn mot kommunen si organisering av beredskapsarbeid, og om dette arbeidet blir oppfatta som, og er tilstrekkelig, i tråd med føremålet og problemstillingane i denne prosjektplanen.

Forvaltningsrevisjonen er forbetningsorientert, og har som føremål å gi tilrådingar om tiltak der forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.

1.2 Problemstillingar

Forvaltningsrevisjonen gir svar på følgjande problemstillingar:

- 1) Korleis har Stord kommune organisert sitt beredskapsarbeid?
 - a) Korleis er ansvar for førebygging og beredskap fordelt i kommunen?
- 2) Er rutinar, prosedyrar og sentrale styringsdokument i tråd med overordna føringar?
 - a) Har kommunen gjennomført og oppdatert sin heilskaplege risiko- og sårbaranalyse og kva områder er del av denne?
 - b) I kva grad og korleis vert det gjort øvingar i forhold til krisehandsaming?
 - i) Innanfor kva område/beredskapssituasjonar?
 - c) Kva er innhaldet i beredskapsplanverket og kor ofte evaluerer/oppdaterer ein dei?
 - d) Har kommunen ein beredskapsplan for IKT, og korleis er denne samordna med anna planverk?
 - e) Korleis handsamar kommunen tema som kriseleiing, kommunikasjon, evaluering mv?
 - f) Har kommunen inngått og formalisert samarbeidsavtalar med relevante aktørar (private, offentlege, frivillige)?
- 3) I kva grad blir kommunen sitt krise- og beredskapsarbeid innanfor områda beredskap, hendingar og katastrofar oppfatta som hensiktsmessig?
 - a) I kva grad er tilsette gjort kjend med beredskapsplanverk, ansvar og rutinar for handsaming innanfor dei ulike områda?

- i) I tråd med risiko og vesentlegvurdering vil aktuelle område i denne samanheng mellom anna vere digitale angrep, naturhendingar mv.
- b) På kva måte blir det trekt lærdom frå øvingar og hendingar?
- c) I kva omfang gis opplæring til dei som har ansvar dersom ei krise skulle skje?
- d) Opplever dei som har ansvar for oppgåver dersom kriser oppstår, tryggleik i samband med rutinar og handsaming?
- i) Aktuelle krisesituasjonar er eksempelvis digitale angrep, naturhendingar mv.

1.2.1.1 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen handlar i hovudsak om kommunen si organisering av beredskap og korleis denne er oppfatta som tilstrekkelig. Det er vist til kommunen si evne til å handsame utvalde krisehendingar.

Forvaltningsrevisjonen er ikkje ei evaluering av kommunen si handsaming av koronapandemien, men gjennomgangen av kommunen sitt generelle beredskapsarbeid har kome innom problemstillingar knytt til handsaminga.

Faktainnsamlinga vart gjennomført og avslutta før Stord kommune blei råka av tredje bølge i koronapandemien i mars 2021.

1.3 Revisjonskriterier

Revisjonskriterier er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot. Revisjonskriterier må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Kjelder for å utleie revisjonskriterier har vore:

- ✓ Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova)
- ✓ Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- ✓ Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven)
- ✓ Lov om helsemessig- og sosial beredskap (helseberedskapsloven)
- ✓ Meld. St. 10 (2016-2017) Risiko i et trygt samfunn – samfunnssikkerhet
- ✓ Meld. St. 5 (2020-2021), Samfunnstryggleik i ein usikker verden
- ✓ DSB sin rettleiar i heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i kommunen
- ✓ DSB sin rettleiar i planlegging, gjennomføring og evaluering av øvingar
- ✓ DSB sin rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt
- ✓ NOU 2012 14: Rapport fra 22. juli kommisjonen
- ✓ NOU 2018 14: IKT-tryggleik i alle ledd

Revisjonskriterier som er nytta er gjort nærmare greie for i Vedlegg 2 Revisjonskriterier.

1.4 Metode

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med krava i RSK001 Standard for forvaltningsrevisjon¹.

For å svare på problemstillingane er følgjande teknikkar brukt for å samle inn data:

- ✓ Dokumentinnsamling og analyse
- ✓ Intervju

Til grunn for rapporten ligg ein gjennomgang og analyse av sentrale dokument opp mot revisjonskriteria. Liste over mottatt dokumentasjon er inntatt i vedlegg 1.

Det er gjennomført 13 intervju. Vi har snakka med:

- ✓ Fungerande ordførar
- ✓ Kommunedirektør
- ✓ Kommunalsjef
- ✓ Kommuneoverlege
- ✓ Brannsjef
- ✓ IT-sjef
- ✓ To einingsleiarar
- ✓ To avdelingsleiarar
- ✓ Tre tillitsvalde

Intervju har vore ei sentral informasjonskjelde, og utvalet av personar er basert på forventa informasjonsverdi, personane si erfaring og formelt ansvar i høve til forvaltningsrevisjonen sitt formål og problemstillingar. Formålet med intervju har vore å få utfyllande og supplerande informasjon til dokumentasjonen vi har motteke frå kommunen. Data frå intervju er verifisert av respondentane, dvs. at respondentane har fått moglegheit til å lese igjennom referata og gjere eventuelle korrigeringar.

Datainnsamlinga vart avslutta 09.03.2021.

Rapport er sendt rådmannen til faktaverifikasjon 19.03.2021 og til uttale den 09.04.2021 med høyringsfrist den 23.04.2021.

¹ Utgitt av Norges Kommunerevisorforbund.

2. Organisering av kommunens beredskapsarbeid

I dette kapitlet svarer vi ut hovudproblemstilling 1 «Korleis har Stord kommune organisert sitt beredskapsarbeid» samt underproblemstilling 1 a) «Korleis er ansvar for førebygging og beredskap fordeling i kommunen».

2.1 Revisjonskriterier

I dette kapitlet vert revisjonskriterier baserte på dei fire grunnleggande prinsippa for samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeid. Kjelde for å utlede revisjonskriteriene har vore:

- ✓ Meld. St. 10 (2016-2017) Risiko i eit trygt samfunn – samfunnssikkerhet

Vi presenterer kort dei grunnleggande prinsippa, då dei har særlig betydning for hensiktsmessig organisering av beredskap og sikkerheitsarbeidet både i før-krisefasen og under faktiske hendingar:

Ansvarsprinsippet inneber at den organisasjonen som har ansvar for eit fagområde i ein normalsituasjon, også har ansvaret for nødvendige beredskapsførebuingar og for å handtere ekstraordinære hendingar på området.

Likskapsprinsippet viser til at den organisasjonen ein opererer med under kriser i utgangspunktet skal vere mest mogleg lik den organisasjonen ein har til dagleg.

Nærleiksprinsippet betyr at kriser organisatorisk skal handsamast på lågast mogleg nivå.

Samvirkeprinsippet viser til at verksemder har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

For utdjuping av revisjonskriterier sjå vedlegg 2.

2.2 Fakta

2.2.1 Organisering av beredskap i Stord kommune

Beredskapsarbeidet i Stord kommune er organisert som eit av to ansvarsområde til kommunalsjef for RHO og assisterande rådmann. Kommunalsjefen RHO er beredskapsansvarleg. I dette ligg det mellom anna eit ansvar for å sikre at kommunen har eit fungerande beredskapsystem som er i stand til å handsame ulike krisesituasjonar.

Ved kriser og katastrofar som krev samhandling og koordinering på høgare nivå, vert kommunen si kriseleiing aktivert. Kommunen har også etablert ulike kriseteam og samordningsgrupper som vert involverte i handsaming av krisesituasjonar etter behov. Vidare har Stord kommune ei beredskapsgruppe som har ein koordinerande funksjon overfor beredskapsarbeidet i kommunen. Organiseringa av beredskapsarbeidet følger også linjene i organisasjonskartet, som vil sei at den enkelte eininga skal ta hand om sikkerhet og beredskap i eiga teneste.

Vår forståing er derfor at store deler av beredskapsarbeidet vert organisert og teke hand om gjennom følgjande grupper og funksjonar:

- ✓ Kommunal kriseleiing
- ✓ Beredskapsgruppa
- ✓ Kommunen sine einingar
- ✓ Kriseteam og samordningsgrupper

I følgjande avsnitt vert desse presentert nærare.

2.2.1.1 Kommunen si kriseleiing

Kommunen si kriseleiing (KKL) er kommunen sitt øvste organ for å handsame hendingar og kriser. Kriseleiinga vert etablert ved hendingar som går ut over det førstelinetenesta (politi, brann, helse) handterer. Overordna beredskapsplan syner til at kriseleiinga består av rådmann, assisterande rådmann (kommunalsjef RHO), kommunalsjef, ordførar og einingsleiar for Fellestenester. Tabellen under gir ei kort forklaring av kva som inngår i ansvaret til dei ulike personane.

Medlemmer i kommunal kriseleiing	Ansvar og arbeidsoppgåver
Rådmann	Rådmann er leiar for kriseleiinga. Han skal ta avgjerd om krisehandtering i samarbeid med kriseleiinga, halde kontakt med LRS, Statsforvaltaren og andre eksterne samarbeidspartnarar samt i samråd med kriseleiinga vedta at krisen er over og at kommunen går tilbake til vanleg drift.
Assisterande rådmann	Assisterande rådmann skal vera rådmannen sin avløyser, følgja opp tiltak i overordna beredskapsplan i ettertid, summera opp og evaluera hendinga i ettertid og ha kontakt med einingsleiarar eller andre som har operativ leiing for hendinga utanom kriseleiinga.
Ordførar	Ordførar skal som regel gjennomføre pressekonferansar/pressemeldingar og uttale seg på vegne av kommunen.
Kommunalsjef	Kommunalsjef skal sørge for ev vaktplan/naudsynt avløysering og forpleiing av kriseleiinga og ev andre ressurspersonar; halde oversikt over og disponere ressursar i stab/einingar; ivareta dei tilsette og utarbeide pressemeldinga, ev i samarbeid med aktuelle ressurspersonar.
Einingsleiar Fellestenestene	Einingsleiar Fellestenestene har ansvar for ekstern og intern kommunikasjon inklusiv nødnett; mobilisering av andre tilsette i Fellestenester som får ansvar for informasjon (Informasjonsstab); å opprette informasjonskanalar ut til publikum/pårørande. Einingsleiararen er bindeledd mellom kriseleiing og Informasjonsstab, der leiar i kriseleiinga avgjer kva informasjon som skal vidareformidlast. Einingsleiararen skal orientere Informasjonsstab om status, tiltak og aktivitetar som har betyding

for informasjonsarbeidet deira; orienterer kriseleiinga om infoaktivitetar/-råd og status "ute" og er vara loggførar.

Tabell 1: Oversyn over KKL

Kriseleiinga består slik sett både av folkevalde og representantar frå administrasjonen i kommunen. Av revisjonsintervju med medlemmer i kriseleiinga kjem det fram at ordførar for fleire år sidan var leiar av kriseleiinga. Denne løysinga har ein gått bort frå. I dag følgjer kommunen prinsippet om at den faste organiseringa òg skal gjelde i krisesituasjonar.

Alt etter kva situasjon som oppstår vil andre ressurspersonar kunne tiltre kriseleiinga. Dette betyr i praksis at dei personane som har ansvar for ein funksjon eller har kompetanse av særleg relevans for ei oppstått hending kan involverast i kriseleiinga. Under revisjonsintervju vert det nemnd at alle einingsleiarane kan trekkast inn dersom behovet melder seg.

I revisjonsintervju har vi spurt alle informantar om dei meiner kriseleiinga er hensiktsmessig organisert og består av ressursar med riktig kompetanse. Svare viser at det er samstemte meiningar om at gruppa har rett samansetting, og dekker dei viktigaste kompetanseområda. Løysinga med at relevant personell vert trekt inn ved behov er ein god mekanisme som sikrar tilstrekkeleg kunnskap for å handsame krevjande situasjonar som går på tvers av tenesteområda eller råker eit tenesteområde særskilt. Vidare vert det rekna som viktig at kriseleiinga ikkje består av for mange medlemmer, samt at det er gunstig at fagpersonar kunn vert involverte dersom det er behov. Dersom medlemmer frå enkelte tenesteområde hadde vore involvert fast i kriseleiinga kunne dette medført at ein behandlar for detaljerte spørsmål. Kriseleiinga skal halde seg på eit overordna nivå og ha overblikk ved ein krisesituasjon.

2.2.1.2 Beredskapsgruppa

Som ein del av beredskapssystemet er det etablert ei beredskapsgruppe som handsamar og koordinering beredskapsarbeidet i kommunen til dagleg. Gruppa er tverrfaglig samansett og har fem faste medlemmer. Dei fem faste medlemmene er assisterande rådmann, kommuneoverlege, brannsjef, ein representant frå Fellestenester og ein representant frå løn og personal. Vi er også gjort merksam på at andre ressurspersoner vert trekte inn i arbeidsgruppa ved behov.

Overordna beredskapsplan syner at beredskapsgruppa har ansvar for følgjande oppgåver:

- ✓ Revisjon av kommunen sin beredskapsplan.
- ✓ Syta for at ROS-analyser blir gjennomførte i kommunale einingar.
- ✓ Justere endringar i beredskapsplan sidan siste gjennomgang.
- ✓ Klargjere behov for og omfang av revisjon og rullering.
- ✓ Avgjere føremålet med kva deler av planverket og kva einingar som skal omfattast av revisjonen.
- ✓ Avgjere om det er aktuelt å gjennomføre verifikasjonar og øvingar.

I tillegg til å fungere koordinerande overfor beredskapsarbeidet på eit overordna nivå i kommunen, har gruppa ein koordinerande og rådgjevande funksjon ut mot einingane. Dei rådgjevande og koordinerande tiltaka som vart nemnt under revisjonsintervju med medlemmer i beredskapsgruppa består av:

- ✓ Utarbeiding av malar for beredskapsplanar einingane kan nytte seg av.
- ✓ Gjennomgang og tilbakemeldingar på beredskapsplanar.
- ✓ Opplæring i beredskap og einingsleiarane sitt ansvar i samband med dette.
- ✓ Rettleiing i kva krisesituasjonar det er aktuelt å planlegge for.

2.2.1.3 Organisering av beredskap i eining og verksemder

I utgangspunktet har dei ulike einingane i Stord kommune ansvar for å organisere beredskapsarbeidet i eiga eining. Det er utarbeidd ein mal av beredskapsgruppa for korleis beredskapsplanane kan sjå ut, men samstundes kjem det fram både av revisjonsintervju og gjennomgang av tilsende

beredskapsplanar at det er stor variasjon i format og innhald, og spesielt mellom dei ulike tenesteområda som eksempelvis oppvekst og helse. Under revisjonsintervju vert det nemnt at dette i utgangspunktet er uproblematisk så lenge beredskapsplanane er dekkande for å kunne handtere krisesituasjonar.

Forvaltningsrevisor har fått totalt 25 beredskapsplanar. 16 av desse beredskapsplanane er utarbeidd på, og gjeldande for, einingsnivå og verksemd-nivå². I beredskapsplanverket for dei ulike einingane visast det til at det er einingsleiar som i hovudsak har overordna ansvar for beredskapsarbeidet i eiga eining, inkludert revisjon av beredskapsplan. For skular og barnehagar finn vi liknande oppsett. Rektor eller styrar står oppført som leiar av eininga si beredskapsgruppe. Av beredskapsplanane kjem det fram at desse også er ansvarlege for oppdatering av beredskapsplanen, samt å gjennomgå og øva på den med dei tilsette. Beredskapsplanane vert presenterte nærare i kapittel 3.

2.2.1.4 Kriseteam og samordningsgruppe Rehabilitering, helse og omsorg (RHO)

I 2019 brukte kommunen mykje tid på å organisere den psykososiale krisegruppa. På same måte som med kriseleiinga er dette ei gruppe som kan aktiverast ved ekstraordinære hendingar som kan leia til traumatiske situasjonar for dei involverte og pårørande. Kriseteamet består av medlemmer med ulik fagbakgrunn. Dette er for eksempel spesialisering innan diakon, rus, barnevern, voksen psykiatri og barne- og ungdomspsykiatri. Dette gjer at ein kan respondera på ulike hendingar og scenario. Kriseteamet har også ansvar for evakueringssenteret dersom det oppstår større hendingar.

Varslinga til kriseteamet går enten frå kommunen si kriseleiing eller legevakta til ein av leiarane i teamet. Dersom leiaren av teamet ikkje er tilgjengeleg går varslinga vidare til dei to nestleiarane.

Overordna beredskapsplan syner også til at det er etablert ei samordningsgruppe innanfor RHO-området. Føremålet med denne gruppa er å samordne tiltak for å medverke til nødvendig helsehjelp i ein krisesituasjon. Gruppa består av einingsleiarane innanfor RHO-området og er leia av einingsleiar for heimebaserte tenester. Dei andre medlemmane av gruppa er leiar for Kundetorget og helse- og sosialkonsulent i kommunen. Kriseleiinga kan aktivere samordningsgruppa.

2.2.2 Varslingsrutinar og prinsippa for krisehandsaming

Tenkinga er at handsaming av krisesituasjonar skal skje mest mulig etter ordinær organisering. Dette betyr at dei som har ansvar for ulike tenester også er dei som handsamar situasjonar dersom det vedkjem deira tenester. Likevel er kriseleiinga og kommunen sin beredskapsansvarleg (kommunalsjef RHO) tilgjengeleg dersom einingane treng hjelp. Vi er òg gjort mersame på at kommunalsjef OKU (oppvekst og kultur) i praksis hjelper skular og barnehagar med deira behov. Ved uønskte hendingar der einingane treng bistand er det ofte beredskapsansvarleg i kommunen som blir kontakta fyrst. Vidare på kommunen si varslingsliste for kven ein skal kontakte står rådmann og kommunalsjef.

2.2.3 Beredskap som ein del av drift

Beredskapsarbeidet er ikkje tildelt ein eigen ressurs i kommunen. Det er spreidd på fleire og koordineringa er lagt til kriseleiinga. Fleire av intervjurespondentane har ymta frampå at det kan vere hensiktsmessig med ein fast ressurs for koordinering av kommunen sitt beredskapsarbeid. Samstundes synes det på forvaltningsrevisor som tydeleg at det at einingsleiarane har eigarskap til eige beredskapsarbeid er med på å auke medvita om beredskapen i kommunen, både i eiga eining og som heilskap.

² Med virksomhetsnivå henviser vi til avdelinger eller virksomheter som er underlagt enheter eller sektorområder i kommunen. Eksempelvis beredskapsplaner til spesifikke skoler og barnehager.

2.3 Vurderingar

Forvaltningsrevisors samla intrykk er at organiseringa av beredskapsarbeidet i Stord kommune i stor grad følg linjene i driftsorganisasjonen, sjølv om det òg er tillagt eit koordinerande og overordna ansvar til ressursar på administrativt nivå. Vår vurdering er derfor at Stord kommune sitt beredskapsarbeid er organisert i tråd med dei grunnleggande prinsippa for samfunnstryggleik og beredskap. Prinsippa er ivaretatt ved at einingane sjølv er ansvarlege for å organisere beredskapsarbeidet i eigen eining og teneste, samt at dei har ansvar for nødvendige førebyggjande tiltak. Det er òg etablert gruppe og team for samordna innsats og samvirke i krisesituasjonar. Dette vurderer forvaltningsrevisor som positivt og meiner det synar eksempel på korleis kommunen har arbeida med å sikre samvirke mellom relevante aktørar i arbeidet med beredskap og krisehandsaming.

På bakgrunn av tilbakemeldingar frå fleire av dei sentrale tilsette knytt til beredskapsarbeidet i Stord kommune har vi gjort ei vurdering av om bemanninga knytt til beredskapsplanlegging er forsvarleg. På administrativt nivå er det fleire ressursar som har beredskap i tillegg til ordinære arbeidsoppgåver. Dei har lite å støtte seg på og evna til å koordinere beredskapen i kommunen er samla på få personar og i hovudsak kommunalsjef for RHO (beredskapsansvarleg). Tilbakemeldingane me har fått er òg at ein del av arbeidet med å administrere og koordinere beredskapen ligg så langt oppå andre arbeidsoppgåver at det er avhengig av prioritering hjå dei tilsette, noko som til dels bidreg til å gjere kvaliteten på beredskapsarbeidet person-avhengig. På bakgrunn av det vurderer me det som tilrådeleg at kommunen styrkar dei administrative ressursane knytt til planlegging og koordinering i beredskapsarbeidet.

3. Rutinar, prosedyrar og sentrale styringsdokument

I kapittel 3 svarer vi ut hovudproblemstilling 2 «Er rutinar, prosedyrar og sentrale styringsdokument i tråd med overordna føringar?» med underproblemstilling 2 a), «Har kommunen gjennomført og oppdatert sin heilskapelege risiko- og sårbaranalyse og kva område er del av denne?», 2 b) «I kva grad og korleis vert det gjort øvingar i samband med krisesituasjonar», 2 c) «Kva er innhaldet i beredskapsplanverket og kor ofte evaluerer og oppdaterer ein dei?», 2 d) «Har kommunen ein beredskapsplan for IKT, og korleis er denne samordna med anna planverk?», 2 e) «Korleis handsamar kommunen tema som kriseleiing, kommunikasjon, evaluering mv?», samt 2 f) «Har kommunen inngått og formalisert samarbeidsavtaler med relevante aktørar (private, offentlege og frivillige?».

Kapitlet er strukturert på følgjande måte:

- ✓ Heilskapleg ROS-analyse
- ✓ Beredskapsplanar
- ✓ Øvingar og evaluering
- ✓ Kriseleiing og kommunikasjon
- ✓ Samarbeidsaktørar

3.1 Revisjonskriterier

Følgjande revisjonskriteriar er benytta:

- ✓ Sivilbeskyttelsesloven
- ✓ Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- ✓ DSB sin rettleiar til heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse i kommunen
- ✓ DSB sin rettleiar i planlegging, gjennomføring og evaluering av øvingar
- ✓ DSB sin rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt
- ✓ Meld. St. 10 (2016-2017) Risiko i et trygt samfunn – samfunnssikkerhet
- ✓ Meld. St. 5 (2020-2021), Samfunnstryggleik i ein usikker verden
- ✓ NOU 2012 14: Rapport frå 22.juli kommisjonen
- ✓ NOU 2018 14: IKT-tryggleik i alle ledd

For nærare utdjuping av revisjonskriteriane, sjå vedlegg 2.

3.2 Fakta

3.2.1 Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse

Den heilskaplege ROS-analysen er eit samarbeidsprosjekt mellom Stord og Fitjar kommune. ROS-analysen blei sist revidert i 2014 av ei gruppe beståande av representantar frå ulike einingar i Stord kommune supplert med representantar frå Fitjar kommune. Formelt sett skal analysen reviderast kvart fjerde år. Av revisjonsintervju kjem det fram at Stord kommune no jobbar med å få analysen på plass i 2021 og ventar på avklaring frå Fitjar om eit mogleg samarbeid med rulleringa. Noko av grunnen til at analysen ikkje har vore revidert etter planen vert forklart med utbrotet av covid-19, og at Stord kommune ikkje har hatt ressursar til å gjennomføre analysen på eit tidlegare tidspunkt.

3.2.1.1 Heilskapleg ROS revidert 2014

I delen om metode syner ROS-analysen til at prosjektgruppa har nytta lokalkunnskap, erfaring og skjønn frå fagfolk i kommunen supplert med tilgjengeleg statistikk for vurderinga av sannsyn. På område kor lokalkunnskap var mangelfull har det vore nytta informasjon frå internett og institusjonar utanfor kommunane. Analysen viser også til at Stord og Fitjar kommunar har ulike godkjente kriterium for sannsyn, konsekvens og aksept, noko som bidrar til noko auka kompleksitet i gjennomføringa av analysen. Det er matrisa som er mest i samsvar med Fitjar kommune sine kriterier som vart nytta i revideringa i 2014.

ROS-analysen viser resultatane av kommunane sine vurderingar knytt til risiko ved ulike uønskte hendingar som kan inntreffe i kommunane. Hendingane er vurdert etter faktorane sannsyn og konsekvens. Analysen er inndelt i fire hovudkategoriar, som handsamar ulike underområde. Desse er presentert i tabellen under:

Hovudkategori	Underområde
Svikt i infrastruktur	<ul style="list-style-type: none">• Energi• Telekommunikasjon• IKT• Gass• Veg• Vatn og avlaup• Hamn• Flyplass
Fiskeoppdrett og landbruk	<ul style="list-style-type: none">• Brann i husdyrrom• Fiskeoppdrett• Smittsame husdyrsjukdommar
Storulykker, masseskader, helseberedskap og epidemiar	<ul style="list-style-type: none">• Storulukke og masseskade (kjemikalieulukke ved farleg gods, eksplosjonar og større brannar)• Helseberedskap (prehospitale tenester, helseføretak og kommunal beredskap, terror)• Epidemiar
Klimaendringar, naturulukker og akutt forureining.	<ul style="list-style-type: none">• Sterk vind• Flaum• Ekstrem nedbør• Høg vasstand• Ras og skred• Jordskjelv• Radonstråling• Skog og grasbrannar• Miljøskadeleg utslepp frå transport langs vegar• Miljøskadeleg utslepp frå landbasert industri

Kapittel 4 i ROS-analysen tek føre seg kategorien om svikt i infrastruktur. I denne delen av analysen er underområda stort sett nøye gjennomgått med informasjon, vurderingar og risikomatriser. Enkelte av underområda (eks telekommunikasjon og IKT) består av meir generelle vurderingar, sjølv om dette er tenester som i dagens samfunn i større grad vert nytta på tvers av infrastruktur og samfunnsfunksjonar.

Kapittel 5, som tek føre seg fiskeoppdrett og landbruk, er det kortaste i ROS-analysen, men har likevel gode, utdjupande og beskrivande risiko- og sårbarheitsvurderingar.

Innan kategorien om storulukker, masseskadar, helseberedskap og epidemiar, kapittel 6, er det fokus på større hendingar og situasjonar. Kapittelet tek også føre seg ei stor mengde kategoriar av hendingar innan dei ulike underområda.

Siste kategori, klimaendringar, naturulykker og akutt forureining, er omtalt i kapittel 7. Dette er den lengste av dei fire hovudkategoriane, og analysen ber preg av at ein har vurdert ut i frå ei rekke lokale forhold. Kategorien har også ei stor mengde tiltak som vert nemnt for vurdering.

Sjølv om analysen i stor grad er utfyllande og detaljert, er nokre områda gjennomgått med varierende grad av djupn. Det er òg under nokre underområde vist mindre til korleis uønskte hendingar innan eit område kan påverke andre område. Eksempelvis vert det i kapittel 4 vist til at telenettet³ har god oppetid og at det difor kan nyttast i krisesituasjonar, men det er ikkje påpeikt kva risiko ein har dersom nettet skulle falle saman. I kapittelet om «sterk vind», blir det innleiingsvis vist til at storm i 2011 førte til straumbrot og mobilbrot. Det er likevel ikkje vist til kva for konsekvensar hendingar initiert av sterk vind kan ha for bortfall av IKT.

3.2.1.2 Tilsyn

Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte eit tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Stord kommune i 2019. Føremålet var å kontrollere om kommunen etterlevde krav i lov og forskrift om oppfølging av kommunal beredskapsplikt i sivilbeskyttelseslova og i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Av tilsynsrapporten kjem det fram at Stord kommune hadde ei god forståing for tema som vart tatt opp under tilsynet. Det vart ikkje avdekkja avvik i høve til krav i lov og forskrift, men rapporten viser til at Stord kommune har nokre forbettringspunkt i oppfølginga av kommunal beredskapsplikt. Av desse omhandla ein av merknadane kommunen sin heilskaplege ROS-analyse. I samband med dette vart det vist til følgjande forbettringsområde:

- ✓ ROS-analysen bør ved neste revisjon bli meir spesifikk i kartlegginga og vurderingane av kva konkrete konsekvensar uønskte hendingar kan få for kritiske samfunnsfunksjonar og kva evne kommunen har til å oppretthalde verksemda si ved uønskte hendingar.
- ✓ ROS-analysen bør vere meir utfyllande om kva følgjer ein del uønskte hendingar kan få for kommunen som organisasjon, særleg om kva som er oppgåvene til kommuneleiinga.
- ✓ ROS-analysen bør i større grad spesifisere kva førebyggjande tiltak som kan vere aktuelle innanfor ulike risikoområde.
- ✓ ROS-analysen bør òg i større grad synleggjere kva som er gjort av kartleggingar og vurderingar av sårbarheit i utbygde område.

Under revisjonsintervju gjer kommunen tilbakemelding om at dei var klar over at Statsforvaltaren ville påpeike manglande oppdatering av ROS-analyse, og merknadene var slik sett ikkje overraskande.

³ Sjølv om eksempelet me synar til er eit fibernett bygd av Fitjar kraftlag trekkar vi det fram sidan ROS-analysen er for begge kommunane, samt at Stord og Fitjar no òg er i samtale om å utarbeide neste heilskaplege ROS-analyse i lag.

3.2.2 Beredskapsplanverket

Forvaltningsrevisor har fått tilgang til ei rekke av kommunen sine beredskapsplanar på overordna nivå og på einingsnivå. I det følgjande gir vi ei kort oppsummering av innhaldet i planane.

3.2.2.1 Overordna beredskapsplan

Den overordna beredskapsplanen er elektronisk tilgjengeleg for dei som kjenner nettadressa. Planen er delt i ein operativ og ein administrativ del, med vedlegg til kvar del. Den operative delen av beredskapsplanen tek føre seg:

- ✓ Varsling
- ✓ Oppgåver og ansvar
- ✓ Telefonliste til KKL og internt ressurspersonell
- ✓ Varslingsliste
- ✓ Interne beredskapsressursar
- ✓ Plan for evakuering
- ✓ Samfunnskritiske bygg og anlegg
- ✓ Kontaktinformasjon til overordna instansar
- ✓ Tiltakskort
- ✓ Kontaktinformasjon til eksterne ressursar

Under delen om varsling skildrar planen kven ein kan varsle til i kommunen. Rådmann er hovudkontaktperson, men det er også vist til tre kommunalsjefar dersom rådmannen er fråverande. Om det kjem varsel frå overordna mynde vil det gå via Statsforvaltaren og bli sendt på e-post til heile beredskapsleiinga.

Under same del er det også skildra korleis ein set i verk kommunal kriseplan. I denne delen av planen er det klart definert kva som skal gjerast, korleis kriseleiinga skal kontaktast og kven som har ansvar for kvar oppgåve. Varslinga av kriseleiinga og naudsynt ressurspersonell tek utgangspunkt i telefon eller Varsling 24. Det er ikkje synt til alternative former for varsling om telefon og internett skulle vere ute av drift.

Under delen om oppgåve og ansvar skildrar kommunen kva ansvar som ligg til dei einskilde rollene i KKL og andre ressurspersonar som kan gå inn i kriseleiinga ved behov. Det er vidare skildra ansvarsfordeling opp mot Politiet og statsforvaltaren samt ansvar for økonomi, loggføring og rapportering. Til sist er det presisert at KKL kan organiserast med ei skiftordning og at denne skal overføre samla situasjonsbilde ved skift-byte.

Delane om telefon og kontaktliste til KKL og internt ressurspersonell samt delen om kontaktinformasjon til overordna instansar og delen om kontaktinformasjon til eksterne ressursar gir oversyn over relevant kontaktinformasjon til alle som har ei rolle i kommunen sin beredskapsplan.

Delen om interne beredskapsressursar er ei liste over ressursar kommunen har til rådvelde. I lista er det vist til konkrete vedlegg som tek føre seg den einskilde ressursen.

Delen om plan for evakuering gir oversyn over organiseringa av evakueringsarbeidet og syner til at det er politimesteren i politidistriktet som har avgjerdslerett i høve til å beordre evakuering. Delen viser vidare til at det i høve til evakuering av institusjonsplassar kan vere nødvendig å nytte ressursar frå helseforetaket, høgskulen eller nabokommunane. Det er vist til samordningsplan for rehabilitering, helse- og omsorg i dette punktet. Til sist er det lista opp konkrete samlingsstader som kan nyttast i tre deler av kommunen. Delen har også eit vedlegg som handlar om Tilflyttings-/innkvarteringnemnd kor det er skildra kva einskilde personar har ansvar for og kven som er medlem av nemnda.

Kommunen har ein eigen plan for evakuerte- og pårørandesenter (EPS). Det er ikkje vist til denne i delen om evakuering, men den er vist til i lista over vedlegg. Planen er ei eiga fil som kan lastast ned direkte frå vedleggslista.

Delen om samfunnskritiske bygg og anlegg er ei nedlastbar fil som gir oversikt over bygg og anlegg med mellom anna adresse, bruksnamn og geografisk lokasjon i bredde og lengdegrad.

Delen om tiltakskort syner til ni tiltakskort som er lenker til vedlegg gjengitt på beredskapsplansida. Tiltakskorta skildrar konsekvensen av hendingar og kva tiltak ein skal gjennomføre. Tre av tiltakskorta gjeld Varsling 24 og syner ein systematisk gjennomgang av korleis ein varslar i systemet.

Den administrative delen av planen tek føre seg:

- ✓ Beredskapsgruppe
- ✓ Mål og strategi for beredskapsarbeid i Stord kommune
- ✓ Førebyggjande og konsekvensreducerande tiltak
- ✓ Planar for skadereuserande tiltak
- ✓ Revisjon av overordna beredskapsplan
- ✓ Kontinuitetsplanlegging
- ✓ Kategorisering og prioritering av tenestene
- ✓ Definisjonar og prinsipp for beredskapsarbeidet i Stord kommune
- ✓ Samordningsplan for rehabilitering i Helse og omsorg

Under delen om beredskapsgruppe er det skildra kven gruppa består av og kva ansvar og oppgåver gruppa har som eining. Det er vidare skildra eit beredskapsråd som består av aktørar utanfor kommunen som har ein funksjon inn i kommunen sitt beredskapsarbeid.

Under delen om mål og strategi er det vist til kommunen sine hovud- og delmål for det kommunale beredskapsarbeidet. Hovudmålet er å utvikla eit handteringsapparat som kan redusera konsekvensane av krise-, katastrofe og krigssituasjonar. Delmåla for kommunen sitt beredskapsarbeid består av fire punkt:

- ✓ Stord kommune har ei leiing som er mentalt førebudd på ein krisesituasjon og er handlingsorientert dersom ein slik situasjon oppstår.
- ✓ Kommunen har etablert kommunal kriseleiing (KKL) og eigen plan er laga for dette.
- ✓ Risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS) er eit sentralt verkemiddel når det gjeld førebygging og utarbeiding av delplanar.
- ✓ Øving og opplæring vert gjennomført jamleg.

Delen om førebyggjande og konsekvensreducerande tiltak består av fire tiltak der det er fordelt ansvar til høvevis kommunestyret for eit av tiltaka og rådmann for to av dei.

Delen om planar for skadereuserande tiltak inneheld seks tiltak der kommunen har fordelt ansvar mellom rådmann og ordførar. På to av tiltaka er ansvaret lagt både til rådmann og einingsleiarane. Dette gjeld tiltak som er retta mot kommunen sine beredskapsplanar.

I delen om revisjon av overordna beredskapsplan blir ansvaret for revisjon lagt til beredskapsgruppa. Det er oppgitt tre konkrete punkt som beredskapsgruppa har ansvar for:

- ✓ Revisjon av einingane sine beredskapsplanar
- ✓ Opplæring
- ✓ Øvingar

Delen om kontinuitetsplanlegging legg føring for einingane sin målsetnad i einingane sine beredskapsplanar. For alle gjeld ei forventning om fortsatt drift og for helse gjeld i tillegg ei forventning

om å planlegge for auka trong på tenester. Det også er vist til Samordningsplan for rehabilitering, helse og omsorg.

I delen om kategorisering/prioritering av tenestene er det lista opp 35 tenester som er delt inn i kategoriane A til D. Kvar av kategoriane angir rammene for tidsavbrot på tenestene. Inndelinga er:

- A: Kontinuerlig drift
- B: Driftsavbrot inntil 2 dagar
- C: Driftsavbrot inntil ei veke
- D: Driftsavbrot lenger enn ei veke

Delen om definisjonar og prinsipp for beredskapsarbeidet i Stord kommune skildrar korleis kommunen skal forstå einskilde omgrep og kva prinsipp som skal nyttast. Desse er vist i Tabell 2 og Tabell 3.

Definisjonar	
Beredskap	Planleggje og førebu handlingar for å møte ulykker og andre hendingar som frå innhald eller storleik går ut over det som vert rekna som normalrisiko og normalbelastning i fredstid.
Samfunnstryggleik	Samfunnet sin evne til å halde oppe viktige funksjonar og ta hand om folk sine behov under ulike større uønskte hendingar.
Skadeførebyggjande tiltak	Tiltak som kan skildrast som settast inn mot årsaker til at uønskte hendingar oppstår , og reduserer sannsyn for at disse oppstår.
Evakuering	Evakuering er definert som flytting av personar etter avgjerd av myndigheter på grunn av ein akutt fare ei eit område.

Tabell 2: Definisjonar i overordna beredskapsplan.

Prinsipp	
Ansvarsprinsippet	gjev at den som har ansvar i ein normalsituasjon også har eit ansvar i tilfelle ekstraordinære hendingar.
Likskapsprinsippet	gjev at den organiseringa ein vel under ei krise skal vere mest mogleg lik den daglege organiseringa.
Nærleiksprinsippet	gjev at kriser skal handterast på lavast mogleg nivå.
Samvirkeprinsippet	set krav til at mynde, verksemd eller etat har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemdar i arbeidet med førebyggjande beredskap og krisehandtering.

Tabell 3: Prinsipp i overordna beredskapsplan.

Den siste delen er samordningsplan for rehabilitering, helse og omsorg. Denne er omtala i 0.

I tabellen under er det gjort ein skjematisk gjennomgang av korleis den overordna beredskapsplanen oppfyller krava til beredskapsplan i forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 Beredskapsplan. Forskrifta stiller krav om innhaldet i kommunen sin beredskapsplan. Tabellen under tek utgangspunkt i

det som er vist i den overordna beredskapsplanen, eller som er vist til direkte frå den overordna beredskapsplanen.

Beredskapsplanen skal som eit minimum innehalde:	Stord kommune sin beredskapsplan inneheld:
<p>Ein plan for kommunen si kriseleiing som gjev opplysningar om kven som utgjer kommunen si kriseleiing og deira ansvar, roller og fullmakter, herunder kven som har fullmakt til å bestemme at kriseleiinga skal samlast</p>	<p>Medlemmer</p> <p>Rådmann, Ordførar, Assisterande rådmann, Kommunalsjef, Einingsleiar Fellestenester, Skrivar/loggførar</p> <p>Ansvar, roller og fullmakter</p> <p>Skildra i planen for alle utanom skrivar/loggførar</p> <p>Fullmakt til å sette i verk KKL</p> <p>Den i kriseleiinga som får varsel om situasjonen eller hendinga avgjer om kriseleiinga skal etablerast.</p>
<p>Ein varslingsliste over aktørar som har ein rolle i kommunens krisehandtering. Kommunen skal informere alle som står på varslingslista om deira rolle i krisehandteringa</p>	<p>Varslingsliste</p> <p>Det er varslingsliste for KKL, beredskapsrommet, brann, politi, ambulanse, AMK, legevaktsentral. I vedlegga i planen er det lister over funksjonar knytt til alle høve planen tek opp.</p>
<p>Ein ressursoversikt som skal innehalde opplysningar om kva ressursar kommunen sjølv har til rådighet og kva ressursar som er tilgjengelige hos andre aktørar ved uønskte hendingar. Kommunen bør på forhand inngå avtaler med relevante aktørar om bistand under kriser</p>	<p>Ressursar hjå kommunen</p> <p>I planen er det lista opp beredskaps plasser barnehage; beredskapsrom og utstyr; naudnett; køyretøy; helikopterlandingsplassar; psykososialt team; tilflyttings-/innkvarteringsnemnd; naudstrømsaggregat/dieseltankar; tilfluktsrom i kommunale bygg; samordningsplan for RHO.</p> <p>Ressursar hjå andre</p> <p>Dei eksterne ressursane nemnt i planen er delt inn i beredskapsressursar (som er instansar i det offentlege) og andre ressursar. Sistnemnte er delt inn i frivillige organisasjonar; transport; innkvartering; fagmiljø; kommunar; leverandørar og media/informasjon</p>
<p>Evakueringsplaner og plan for befolkningsvarsling basert på den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen</p>	<p>Evakueringsplan</p> <p>Planen skildrar rutine for evakuering og det er syna til tilflyttings-/innkvarteringsnemnda og samordningsplanen. Det er òg ein eigen plan for evakuerte- og pårørandesenter.</p> <p>Befolkningsvarsling</p> <p>Det er skildra tiltak for varsling av adresse og kartvarsling via varsling24.net i vedlegg til planen.</p>

Plan for krisekommunikasjon med befolkninga, media og eigne tilsette	Krisekommunikasjon Det er vist til befolkningsvarsling (nemnt over) og rettleiar for bruk av sentralbord.
--	---

Tabell 4: Sjekkliste for beredskapsplan

3.2.2.2 Samordningsplan for rehabilitering, helse og omsorg

Samordningsplanen er ein integrert del av kommunen sin overordna beredskapsplan. Planen vert sett i verk ved kriser og trugsmål, der det vert krav til samordning mellom einingane.

Første del i planen syner til andre relevante planar. Dei som er trekt frem er:

- ✓ Administrativ beredskapsplan
- ✓ Smittevernplan
- ✓ Infeksjonskontrollprogram for helseinstitusjonar
- ✓ Beredskapsplanar i einingane

Det er ikkje lenka direkte til dokumenta det er vist til over.

Målsettinga med samordningsplanen er at einingane skal samordne tiltak for å medverke til nødvendig helsehjelp i ein krisesituasjon. Det er under delen om målsetting også vist til at einingane disponerer bygg, ressursar og kompetanse som det kan vere behov for å samordne og at alle einingane har eigne kriseplanar.

Den operative delen av samordningsplanen skildrar kven som sit i og leiar samordningsgruppa for RHO. Det er vist til at det er KKL eller leiar av samordningsgruppa som i samarbeid med KKL aktiverer samordninga. Vidare er det vist til at tiltak skal settast i verk i samråd med KKL og at det er samordningsleiar sitt ansvar å melde tilbake til KKL.

Under den operative delen er det skildra kven ein kan varsle til i dei forskjellige einingane. Det er i alle høve einingsleiar. I tillegg er sosialkonsulenten med i samordningsgruppa og vist til i varslingslista. Møtestaden for samordningsgruppa er eit definert kontor på rådhuset. Den operative delen inneheld også ei sjekkliste med punkt for avklaring, informasjon, tiltak og prioritering.

I samordningsplanen er det ein del om strategiar for å møte utfordringar. Her er det skildra punkt for personale, ekstrapersonale, etablering av døgnbemanna sengeplassar og straksløysingar.

Til sist er det ein del i planen om andre moglegheiter. Der er det vist til høgskulen si øvingsavdeling og hotell i kommunen. Det er opplyst om kontaktinformasjon for desse i operativ del av overordna beredskapsplan. Der er det lista vakttelefon for to av dei tre hotella i kommunen. For høgskulen er det ikkje lista nokon vakttelefon.

3.2.2.3 Plan for evakuerte- og pårørandesenter (EPS)

Plan for evakuerte- og pårørandesenter (EPS) skal reviderast årleg og gjeld frå desember 2017 til desember 2022. Revisjonsansvarleg er kommunelegen. Planen syner kommunen sitt arbeid om evakuerte- og pårørandesenter blir etablert av Politiet eller på eige initiativ. Det er i utgangspunktet Politiet som skal etablere eit slikt senter, men kommunen kan òg gjere det sjølv.

Planen skildrar organisering, plan for etablering, oversikt over aktuelle senter, detaljskildring av senteret, varslingsliste, organisasjonsskisse og teikning av eit senter.

Stord kommune sin plan tek utgangspunkt i to moglege fasilitetar kor ein kan handsame om lag 100 personar på kvar stad. I alt har kommunen planlagt for å handsame om lag 200 personar i evakuerte- og pårørandesenter. Slik vi forstår planen er den eine staden meint å bli nytta som samlingspunkt og den andre staden meint nytta som overnattingsstad. Kommunen har då moglegheit til å innlosjere omlag 100 evakuerte på same tid.

Av dei stadene som er nemnt som moglege for innkvartering i kommunen sin overordna beredskapsplan er berre ein av tre innarbeidd i plan for evakuerte- og pårørandesenter.

I planen er det skildra evaluering, opplæring og øving, der det er lagt opp til at ein bør ha tabletop-øving ein gong i året. Evaluering er retta mot læring av reelle hendingar.

3.2.2.4 Plan for atomberedskap

Planen tek utgangspunkt i nasjonal og regional planlegging for handsaming av atomberedskap. Føremålet med den kommunale planen er å integrera atomberedskap i det kommunale kriseberedskapsarbeidet.

Vedlegg 5, 6 og 7 i planen tek særleg føre seg den kommunale handsaminga i høve til atomhendingar. Vedlegg 5 gir ein systematisk oversikt over kva tiltak som kan eller skal settast i verk, kven som har ansvaret, oppgåver og relevant informasjon. Vedlegg 6 er ein oversikt over kontaktpersonar. Vedlegg 7 syner lokale ressursar og tilleggsinformasjon. Det er i sistnemnte vedlegg skildra 8 oppgåver kommunen skal vere budd på å gjennomføre ved ei atomhending.

I planen vert det vist til kriseutvalet sine fullmakter i kongelig resolusjon 17. februar 2006. Den nemnte resolusjonen blei oppheva frå 1. september 2013.

3.2.2.5 Plan for helse- og omsorgsberedskap

Plan for helse- og omsorgsberedskap er sist revidert i 2012. Planen er delt i ein administrativ og ein operativ del. Den administrative delen gjeld organiseringa av beredskapsarbeidet, mens den operative delen gjeld handsaming av hendingar.

I den administrative delen er det mellom anna vist til ansvarsfordeling under kapittel om organisering. Det er etablert klare kommandolinjer og tydeliggjort kva funksjon som inngår i dagleg- og aksjonsleiing. Vidare er det skildra fasar i katastrofar, opplæring, øvingar, handsaming av avvik, dokumentstyring, intern revisjon, økonomi og planprosessen. Om sistnemnte er det vist til at planen følgjer rullering av beredskapsplanen for administrasjonen i Stord kommune.

Den operative delen av planen består i hovudsak av aksjonsplanar. Det er tre trinn på dei første aksjonsplanane etter kor mange og kor omfattande skade det er på personar. I tillegg er det aksjonsplanar for samfunnsulukker og evakuering generelt, og for to særskilde hendingar som er identifisert som mest sannsynlege for kommunen si beredskapshandsaming.

3.2.2.6 Psykososialt kriseteam og retningslinjer psykososialt kriseteam

Som ein del av «plan for helse- og omsorgsberedskap» har Stord kommune eit psykososialt kriseteam bestående av personar med ulike kvalifikasjonar for å ivareta oppfølging av kriseramma personar. Retningslinja for teamet synar til at kriseteamet si oppgåve er å yta og samordna psykososial omsorg og støtte ved kriser, ulukker og katastrofar.

Kriseteamet er meint til å vere eit kontaktledd frå ei krise oppstår til det etablerte behandlings- og omsorgsapparatet i kommunen kan ta over og følgje opp på ein trygg måte.

Første del av retningslinjene for teamet syner til kontaktinformasjon blant medlemmer i kommunen si kriseleiring, brannsjef og kommunelege. Kontaktinformasjonen til brannsjefen er ikkje oppdatert. Vidare synast det til organisering av teamet, løn og rutinar. Det kjem fram at medlemmene i kriseteamet ikkje har ekstra løn for beredskap i teamet og har slik sett ikkje forplikta seg til å vere med i ei vaktordning. Under del om rutinar synast det til at teamet minimum skal ha eit møte kvart halvår med føremål å gje fagleg påfyll, drøfte hendingar som har vore, moglege forbetringar og planar.

Av retningslinjene kjem det fram at det kun er kommunal kriseleiring og legevakt som har mandat til å aktivere teamet, og at andre aktørar må gå via desse. Forvaltningsrevisor har og fått oversendt ei liste med kontaktinformasjon til dei ulike medlemmane i det psykososiale kriseteamet. Ingen av dokumenta syner dato for oppdatering eller revidering.

3.2.2.7 Smittevernplan

Forvaltningsrevisor er gjort kjent med kommunen sin smittevernplan. Av omsyn til pågåande krisehandsaming av covid-19-situasjonen har vi valt å ikkje gå djupt på denne delen av beredskapen no. Nedanfor gjer vi ei kort oppsummering av innhaldet i smittevernplanen.

Planen består av ein administrativ og operativ del. Smittevernplanen er ein sjølvstendig handlings- og aksjonsplan for smittevernarbeidet i kommunen og er ein delplan i beredskapsplanverket til kommunen.

Den administrative delen av planen syner mellom anna til kommunen og kommunelegen sine oppgåver i samband med smittevern. Denne delen inneheld også kontaktinformasjon til personell og samarbeidspartar. Vidare syner planen ansvarsfordeling og tiltak på ulike område. I del om opplæring står det at «Stord kommune tek del i og kan gjennomføre opplæringstiltak som sikrar at alle som tek del i smittevernet har rett kompetanse i høve til dei oppgåver dei er sette til å løyse». Det kjem også fram at informasjon og øvingar kan sikre at dei tilsette kjenner planen og lærer seg å bruka den. I del om revisjon står det at revisjon av smittevernplan følgjer same system som for overordna beredskapsplan i Stord kommune.

Den operative delen syner korleis ein vil gå fram dersom det er fare for epidemiutbrot eller smittesjukdom som har utvikla seg epidemisk. Delen viser kva oppgåver som skal gjennomførast, kven som har ansvar for desse og korleis dei skal utførast.

3.2.3 Beredskapsplan for einingane / verksemdar

3.2.3.1 Beredskapsplan IKT

Stord kommune har ein beredskapsplan for IKT-eininga i kommunen. Planen er delt inn i ein administrativ og operativ del. Den administrative delen av planen synar til følgjande:

- ✓ Grunnlag
- ✓ Ansvar og mynde
- ✓ Vedlikehald
- ✓ Scenario

Delen om grunnlag tek føre seg dei lover, krav, behov og mål planen er bygt på. Som ein del av målsetjinga med kommunen sitt beredskapsarbeid er det eit mål om at støtteinjinga IKT skal «handla rasjonelt og effektivt i kritiske situasjonar». Det kjem også fram at eit mål med beredskapsplanen for IKT er å vera budd for å takla krise som rammar eininga sitt ansvarsområde og kunne gjennomføre effektive tiltak basert på skadeomfang og prioritering av system slik at drift kan takast opp att utan unødige opphald.

Planen sine skildringar av ansvar og mynde er delt inn i to og tar for seg ansvaret på overordna nivå, samt ansvaret innan eininga. I eining for IKT er det einingsleiar som har det overordna ansvaret. Det kjem vidare fram av planen at dette ansvaret er delegert til nestleiar dersom einingsleiar ikkje er til stades.

Under delen om vedlikehald vert føresegner om ajourhald, frekvens på revisjon og øvingar skildra. Det kjem mellom anna fram at einingsleiar har ansvar for revisjon ein gong per år. Under punktet om øvingar kjem det fram at det skal utførast to testar i året på hendingane *straumstans på datarommet* og *backup-restore*. Vidare kjem det fram at feil og manglar som avdekkast under disse øvingane skal rettast fortløpande.

I del om scenario vert aktuelle krisesituasjonar som kan ramma IKT-eininga sitt ansvarsområde skildra. Dei aktuelle krisesituasjonane er delt inn i ulike kategoriar av hendingar beståande av: brann/vatn/natur, fysisk øydelegging, programvare/fagsystem utilgjengeleg, sabotasje, ulykke/død og truande personar. Hendingane identifisert under dei ulike kategoriane er vurdert etter sannsyn og konsekvens kor det er konsekvensvurderinga som er avgjerande for korleis dei ulike hendingane vert vekta.

Den operative delen av planen inneheld følgjande punkt:

- ✓ Varsling
- ✓ Etablering
- ✓ Informasjon
- ✓ Tiltak

Under delen om varsling skildrar planen ei prioritert liste over personar som skal varslast når ein situasjon har blitt kjend. Einingsleiar er den øvste på lista etterfølgt av nestleiar, personalsjef og organisasjonssjef. Ved større krisar synar også planen til at strategisk leiing i kommunen skal varslast.

I beredskapsplanen sin del om *etablering* viser ein til naudsynt utstyr og lokale som vert brukt som base ved uønskte hendingar. Møtestaden for handsaming er einingsleiar sitt kontor. Det er også ei kontaktliste som inneheld namn, telefon og funksjon til den aktuelle kontaktpersonen. Kontaktlista inneheld både interne og eksterne kontaktpersonar.

I delen om informasjon skildrar planen kva og korleis ein skal handsama informasjonen til kriseleiinga og brukarar. Det er einingsleiar som i hovudsak er ansvarleg for informasjonsutveksling. Nestleiar er ansvarleg i einingsleiar sitt fråvær.

Til sist i beredskapsplanen for IKT-eininga skildrar ein tiltak som skal iverksetjast ved ulike uønskte hendingar, mellom anna kva ein skal gjere ved sabotasje, andre tilsikta og utilsikta hendingar. Tiltaka som er skildra er delt inn i prioritert rekkefølge med frist og ansvarleg for gjennomføring. I all hovudsak er tiltaka som er beskrivne reaktive og skal nyttast i høve med krisehandsaming.

Det kjem ikkje eksplisitt fram av beredskapsplan for IKT korleis den er samordna med anna planverk utanom at det vert vist til varsling av KKL ved større hendingar. Det er revisor si oppfatning at beredskapsplanen for IKT inngår som ein del av kommunen si overordna målsetting med beredskapsarbeidet i kommunen om å kunne handsame ei rekke krise-, katastrofe- og krigssituasjonar.

3.2.3.2 Beredskapsplan for Fellestenester

Beredskapsplan for Fellestenester vart sist revidert i 2020. Planen inneheld ein administrativ del og ein operativ del. Den administrative delen tek føre seg grunnlag, ansvar/mynde og vedlikehald. Det er vist til Beredskapsplanen for administrasjonen når det gjeld Fellestenester si rolle i krisesituasjonar.

Det er leiar av Fellestenester som har det overordna ansvaret for drifta av avdelinga. Det kjem fram at beredskapsplanen drøftast årlig på personalsamlingar, samt at den vert gjennomgått med nye medarbeidarar og vikarar. Det er vidare vist til at alle tilsette må dokumentere at dei har lese både kommunen og Kundetorget sin beredskapsplan.

Den operative delen syner varslingsrutinar, etablering ved krisesituasjonar og informasjon. Det er vist til andre planar for kva som inngår i informasjonsansvaret til Fellestenester. Beredskapsplanen viser

også til at Fellestenester ved kriser skal ha ein bindeleddfunksjon mellom kriseleiinga og informasjonstaben (Fellestenester og sekretariat).

Beredskapsplan for Fellestenester syner til eigne rutinar for å ivareta den daglege tryggleiken, herunder rutinar for å sikra dei tekniske installasjonane i Fellestenester. Det er ikkje synt kva som inngår i disse rutinane.

3.2.3.3 Beredskapsplan for Tildelingskontoret

Beredskapsplan for Tildelingskontoret består av ein operativ og administrativ del. Den operative delen syner ansvar for varsling og handsaming dersom det oppstår uønskte hendingar. Mellom anna vert det peika på at det er den enkelte som oppdagar hendinga som er ansvarleg for vidare varsling. Beredskapsplanen for Tildelingskontoret viser til kommunen sin overordna beredskapsplan for varslingsrutinar.

Vidare skildrar den operative delen kven som sit i eininga si kriseleiing og kven ein kan trekke på av ressursar utanfor eininga, mellom anna er ein av ressurspersonane det vert vist til, kommunalsjef (beredskapsansvarleg).

Planen viser både interne og eksterne ressursar som kan nyttast – men det er ikkje synt noko kontaktinformasjon til dei eksterne ressursane. Det er heller ikkje vist kontaktinformasjon til personar utanfor Tildelingskontoret sjølv.

Den operative delen viser til tre tiltakskort:

- ✓ Ulykke med personskade/død
- ✓ Vald og trugslar
- ✓ Profil ute av drift

Den administrative delen av beredskapsplanen inneheld informasjon om kven som koordinerer beredskapsarbeidet i eininga. Det kjem også fram av beredskapsplanen at han skal reviderast ein gong kvart år i desember månad. Det er ikkje synt når beredskapsplanen sist vart revidert.

3.2.3.4 Beredskapsplan for heimebaserte tenester

Beredskapsplan for heimebaserte tenester vart sist oppdatert i november 2019 og inneheld ein operativ og administrativ del. Av den operative delen kjem det fram at beredskapsplanen vert teken i bruk ved ekstraordinære hendingar som eininga treng hjelp til å løyse eller om det skjer hendingar i Stord der sentral kriseleiing vurderer at heimebaserte tenester er involvert.

Det er vist til at det er ansvarshavande sjukepleiar (som har opplevd ei hending) som har ansvar for å varsle einingsleiar. Dersom denne personen eller stedfortredar ikkje er tilgjengeleg skal ein varsle vidare i kommunen. Planen gir deretter ei liste med aktuelle kontaktpersonar for varsling. Denne inneheld mellom anna kontaktinformasjon til medlemmer i den kommunale kriseleiinga. Det er vidare synt til at beredskapsplanen til eininga også kan aktiverast av kommunen si kriseleiing. Ansvar og varsling går då frå kriseleiinga til einingsleiar, som vidare skal varsle nedover i eiga eining til tilsette og til sist eventuelt pårørande. Beredskapsplanen inneheld også ei sjekklister som gjer føringar for kva ein skal gjere ved oppståtte hendingar og kven som er involvert i eininga si kriseleiing. Ansvar til eininga si kriseleiing er avhengig av om krisa har oppstått i eiga eining eller utanfor.

Delen om interne beredskapsressursar tek føre seg tilgjengelege beredskapsrom, utstyr, naudhjelp, køyretøy i heimebaserte tenester og psykososialt kriseteam.

Det er vist til fem tiltakskort:

- ✓ Ekstremver eller tilsvarande som utgjer tryggleiksrisiko for tilsette og materielle verdiar

- ✓ Straumbrot over tid
- ✓ Brot på telenett over tid
- ✓ Smitte
- ✓ Alvorlege ulykker eller trugsmål der vårt personale er involvert.

Den administrative delen av planen synar til kva andre planar beredskapsplanen til heimebaserte tenester byggjer på (beredskapsplan for administrasjonen i Stord kommune, helseberedskapsplan, risiko og sårbarhetsanalyse og smittevernplan). Det kjem også fram at føremålet med beredskapsarbeidet i eininga er at dei heimebaserte tenestene skal kunne møte eit bredt omfang av krisesituasjonar både i eiga eining men også ulykka som oppstår elers i kommunen. Under delen om førebygging skildrar planen til ein del førebyggjande tiltak som har blitt avdekka etter erfaringar frå mellom anna ekstremvær og glatte vegar. Det framgår vidare at beredskapsplanen skal reviderast ein gong per år og at det skal foreligge ein årlig gjennomgang av beredskapsplanen med tilsette.

3.2.3.5 Beredskapsplan for Eining for aktivitet og re/habilitering

Beredskapsplan for Eining for aktivitet og rehabilitering består av ein operativ og administrativ del. Den operative delen av planen syner at tilsett eller eksterne skal varsle einingsleiar ved ekstraordinære hendingar. Det er og synt ei varslingsliste som inkluderer kontaktinformasjon til personar i eininga og kven som kan kontaktast ved administrasjonen i kommunen. Den operative delen syner vidare kven som har ansvar og oppgåver på einingsnivå i samband med handsaming av krisesituasjonar.

Planen syner også ei sjekklister for kva ein skal gjere dersom det oppstår hendingar, samt tiltakskort. Det er vist til at det skal finnast følgjande tiltakskort:

- ✓ Brannrutine
- ✓ Ekstremvær
- ✓ Ulykker og/eller trugsmål

Eininga si kriseleing består av einingsleiar, nestleiar, avdelingsleiar fysio/ergo, nestleiar fysio/ergo og, samt sekretær. Det er også vist til ressurspersonar som kan tiltre eininga si kriseleing.

I den operative delen står det vidare kva ressursar eininga rår over, samt kva utstyr ein skal bruka ved hendingar. Det er også vist til kommunen sin overordna beredskapsplan og samordningsplan for RHO for oversikt over eksterne ressursar.

Den administrative delen av beredskapsplanen inneheld mål og strategi for beredskapsarbeidet, samt førebygging, revisjon og definisjonar. Mellom anna er det syna til at beredskapsplanen for eininga er bygt på beredskapsplan for administrasjonen i Stord kommune, helseberedskapsplan, risiko- og sårbaranalyse og smittevernplan.

I del om revisjon kjem det fram at beredskapsplanen skal reviderast årleg av einingsleiar. Det kjem også fram under punkt om øvingar at ein skal ha årleg gjennomgang av beredskapsplan med tilsette.

3.2.3.6 Beredskapsplan for Eining for Habilitering

Beredskapsplanen er delt inn i ein operativ og ein administrativ del. Den operative delen av planen synar til korleis og til kven ein skal varsle ved uønskte hendingar. Det er i hovudsak den som har oppdaga hendinga har ansvar for varslinga fram til einingsleiar eller avdelingsleiar tek over. Det er også vist til at eininga har ei lokalberedskapsgruppe. Det er einingsleiar som har ansvar for å samle denne ved behov. Vidare skildrar planen kva lokale og utstyr ein har til rådvelde ved hendingar, og kva bygg eininga har ansvar for i høve drift.

Planen viser til tiltakskort som skildrar ansvar og tiltak ved eit utval hendingar. Følgjande tiltakskort er vedlagt beredskapsplanen:

- ✓ Varsling
- ✓ Brann
- ✓ Evakuering
- ✓ Ulykke med personskade/død
- ✓ Alvorlege ulykker eller trugsmål kor tilsette er involvert

I vedlegg er det og syna til ei kontaktlister for medlemmane av beredskapsgruppa i eininga, samt beredskapsansvarleg i kommunen. Kontaktinformasjon til naudetatane og andre eksterne partar er òg lagt ved. Det er ei eiga kontaktlister for transport.

Den administrative delen av planen synar til eininga si beredskapsgruppe og korleis ansvar og oppgåver er delt. Delen inneheld også mål og strategi for beredskapsarbeidet og kva andre planar beredskapsplanen byggjar på:

- ✓ Beredskapsplan for administrasjonen i Stord kommune
- ✓ Helseberedskapsplan
- ✓ Smittevernplan
- ✓ Samordningsplan for pleie, rehabilitering og omsorg
- ✓ Risiko og sårbarhetsanalyse

Av den administrative delen kjem det fram at planen fortløpande skal heldes ajourført – samt at det skal gjeres ein årleg revisjon av planen. Einingsleiar er ansvarleg for revisjonen. Det er òg syna til at det skal vere brannøving ein gong per år.

Avslutningsvis er det syna til fleire kontaktlister, mellom anna til kommunens kriseleiar, eininga si beredskapsgruppe og til ulike avdelingar i eininga.

3.2.3.7 Beredskapsplan for sjukeheimen og beredskapsplan for Knutsåsen omsorgssenter

Beredskapsplanane er bygd opp med ein administrativ og ein operativ del. Den administrative delen gjeld organisering av beredskapsarbeidet utanom kriser.

Den operative delen av planen inneheld rutinar for varsling og iverksetting; oversyn over etablering av lokal beredskapsgruppe; rutinar for informasjon samt eit kapittel om utføring og eit med tiltakskort. I utføringskapittelet er det syna ei sjekklister for viktige oppgåver, varslingsliste med telefonnummer, oversyn over interne beredskapsressursar og evakueringsrutinar.

Tiltakskorta som er del av planen er brann, stans i kraftforsyning, vassmangel, vald mot tilsette og pandemi.

Som vedlegg til planane er det mellom anna telefonliste med oversyn over dei som var tilsett ved sist revisjon av planen. Det er òg sjekklister i høve til mottak av evakuerte og overføring av pasientar.

3.2.3.8 Beredskapsplan for psykisk helse og rus

Beredskapsplanen er bygd opp med ein administrativ og ein operativ del. Den administrative delen gjeld organisering av beredskapsarbeidet utanom kriser.

Den operative delen av planen inneheld rutinar for varsling og iverksetting og oversyn over interne og nokre eksterne beredskapsressursar. Som del av planen er det fire tiltakskort for brann, evakuering, vald og trugslar og ulykke med personskade.

3.2.3.9 Beredskapsplan Stord brann og redning

Brann og redning er ein ståande beredskapsorganisasjon. Deira beredskapsplan er bygd opp med ein administrativ og ein operativ del, samt ei skildring av ressursar i og organisering av eininga. Det er ikkje tiltakskort i planen, men det er syna til døme på hendingar kor det kan vere nødvendig å varsle KKL. Dei fem døma det er vist til er alvorleg skade på personell, mannskap døyr, hendingar med stor betydning for pressa, sivile døyr, større hendingar som kan få innverknad på Stord eller nabokommunane.

3.2.3.10 Beredskapsplan NAV Stord

Beredskapsplanen synar til korleis ein kan handsame ulike situasjonar. Det er mellom anna syna til 6 tiltakskort inkludert branninstruks. Planen innehelder også kontaktliste over interne ressursar i eininga og i kommunen, innsatsgrupper og andre ressursar. I tillegg synar beredskapsplanen til ein rettleiing for dei ulike beredskapsnivåa i NAV. Av planen kjem det fram at det er leiar nærast krisen som er ansvarleg for å handtere hendinga i frem til anna beskjed gis.

3.2.4 Beredskapsplan for verksemder i Stord kommune

Forvaltningsrevisor er òg blitt sendt ein rekke beredskapsplaner for ulike skular og barnehagar. Desse er:

- ✓ Beredskapsplan for Stord ungdomsskule
- ✓ Beredskapsplan for Furuly barnehage
- ✓ Beredskapsplan for Trodlaugan barnehage
- ✓ Beredskapsplan for Sagvåg skule
- ✓ Beredskapsplan Stord vaksenopplæring
- ✓ Beredskapsplan Stord kulturskule

Dei ovannemnte planane er stort sett like og vi handsamar dei difor under eitt.

Samtlege planar for skular og barnehagar syner at det er personar med styrar- og rektorfunksjon som er beredskapsleiar i verksemda. Det er òg denne personen som avgjer om beredskapsleiinga i skulen eller barnehagen skal mobiliserast. Av beredskapsplanane kjem det fram at det er styrar eller rektor som er ansvarleg for å tilpasse og oppdatere beredskapsplanen i eiga verksemd. Desse skal òg gjennomgå og øva på planen saman med tilsette og barn/elevar.

Beredskapsgruppa i dei ulike verksemdene varierer noko, men stort sett er dei sett saman av: leiar av verksemda (rektor eller styrar), assisterande styrar og rektor og verneombod. I beredskapsplan for skular er det òg vist til at beredskapsgruppa inkluderer tillitsvald, SFO-leiar og sosiallærar, samt andre

etter behov. Det er synt kva andre aktuelle ressurspersonar som kan tiltre verksemda si beredskapsgruppe.

I beredskapsplanen til barnehagane framgår det at dei tilsette har ansvar for å setja i gang relevante tiltak inntil ein har fått kontakt med beredskapsleiar.

I alle beredskapsplanane med unntak av beredskapsplan for Vaksenopplæringa er det vist til 21 tiltakskort og skjemamalar. I beredskapsplan for Vaksenopplæring er det vist til 19 tiltakskort.

3.2.5 Revidering av beredskapsplanverket

I tabellen under gjer vi ei oppsummering av når dei ulike beredskapsplanane sist var revidert / oppdatert. Informasjonen er henta frå dei tilsende beredskapsplanane.

Beredskapsplan	Merknad	Revidert
Overordna beredskapsplan for Stord kommune	Det kjem ikkje frem av planen når den sist vart revidert.	
Smittevernplan	Viser at den skal reviderast etter same intervall som overordna beredskapsplan, men kjem ikkje fram når smittevernplanen sist vart revidert	
Plan for helse- og omsorgsberedskap		2012
Samordningsplan for rehabilitering, helse og omsorg		2020
Plan for etablering av Evakuerte- og pårørandesenter		2017
Plan for atomberedskap		2019
Retningslinjer for psykososialt kriseteam		2017
Beredskapsplan Stord brann og redning / feiarvesen		2017
Beredskapsplan for Fellestenestene		2020
Beredskapsplan for støtteining IKT	Beredskapsplanen viser til revidering i februar 2021, under revisjonsintervju blei det gitt tilbakemelding om at planen sist var revidert i 2020.	
Beredskapsplan for heimebaserte tenester		2019
Beredskapsplan for Eining for aktivitet og re/habilitering		2021

Beredskapsplan Eining for Habilitering		2021
Beredskapsplan for Tildelingskontoret	Syner at det skal gjennomførast årleg revisjon, men kjem ikkje fram når beredskapsplanen sist vart revidert	
Beredskapsplan for sjukeheimen		2020
Beredskapsplan for psykisk helse og rus		2017
Beredskapsplan NAV Stord		2016
Beredskapsplan for Knutsåsen omsorgssenter	Beredskapsplanen er ny i 2021	2021
Beredskapsplan Stord kulturskule		2019
Beredskapsplan Sagvåg skule		2019
Beredskapsplan Vaksenopplæringa		2019
Beredskapsplan Stord ungdomsskule		2019
Beredskapsplan Trodlaugan Barnehage		2019

Tabell 5: Oversikt over året planane er revidert.

Som tabellen over syner er det varierende kva tid beredskapsplanane vert oppdaterte.

I intervju har vi fått opplysningar om at mange av beredskapsplanane ikkje er oppdaterte eller reviderte. Det er ikkje vist til kva som ligg i omgrepet *mange* i dette tilfellet. Tilbakemeldinga går på at planane blir merkt for revidering i Compilo og at det for ansvarshavar berre er å merke beredskapsplanen som revidert utan å eigentleg gjere noko arbeid med revideringa. Vidare kjem det fram i tilbakemeldinga at det i planane det gjeld mellom anna er vist til feil kontaktpersonar – personar som ikkje er del av kommuneorganisasjonen lenger. Forvaltningsrevisor er blitt fortalt at dette mellom anna gjeld følgjande planar:

- ✓ Beredskapsplan for kultur
- ✓ Beredskapsplan for psykisk helse og rus

Under revisjonsintervju vert det også fortalt om tilfelle kor planane manglar i Compilo. Under revisjonsintervju nemner ein at dette gjeld for følgjande planar:

- ✓ Beredskapsplan kommunal eigedom
- ✓ Beredskapsplan barnevern

Ei anna tilbakemelding vi har fått i intervju er at dei tilsette bør vere med på å revidere beredskapsplanane, slik at dei er involvert og har kjennskap til planverket.

3.2.6 Øvingar og evaluering

I dette kapitlet vil vi synleggjere korleis og i kva grad Stord kommune gjer øvingar i samband med ulike krisesituasjonar. Kapitlet vil også handsame korleis dei handsamar evaluering i høve til beredskap og øvingar.

I høve til skildring av øvingar skiljer vi mellom skrivebordsøving, funksjonsøving og fullskalaøving. Skrivebordsøvingane er teoretiske øvingar kor deltakarane skildrar korleis dei vil opptre i ein tenkt situasjon. Funksjonsøving blir og kalla operativ øving eller simulering og går ut på å handsame ei hending i praksis. Fullskalaøving involverer fleire aktørar, ofte eksterne.

3.2.6.1 Øvingar i perioden 2015-2021

Forvaltningsrevisor har fått ein oversikt over gjennomførte øvingar og evalueringar av øvingar i perioden 2015-2018. Ein oversikt over øvingane, tema, føremål og involverte partar visast i tabellen under. Den høgre kolonna syner om forvaltningsrevisor har motteke evalueringsrapport av øvingane eller ikkje. I dei tilfella kor det ikkje er forelagt evalueringsrapport er det uklart for forvaltningsrevisor om øvinga har vore evaluert eller ikkje.

Øving	Tema og type	Øvingsmål	Øving for	Evaluert
Øving Furuly barnehage 1/3-2018	Forsvinning av barn på tur. Skrivebordsøving	Mål med øvinga vert utprøving av beredskapsplan	Barnehagesektor og kommunen si kriseleiing	
Øving Stord Lufthamn 18/4-2018	Funksjonsøving (dreiebok er ikkje sendt)	Øvinga hadde fleire føremål, mellom anna: Overlevering av skadested, etablere KO, etablere EP, etablere samle plass	Stord lufthamn og naudetatane	
Øving Brann i M/S Sunnhordland ved kai 18/10-2017	Brann i båt i sentrum Funksjonsøving	Øvinga hadde fleire formål, mellom anna utprøving av beredskapsplanar	Mannskapet M/S Sunnhordland og naudetatane	
Brannøving med Kværner – Nord A plattform 26/9-2017	Brann – evakuering av plattform Funksjonsøving (dreiebok er ikkje sendt)	Mål med øvinga var å teste samvirke	Kværner industrivern og offentlege naudetatar	
Funksjonsøving Stord Lufthamn 2/5-2016	Fagdag samvirke. Skrivebordsøving	Øvinga / fagdagen hadde fleire føremål, mellom anna øving av beredskapsplan, etablere ilko (innsatsleiar kommandoplass), samvirke, kommunikasjon, naudnett mv.	Stord lufthamn, Stord kommune, naudetatane, 11x sentralane	

Havariværøving Stord Luftman 7/5-2015	Havari med brann – katastrofeøving Fullskaløving	Øvinga hadde fleire føremål, mellom desse var: varsling, samhandling og kommunikasjon	Stord lufthamn, Stord kommune, naudetatane	
Øving Hordaland 27/10-2015	Atomberedskapsøving uønskt hending med ein båt ved Haakonsværn Skrivebordsøving	Øving for atomberedskapsorg	Fylket og kommune	
Beredskapsøving Leirvik Skule 26/11-2015	Brann og evakuering Fullskaløving	Mål med øvinga var utprøving av beredskapsplan og evakuering	Stord kommune, Leirvik skule, Stord brann og redning	

Tabell 6: Oversikt over øvingar.

3.2.6.2 Øvingar i krisehandsaming

Beredskapsøvingar vert initierte av beredskapsgruppa, og dagens øvingstema er vald på bakgrunn av den heilskaplege ROS-analysen til Stord og Fitjar kommunar. Under revisjonsintervju kjem det fram at val av øvingar handlar om kva som vert vurdert som relevant og naudsynt å øva på. Sjølv øvingsplanlegginga vert gjort av tilsette ved Stord brann og redning. Planlegginga inkluderer mellom anna utarbeiding av dreiebok⁴ og scenario for øvinga. Øvingane kan gjerast på ulike måtar og ha ulike formål som ein kan sjå av dei dokumenterte øvingane. Omfanget kan også variere, nokre gonger vert det gjennomført speløvingar («tabletop») og andre gonger har dei fullskaløvingar.

Stord kommune hadde ein plan om å arrangere ei større øving med kommunen si kriseleiing, mannskapet på MS Sunnhordland og naudetatane i 2020. Øvinga skulle inkludere handsaming av presse, informasjon og etablering av evakueringscenter for evakuerte og pårørande. Planlegginga av øvinga starta med eit beredskapsseminar som gjekk på sjøredning. Planen var deretter å følge opp med ei fullskaløving, men som følge av koronapandemien vart øvinga utsett. Kommunen legg no opp til ei mindre skrivebordsøving som skal gjennomførast 24. mars i år. Sjølv om øvinga på bakgrunn av smittevern blir mindre enn ein hadde tenkt i utgangspunktet er det gitt tilbakemelding om at det vil vere nyttigare å ha ei mindre øving enn inga øving. Øvingsplanleggar ved Stord brann og redning jobbar no med å leggje til rette for øvinga.

I revisjonsintervju gis det tilbakemelding om at Stord kommune også har jamlege øvingar på initiativ frå Statsforvaltaren. Kommunen blir da gitt ulike problemstillingar å øve på, som eksempelvis etablering av KKL. Slike øvingar kan handle om å sjekke at beredskapen i kommunen er på plass.

Det vert og gjennomført øvingar i dei ulike einingane og institusjonane. Eit eksempel som vert trekt fram er evakueringsøvingar kor dei har nytta røyk i avdelingane og øvd på evakuering og flytting av pasientar. Det vert også nemnt av fleire informantar at brannøvingar vert gjennomført årleg. Behov og beredskapsøvingar er òg i stor grad knytt til kva type teneste dei ulike einingane leverer⁵. Eksempelvis har heimebaserte tenester eit anna behov enn sjukeheimen ettersom brukarane oppheld seg heime i eigen bustad.

Fleire av beredskapsplanane, spesielt innan oppvekst viser også til at beredskapsplanane skal øvast årleg med dei tilsette. I revisjonsintervju er det gitt tilbakemelding om at dette kan variere mellom dei

⁴ Manus for øvinga

⁵ Type teneste ser ut til å påvirke behov for, og tema for øvinger. Heimebaserte tenester, kor brukare opphelder seg heime har eksempelvis ikkje same behov som ved sjukeheimen.

ulike avdelingane og einingane, samt internt i dei ulike sektorane i kommunen. I fleire intervju vert det nemnt at øvingar bidrar til å byggje kunnskap og skape tryggleik.

I nokre intervju med leiarar i administrasjon gis det tilbakemelding om at kommunen har vore litt dårleg stilt på øvingsfronten dei siste åra. Det vert og trekt fram som viktig at ein gjennomfører planen ein har på øvingar på rett nivå når smittesituasjonen tillat det.

3.2.6.3 Beredskapsøving IKT

Som ein del av bestillinga av forvaltningsrevisjonen har det vore etterspurt om forvaltningsrevisor kan ta eit djupdykk i IKT-tryggleika til kommunen i samband med beredskap. For å belyse denne delen av revisjonen har vi spurt ein del av informantane om det er gjennomført beredskapsøvingar knytt til IKT-bortfall.

Under revisjonsintervju kjem det fram at det ikkje er gjennomført øvingar på kva ein gjer om IT-systema fell ut på eit kommunalt nivå. I følge respondentane vi har snakka med har det heller ikkje vore gjennomført slike øvingar på einingsnivå. IT har vore del i kommunale øvingar, kor rolla har vore å etablere sentralbord eller å hjelpe til med test av satellitt-telefon.

Samstundes syner beredskapsplanen til støtteining IKT at det skal gjennomførast to øvingar / testar som ein del av årshjulet. I intervju vert det forklart at den eine testen er å teste straumbrot på datarommet. I testinga kutter ein straumen på bygga med dataromma i kommunen og sjekkar at aggregata startar. Det vert presisert at eigeidomseininga òg kjører aggregata nokre gonger i året. Den andre testen handlar om å validere at ein kan gjenopprette data og system frå backup.

3.2.6.4 Evaluering

Forvaltningsrevisor har fått sendt seks evalueringsrapportar. Fem av desse er evalueringar av øvingar og ein er evaluering av ei reell hending.

I evalueringsrapportane er det synt korleis øvinga har vore utført, kva som har gått bra og kva som er eventuelle forbetningspotensial. Fleire av evalueringsrapportane følgjer same mal, og inkluderer vurderingar frå dei som har vore deltakarar og observatørar i øvinga. Det er òg i fleire av rapportane vist til nytteverdien av øvinga, og at det bidreg til å takle reelle hendingar. Inntrykket er at dei skriftlege evalueringane bidreg til å synleggjere manglar og svakheiter i beredskapsarbeidet og krisehandsaming, noko som kan nyttast i arbeidet med å sikre kontinuerleg forbetring. Sjølv om det er synt forbetningsområde er det uklart for forvaltningsrevisor korleis dessa følgjast opp.

I tekstboksen ser vi på ei øving som har vore nemnd i fleire av revisjonsintervjua. Forvaltningsrevisor har fått sendt dreiebok og evalueringa av øvinga.

Forsvinning av barn 1. mars 2018

Stord kommune gjorde i 2018 ei øving knytt til forsvinning av barn under aktivitetstur i barnehage. Øvinga inkluderte Fagavdeling OUT, kommunelege, Stord brann og redning og styrar for Furuly barnehage. Hovudmål med øvinga var å øve på beredskapsplanane til Stord kommune for Barnehage-einingane. Vidare var det føremål å sjå i kva grad barnehagen evna å handsame situasjonen og korleis kommunikasjon og kriseleiing blei handsama.

I samband med øvinga blei leiaren i barnehagen plassert inn på formannskapssalen. Det blei sett opp kamera slik at dei andre leiarane (styrar i barnehagar) kunne sjå korleis situasjonen blei handsama. Etter øvinga hadde dei eit fellesmøte kor dei evaluerte og snakka saman om korleis hendinga hadde vore handtert.

I evalueringsnotatet har dei involverte aktørane identifisert kva som var bra, samt moglege forbetningspotensial. Øvingsteam med observatørar trekkjer i konklusjonen fram at øvinga var nyttig og lærerik, og at ein ser nytten av å gjennomføre liknande øvingar jamleg. Det vert også konkludert med at det er viktig at ein har eit godt og lett system å bruke i høve beredskapsplanen, samt at det er viktig at assisterande styrar og resten av dei tilsette får god opplæring i planverket.

Vi er òg blitt informert om at kommunen har opplevd fleire reelle hendingar. Boksen under omtalar bilbrannen i Bømlafjordtunnelen, som forvaltningsrevisor har fått evalueringsrapporten frå.

Bilbrann i Bømlafjordtunnelen 10. oktober 2018

Kvelden 10.10.2018 blei det gitt melding om brann i bil ca. ein kilometer ned i Bømlafjordtunnelen på Stord-sida. Evalueringsrapporten syner avgrensa kommunikasjon mellom innsatsleiarar i Brann og at handsaminga og koordineringa bar preg av dette.

I oppsummeringa av evalueringa viser ein kva og kvifor forhold fungerte bra. I fleire punkt blir gode rutinar og tilstrekkeleg kapasitet trekt fram som suksessfaktorar. Under oppsummeringa av utfordrande tilhøve er det vist til at dårleg handsaming i fleire punkt er resultat av manglande eller avvik frå prosedyre. Manglande informasjon og avgrensa dekning er òg tilhøve som utfordra handteringa av hendinga.

Evalueringsrapporten syner òg at det vart halde eit evalueringsmøte i etterkant kor helse, politi, brann Stord, brann Haugaland IKS, VTS og 110-sentralen var representert. Evalueringsmøtet resulterte i ein del forbedringspunkt og tilrådingar.

Evaluering av øvingar og hendingar handlar òg om evne til å ta til seg læring. Læring er vidare omtalt i delkapittel 4.2.2.

3.2.7 Rutinar

3.2.7.1 Kriseleiing

Kommunen si kriseleiing og beredskapsgruppa er skildra i kapittel 2.2.1. Handsaminga ut over det som er skildra over gjeld rutinar som kriseleiinga har med seg. I samband med intervju har vi funne teikn på at det er ein kultur i kriseleiinga som bør skildrast for å syne korleis Stord kommune handsamar kriser. Det kjem som eit tillegg til etablerte rutinar.

Det er etablert ein rutine for innkalling av kriseleiinga som tiltakskort i overordna beredskapsplan. I overordna beredskapsplan er det skildra klart og tydeleg kven som er del av KKL og kva som er deira oppgåver og ansvar.

I intervju med leiinga i kommunen har vi oppfatta ein kultur om at leiinga ser og gjer det som må gjerast i høve til å agere på ei krise. Det går noko lenger enn etablerte rutinar. Rutinane er mellom anna å kalle inn dei som er nødvendige å kalle inn ut over KKL i høve til ei krise, i samsvar med skjema i den overordna beredskapsplanen. Kulturen i kommuneleiinga går på å vite kva ressursar som er nødvendige og tilgjengelege i kommunen. Eit døme som er blitt nytta av fleire er at kommunen ordna med klede til personar som var utan bustad i høve til ei hending. Det skjedde i følgje respondentane raskt og effektivt. Forvaltningsrevisor oppfatta det som at kommuneleiinga ser på det som ei sjølvfølge at slike ting blir ordna av dei.

3.2.7.2 Kommunikasjon

Overordna beredskapsplan viser til at kommunen kan nytta varslingsløysinga Varsling 24 for varsling til kriseleiinga og innbyggjarane. Det er òg vist til at det er utarbeidd ein varslingsmal i systemet for SMS-varsling til innbyggjarane, kommunale mobiltelefonar og vakttelefonar om førebyggjande tiltak. I revisjonsintervju kjem det òg tilbakemeldingar om at varsling til kriseleiinga vert gjort via telefoni.

Einingane og verksemdene sine beredskapsplanar inneheld eigne varslingslister. Av planane kjem det fram at einingsleiar eller øvste leiar ved verksemda skal varslast fyrst. Denne avgjer om vidare varsling er naudsynt. Dersom dette er tilfelle skal ein følgje varslingslista og ta kontakt med beredskapsansvarleg i kommunen. Om denne ikkje er tilgjengeleg skal rådmann varslast.

Under krisesituasjonar er det ordførar som har ansvaret for kommunikasjon ut mot media. I revisjonsintervju gis det tilbakemelding om at informasjon ut til innbyggjarane og media er viktig for å dempe usikkerhet og arbeidsbelastning for dei som handsamar situasjonen operativt. Ein utfordring i det som gjeld ekstern kommunikasjon er at kommunen ikkje har eigne ressursar på dette. Det gis tilbakemelding om at det er lett å slå fast at ansvaret for informasjon ligg til leiinga, og at det skal vera adekvate rutinar for dette arbeidet. Dei praktiske utfordringane, som særleg har vore erfart under korona-pandemien, der det er forventingar om jamlege oppdateringar, belyser at kommunen har

behov for å rigga seg betre på dette området. Vi er også blitt informert om at utfordringar i samband med informasjonsflyt kjem som ein følgje av at det er kutta for mykje i administrative ressursar, og at ansvaret for informasjon bør ligge lågare ned i organisasjonen slik at rådmann og assisterande rådmann blir avløyst i krisesituasjonar.

Fellestenester har òg eit informasjonsansvar under krisesituasjonar. Avdelinga koordinerer informasjon inn og ut mot kriseleiinga i høve til kva informasjon som til ei kvar tid er gjeve. Dei handsamar og kommunen si nettside og Facebook. I revisjonsintervju gis det tilbakemelding om at dei blir diktert av kriseleiinga på kva som skal ut av informasjon. Samstundes er det ei tilbakemelding om at det i praksis er KKL som fører i pennen det som vert kommunisert til innbyggjarar og samarbeidspartar.

Direkte til pårørande blir det oppretta sentral på rådhuset i avdeling Fellestenester. Heile avdelinga har telefonnummer som blir aktivert. Dei har sentralbord som er noko av det første som blir bemanna og som det finst ein naudprosedyre i høve til, slik at andre kan aktivere sentralbordet om det er nødvendig.

Alle einingsleiarar og leiarar i administrasjonen gir tilbakemelding om at kommunikasjon mellom eininga og administrasjon har fungert godt under pandemien. Det er òg gitt tilbakemelding om at kommunikasjon og samarbeid mellom einingane seg i mellom fungera godt, og at dette er tilfelle både under krisar (som ved pandemien) – men og ved normalsituasjonar.

Det er ytra ynskje om at dei tillitsvalde får meir informasjon om beredskapsarbeidet i kommunen og i einingane. Dei tillitsvalde representerer mange tilsette og det kan slik vere nyttig å ha innsikt i kva som skjer ute i tenestene.

I samband med tilsynet frå Statsforvaltaren i Vestland i 2019 blei det gitt ein merknad knytt til at kommunen sin plan for krisekommunikasjon bør komme tydelegare fram av beredskapsplanen. I tillegg vert det trekt fram at kommunen bør vurdere å oppdatere malen sin for pressemeldingar og inkludere ei påminning om at informasjon òg må nå fram til dei med anna morsmål enn norsk. Ein annan merknad går på at kommunen burde vurdere å omtale grensesnittet (kven som skal uttala seg om kva) i informasjonsarbeidet mellom kommunen og Politiet/naudetatane. Forvaltningsrevisor har ikkje prata med Politiet i denne revisjonen, men oppfatninga er at grensesnittet og ansvar er avklart og innarbeida, ut frå dei informantane vi har intervjuet. Av revisjonsintervju og mottatt dokumentasjon kjem det også fram at kommunen, under pandemien, har utarbeida informasjon på fleire forskjellige språk, mellom anna polsk og arabisk.

3.2.8 Samarbeid

Kva samarbeidspartar som er viktige for kommunen avhenger av kva hending som har skjedd og kva tenester ein leverer. Under revisjonsintervju gis det tilbakemelding om at Stord kommune har etablert samarbeid med ei rekke aktørar, samt ulike forum kor ein utvekslar erfaringar. Nedanfor presenterer vi først dei aktørane som vert trekte fram som viktige i planverk og intervju, før vi går over til å presentere kva samarbeidsforum som er etablert på tvers av kommunar og tenester.

3.2.8.1 Samarbeidsaktørar

I revisjonsintervju gis det tilbakemelding om at Røde Kors er viktige samarbeidspartnarar på den frivillige sida. Stord kommune har ein beredskapsavtale med Stord Røde Kors og Hordaland Røde Kors. Avtalen har som føremål at Røde Kors sine lokale og regionale kapasitetar bidreg til den kommunale beredskapsevna. Overordna beredskapsplan syner at det er rådmann som kan aktivere Røde Kors til bistand i krisesituasjonar. Under revisjonsintervju vert det presisert at det er Politiet som administrerer det frivillige apparatet i ulike situasjonar.

Kommunen har hatt fleire møte med Heimevernet og Siviltforsvaret i tillegg til Røde Kors. Hensikta med møta er i stor grad å etablere og forsterke kjennskap til folk og system ein ikkje ser til vanleg. Sjølv om nokre av einingane har identifisert situasjonar kor det kan vere naudsynt å nytte seg av Heimevernet (som eksempelvis ved ekstremver) kjem det tilbakemeldingar i revisjonsintervju om at

kommunen ikkje har vore i situasjonar kor Heimevernet har vore nytta. Tilbakemeldinga generelt er òg at blålysetatane er viktige samarbeidspartar i krisesituasjonar.

Vi er også gjord merksame på at Stord brann og redning har oversyn og underskrivne samarbeidsavtalar med fleire ikkje-offentlege aktørar.

Det er også etablert nokre samarbeid på IT-sida. Stord kommune har mellom anna teikna avtale med NSM og HelseCERT. Frå HelseCert har dei fått ei scanning av IP-adresser med ein rapport. Det same har dei fått frå NSM. Tenestene vert rekna som viktige for å avdekke sikkerhetshol og svakheiter med IT-systema i kommunen.

Overordna beredskapsplan synar også ei rekke eksterne ressursar kommunen kan nytta ved krisesituasjonar. Det vert presisert i intervju at sjølv om det ikkje er teikna formelle samarbeidsavtalar med ei rekke av desse kan kommunen rekvirera dei noterte ressursane dersom det oppstår behov.

Ei tilbakemelding i revisjonsintervju er at det vert jobba med å få på krav i tenesteavtale om felles utarbeidd planverk mellom ambulanse, legevakt og helseføretaka og dei andre kommunane i Stord sjukehusområde. Forvaltningsrevisor har fått eit utkast til tenesteavtalen datert 12.2017.

I revisjonsintervju er det og ei tilbakemelding om at det er viktig at ein ser Stord kommune i samanheng med dei omkringliggjande kommunane i høve til samarbeid og beredskap. Dette vert trekt fram spesielt i samband med samarbeidet mellom kommunen og helseføretaka på bakgrunn av at ein er gjensidig avhengig mellom dei ulike tenestene.

3.2.8.2 Samarbeidsforum

Som nemnt innleiingsvis er òg Stord kommune med i ei rekke samarbeidsforum. Av intervju kjem det mellom anna fram at Stord er med i Digi Vestland, som er eit samarbeid om samordna regional digitalisering mellom alle kommunane i Vestland fylke. Her er mellom andre IT-sjefen med i gruppe for IT-drift.

Det er òg etablert eit akuttmedisinsk forum som har jamlege møte (Beredskapsforum) kor brann, politi, helseføretaket m/ambulanse og nabokommunane inkl. interkommunal legevakt, er med. Gruppa arbeider med ulike tema, og involverer kvarandre i samråding, tiltak og øvingar innanfor akutt helsemessig og sosial beredskap. Under revisjonsintervju vert det presisert at dette forumet er ein viktig samarbeidsarena. Forvaltningsrevisor har fått tilsendt nokre referat frå beredskapsforumet. Eit eksempel på korleis gruppa handsamar involvering er vist i referat frå møte 24.10.2019 kor det kjem fram at Stord brann og redning har teke initiativ til å arrangere ein fagdag i CRBNE⁶, kor dei inviterer nabokommunane på tvers av etatar. I brann og redning er òg tilbakemeldinga at Stord er med i Vest brann og redning, som er eit brannsamarbeid mellom sjølvstendige brannvesen i ulike kommunar i vestlands-regionen.

3.3 Vurderingar

3.3.1 ROS-analyse

Undersøkinga stadfestar at kommunens heilskaplege ROS-analyse er forsinka. Sjølv om forvaltningsrevisor ser det som eit avvik, er me blitt trygga om at kommunen er klar over dette og at noko av forseinkinga kan knytast til uføresette hendingar (mellom anna korona) og manglande ressursar. Det er no planlagt ein revidering i 2021 og kommunen ventar på avklaring frå Fitjar om de vil samarbeide om denne.

⁶ CRBNE er ein fellesbetegning som nyttas for kjemiske stoffer, biologiske agens, radioaktivt stoffa, nukleært materiale og eksplosiva med høgt farepotensial

Det er forvaltningsrevisors vurdering at dagens heilskaplege ROS-analyse er omfattande, omtalar ein rekke områder og det er nytta store mengder lokal kunnskap og informasjon. Det har likevel skjedd vesentlege endringar i tryggleiksbildet i samfunnet sidan sist det blei gjennomført heilskapleg ROS i Stord kommune. Mellom anna er det for 2021 tydeliggjort at det er ein vesentleg risiko i samfunnet for digitale åtak. Det kjem fram i risikovurderingane til både Politiets tryggleiksteneste, Nasjonal tryggleiksmynde og Etterretningstenesta. Om me skal vurdere gjeldande ROS-analyse opp mot dagens tryggleiksbylde endar vi difor på ein vurdering av at analysen ikkje lenger i tilstrekkeleg grad tek opp i seg vesentlege tryggleiksutfordringar i samfunnet. Vi saknar òg ei tydeligare syning av korleis tryggleiksfaktorane i dagens tryggleiksbylde verkar på kvarandre og kva områda som kan lede til kritiske ringverknadar og konsekvensar for andre system. Dette gjeld spesielt IKT.

3.3.2 Beredskapsplanar

Forvaltningsrevisors intrykk er at kommunen har ein rekke beredskapsplanar, og sjølv om dei varierer i omfang, framstilling og format – vurderer vi at kommunen har mykje på plass på dette område. Likevel er vi blitt informert om beredskapsplanar kor kontaktlistar ikkje har vore riktige og at det synast til personar som ikkje lenger er tilsett i kommunen. Vi er vidare gjort merksame på at listene i beredskapsplanane ikkje lenger er like viktige i og med at medarbeidarar i stor grad er utrusta med kommunale mobiltelefonar der aktuelle nummer ligg inne i kontaktlistene. Det reduserer til ein viss grad dei praktiske behovet for oppdaterte lister i beredskapsplanane. Samstundes er det vår vurdering at i dei tilfelle det oppgis kontaktlistar i beredskapsplanar, bør desse vera oppdaterte. Dette heng saman med informasjon skal vera korrekt og lett tilgjengeleg ved beredskapssituasjonar, kor man ser til beredskapsplanane i høve handsaming. Vi har òg sett at det i minst ein plan er syna til feil føresegn som heimel for planen – forskrifta det er syna til blei oppheva i 2013. Basert på dette er intrykket og vår vurdering at det ikkje alltid er samsvar mellom formell revidering av planane og reell revidering av planane – og at det er forbedringspotensiale knytt til dette. Trenden med manglande heilskapleg oppdatering synas best på einingsnivå – sjølv om me og har avdekka feil i ein av dei tverrgående (kommunale) planane. Vi vil likevel presisera at overordna beredskapsplan er korrekt.

Våre undersøkingar visar òg at revidering og oppdateringsfrekvensen på kommunen sine beredskapsplanar varierer mykje. Det er òg syna til planar som ikkje har vore revidert på fleire år. Samfunnet endrar seg raskt, i tillegg vil det alltid vere nye personer som tiltrer stillingar som krev at deler av planane oppdaterast. Det er forvaltningsrevisors vurdering at manglande revidering og oppdatering over fleire år gir risiko for utdatert og mindre relevant informasjon, noko som kan utfordra evna til å handsame ein krisesituasjon. Det er òg eit lovkrav om at kommunens overordna beredskapsplan til ein kvar tid skal vere oppdatert, samt at planen skal syna til ansvar for oppdatering og når planen sist vart revidert – sistnemnte er det ikkje syna til i overordna beredskapsplan.

Som ein del av forvaltningsrevisjonen har vi blitt bedt om å undersøke beredskapen knyta til IKT-tryggleik. Undersøkinga visar at kommunen har ein beredskapsplan for IKT og at denne planen er samordna med planverket som heilskap på same måte som planverket for andre einingar. Intrykket er elles at utfall av IKT-tenester er ikkje eit sentralt moment i beredskapsplanane til dei andre einingane. Vår vurdering er at alle einingar i kommunen bør ha tiltakskort for delvis eller fullstendig bortfall av IKT-tenester.

3.3.3 Øving og evaluering

Intrykket er at øvingane som har vore gjennomført har gitt stor nytteverdi for involverte partar, og at dei oppfattast som gode og dekkande. Det er òg i fleire evalueringsrapportar og dreiebøker syna til at det er nytta observatørar – som gir fleire aktørar moglegheit til læring. Vår generelle vurdering er at gjennomførte øvingar er hensiktsmessige.

Sjølv om gjennomførte øvingar vert sett på som gode, ser vi at kommunen gjennomfører få praktiske øvingar og at desse gjerne er retta mot brann og redning. Det er syna til lite øvingar retta mot IKT og kriser som kan ramme stor infrastruktur med høgt skadepotensiale. I risikovurderingane for 2021 syner både PST, NMS og FET til digitale truslar for det offentlege som vesentlege og sannsynlege hendingar. Det er difor vårt syn at det er ein svakhet i beredskapsplanlegginga til kommunen at det ikkje blir gjennomført øvingar med fullstendig IKT-bortfall.

Undersøkinga synar til at det er gjort fleire skriftlege evalueringar. Evalueringsrapportane synleggjer positive forhold i øvinga og handsaming av reelle hendingar, samt moglege forbetningspunkt. Det er samstundes vår oppfatning at det ikkje alltid gjennomførast skriftlege evalueringar, og manglande evalueringsrapportar frå gjennomførte øvingar gjer det vanskelig å avklare om det faktisk har vore gjennomført skriftlege evalueringar i ettertid. Nokre av rapportane synar òg kunn til ein aktørs refleksjonar.

Ei hensikt med evalueringar er å dokumentere kva som har hendt, vurdere måloppnåing og finne fram til moglege forbetningsområde. Fråvær av evalueringar generelt, samt skriftlig dokumentasjon frå desse, kan utgjere ein risiko for at ein ikkje får stadfesta og implementert sentrale læringsmoment. Dette kan òg leie til at man gong på gong avdekkjer same «feil». Det er vår vurdering at skriftlege evalueringar bidreg til å redusere risiko for manglande dokumentasjon på moglege forbetningspunkt og tiltak for framtidige øvingar og hendingar.

3.3.4 Kriseleiing og kommunikasjon

Forvaltningsrevisors intrykk er at det er ein kultur i kriseleiinga om at ein trår til når det oppstår hendingar. Me er gitt fleire eksemplar på korleis kriseleiinga handsamar hendingar internt i kommunen, men òg korleis dei bidreg eksternt dersom det er behov. Eksempelvis har kommunen under pandemien på oppmoding sendt helsepersonell til Ulvik. Me oppfattar dette som eit eksempel på kommunen sin kapasitet og tilnærming til handsaming av krisesituasjonar.

I overordna beredskapsplan er det syna til korleis ein kan handsame befolkningsvarsling – samstundes er det ikkje syna til ein eigen plan for krisekommunikasjon. Vår vurdering er at mangelen på plan for krisekommunikasjon er eit avvik som kommunen bør rette opp. Vi er gjennom intervju trygga om at kommunen i røynda har gode rutinar for kommunikasjon og vurderer difor avviket som middels alvorleg.

Kommunen peiker også på at det ville tilført større nytte å ha ein informasjonsmedarbeidar i kommunen som kunne gjeve bistand i høve til krisekommunikasjon. Vi syner i den samanheng til vurderinga og anbefalinga knytt til problemstilling 1 a.

3.3.5 Samarbeidsaktørar

Stord kommune er med i ei rekke regionale og interkommunale samarbeid. Samarbeida er sjeldan formalisert i avtale, men er ofte forankra i oppgåvefordelinga i den offentlege forvaltninga.

Vår vurdering er at kommunen bør ha ein oversikt over samarbeid med ikkje-offentlige aktørar som er vesentlege for kommunen i det sentrale beredskapsplanverket. Både for å syne dei samarbeida som er i dag, og for å tydelig syne område kommunen bør inngå samarbeid på. Vi har i faktaundersøkinga fått tilbakemelding på at det er oversyn over ikkje-offentlige samarbeidspartnarar. Vi vurderer det vidare som unødvendig for kommunen å ha samarbeidsavtalar med offentlige aktørar som har beredskap som sine oppgåver. Me har òg gjort ein vurdering om at det bør vere formaliserte samarbeidsavtalar med dei som skal yte overnatting i høve til kommunen sin beredskap. Vi meiner det kan gjere hotella betre budd på ei eventuell rekvirering. Samstundes ser vi det som ein svakheit i beredskapen at det i evakueringsplanen berre er planlagt for ein overnattingsstad. Det kan vere det nettopp er denne staden som brenn ned.

4. Subjektive oppfatningar av beredskapen

I dette kapitlet svarar me ut problemstilling 3 «i kva grad blir kommunen sitt krise- og beredskapsarbeid innanfor områda beredskap, handlingar og katastrofar oppfatta som hensiktsmessig», med underspørsmål.

4.1 Revisjonskriterier

Følgjande revisjonskriteria er nytta

- ✓ Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- ✓ Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven)
- ✓ Meld. St. 10 (2016-2017) Risiko i et trygt samfunn – samfunnssikkerhet
- ✓ Meld. St. 5 (2020-2021), Samfunnstryggleik i ein usikker verden
- ✓ DSB sin rettleiar i planlegging, gjennomføring og evaluering av øvingar
- ✓ NOU 2018 14: IKT-tryggleik i alle ledd

For nærare utdjuing av revisjonskriteriane, sjå vedlegg 2.

4.2 Fakta

4.2.1 Tilsette sin kjennskap til beredskapsplanverket

Gjennom intervjurundane er det forvaltningsrevisor sitt inntrykk at leiinga i kommunen har godt oversyn over dei beredskapsplanane som gjeld sitt område. Inntrykket endrar seg noko når ein kjem lenger ned i organisasjonen. Tilbakemeldinga frå tilsettrepresentantane syner at dei tilsette ikkje har konkret kjennskap til beredskapsplanverket. Det som likevel blir trekt fram er at dei har lett tilgang til det via Compilo – kommunen sitt forbetringssystem.

I revisjonsintervju er det òg gitt tilbakemelding om at det er manglande kontroll på om folk er kjent med/har lest planverket. I nokre beredskapsplanar er det vist til at tilsette må dokumentere at dei har lest planane.

Forvaltningsrevisor har vidare undersøkt i intervju om det er lett å få tilgang til planverket dersom det er IKT-bortfall i kommunen. Tilbakemeldinga er delt, der det kjem fram at leiinga har godt oversyn over beredskapsplanverket sitt og veit kor det står i fysisk form. Det same gjeld mellomleiinga. På dette nivået er det og skildra korleis kommunen tek i vare behovet for kritiske opplysningar om enkelte tenestegrupper i høve til IKT-bortfall. Det blir skrive ut fysiske skjema ein gong i veka.

Det kjem fram i intervju at dei tilsette nyttar beredskapsplanverket som eit oppslagsverk, og at det ikkje er forventa at dei skal hugse beredskapsrutinane i det daglege. Slik forvaltningsrevisor oppfattar det er det same forventning hjå mellomleiinga og dei tilsette.

Eit særskilt moment som blir trekt fram av eining for heimebaserte tenester er at dei tilsette må melde seg til teneste om det er langvarig straum- og telebrot. Dei tilsette skal då møte på sin faste arbeidsplass. Forvaltningsrevisor oppfattar det som ei stadfesting av at dei tilsette er kjent med ordninga.

4.2.2 Læring

Tilbakemeldinga i intervju er at etter dei store øvingane gjer kommunen ei evaluering i etterkant. Då går ein gjennom kva som har fungert godt og kva som må gjerast annleis. Av denne evalueringa blir det laga ein rapport. Samstundes er ikkje kommunen like flinke på å gjere dei skriftlege evalueringane, dette er spesielt dersom øvingane har vore gode og det ikkje har vore store behov for å gjere ting annleis.

Tilbakemeldinga i intervju er at ved reelle hendingar har kommunen alltid gjennomgangar kor dei setter seg ned og snakkar om kva ein har vore gjennom. Då snakkar ein og om kva ein må justere. Stord kommune har vore gjennom ei rekke store hendingar dei siste 10-15 åra. Nokre gonger etablerer dei kriseleing, andre gonger har kriseleinga vore ein samarbeidspart med firma som «eig» hendinga.

Ei anna tilbakemelding i intervju er at dei som har vore involvert i handsaming av hendingar har hatt ei oppsummering etterpå dersom det har vore naudsynt. Det er ikkje alle som har erfaring med alt. Det er viktig at den som leiar innsatsen tar ein runde (debrief) i etterkant. Samstundes gis det tilbakemelding om at det også er tilsette som ikkje føler behovet for å ha ein debrief i ettertid; og det skal ein ha respekt for. Det er viktig ikkje å slite personar gjennom prosessar ein sjølv meiner ikkje er naudsynt.

Vi er gjord merksame på at kommunen har hatt ein gjennomgang om debriefing med fleire einingsleiarer. I tillegg har kommunen utarbeida rutinar som inneheld retningslinja i samband med debriefing som ligg tilgjengeleg i kommunens kvalitetssystem. Av rutine for oppfølging av tilsette som har vore utsett for truslar, vald eller traume kjem det fram at det som hovudregel blir lagt opp til at traumatiske hendingar skal vera «snakka gjennom» før ein går frå vakt. Det er òg syna til at slike gjennomganger kan nyttas som læring for organisasjonen, og at ein får moglegheit til å identifisere forbetningsområda. I oversendte rutinar er det syna til fleire andre fellesrutinar, mellom anna innanfor RHO-området.

I brann og redning er tilbakemeldinga at dei set seg ned og evaluerer dersom det har vore ei alvorleg hending. Ved mindre alvorlege hendingar er det ein munnleg gjennomgang etter avslutta innsats. Når det gjeld skriftlege rutinar er tilbakemeldinga at Stord brann og redning har etablert prosedyrar/rutinar på gjennomføring av debrief. I høve til brann og redning er det òg vist til evaluering av brannen i Bømlafjordtunnelen i 2018, som vart gjennomført som ei skriftleg evaluering og førte til konkret endring i høve til innsats i samband med hendingar i tunnelen.

Gjennom nokre av intervju med leiarane i kommunen kjem det fram at kommunen eller dei tilsette har tatt lærdom av større hendingar over lang tid. Inntrykket til forvaltningsrevisor er at ein kombinasjon av eiga erfaring og nedteikna evaluering pregar beredskapstenkinga og -kulturen i kommunen.

4.2.3 Opplæring

Under revisjonsintervju vert det nemnt at rådmannen, og kriseleinga elles, har fått tilbod om opplæring i krisehandsaming på Nasjonalt utdanningssenter for samfunnssikkerhet og beredskap (NUSB), som er ei utdanning for personar som sit i kommunen si kriseleing. Når nye personar tiltrer kriseleinga, får dei òg tilbod om utdanning på NUSB. Det er komme ein tilbakemelding om at kriseleinga og andre partar som har ein sentral rolle i høve krisehandsaming og beredskap bør kursast i proaktiv beredskapsleing.

I brann og redning er tilbakemelding at dei har følgd opp behov for auka kompetanse mellom anna gjennom seminar. Dei har òg drøfta ein del problemstillingar i høve til handsaming av ulike hendingar internt i eininga.

Opplæringa i beredskap i einingane og avdelingane er gjenstand for ein del diskusjon i intervju. I nokre einingar og avdelingar blir beredskapsplan gjennomgått på personalmøte, medan i andre får dei tilsette informasjon om at beredskapsplanen ligg tilgjengeleg i Compilo til gjennomlesing og at ein skal få tid til dette i arbeidstida. Samstundes gis det tilbakemelding om at tida i nokre tilfelle ikkje strekk til.

Tilbakemeldinga er òg at kjennskap og involvering i beredskapsarbeidet varierer internt i dei ulike sektorane i kommunen.

Ei anna tilbakemelding er at det ikkje finst noko kvalitetssikring av at dei tilsette faktisk har vore inne og lest beredskapsplanane. At dei tilsette ikkje er godt nok kjent med beredskapsplanane kan gjere det utfordrande å vita kva ein skal gjere ved ei hending. Inntrykket er òg at manglande fokus på beredskap og beredskapsplan i einingane for dei tilsette kan medføre uklare ansvars- og rollefunksjonar i krisesituasjonar. Då ei rekke beredskapsplanar viser til at det er dei som fyrst oppdagar ei hending som er ansvarleg for varsling og igangsetting av tiltak, kan ein generell kjennskap til varslingsrutinar og moglege tiltak vere avgjerande for korleis ein handsamar ein krisesituasjon.

Opplæring i høve til brann vert nemnt av fleire respondentar i revisjonsintervju. Ei tilbakemelding i intervju er at dei tilsette er mindre budd på å handsame andre hendingar som kan oppstå, som eksempelvis terror – og at dette heng saman med manglande opplæring og kjennskap til beredskapsarbeidet i kommunen generelt og i einingar og avdelingar spesielt.

4.2.3.1 Opplæring i høve IT-tryggleik

Informasjonstryggleika i kommunen er delt inn i fire nivå illustrert i tabellen under.

Nivå	Oppgåver
Styrande nivå	Rådmann fastsetter akseptabelt risikonivå
Kontrollerande nivå	Kontrollerer at kommunen gjer det kommunen har sagt ein skal gjer
Gjennomførande nivå	Gjennomføringsansvaret
Dagleg nivå	Består av alle databrukarane i kommunen (dei som har tilgang til datasystemet eller handsamer persondata)

I høve IT-tryggleik er det gitt tilbakemelding om at leiare og tilsette er gitt opplæring i datatryggleik via KS-læring som kommunen fikk i 2020. Opplæringa har bestått av to kursvideoar utarbeida av KINS, og inneheld mellom anna rettleiing for passord og informasjonstryggleik. Vi er gjort merksame på leiare og tilsette har vore pålagt å gjennomføre desse opplæringskurser.

Stord kommune er i gang med eit arbeid med å laga eit årshjul for leiarutvikling, som mellom anna skal innehalde informasjonstryggleik. Dei har òg utarbeida ein tilsettopplæring som inneheld det grunnleggande for korleis ein skal opptre i ein kommune. I faktaverifikasjonen er me gjort merksame på at grunnleggande informasjonstryggleik er ein del av dette.

Samstundes er det òg ei tilbakemelding at det generelt er for lite opplæring i samband med dette tema. Opplæringa som har vore gitt er ad-hoc og som oftast gjort i samband med brukarstøtte saker og drift. Det har også vore nokre utfordringar knytt til kontinuitet i opplæringa gitt koronasituasjonen.

Når det gjeld opplæringa via KS-læring er det òg uklart korleis og i kva grad einingsleiarane følgjar opp sitt ansvar å sjå til at dei tilsette i eigen eining gjennomfører opplæringa. Det er også påpekt at det er utfordrande å få opplæringa ut i det ytste ledd i organisasjonen. Stord kommune har fleire tusen databrukarar, inkludert elevar, undervisningspersonale, administrativt tilsette, helsearbeidarar, barnehagar osv. Det er mange små stillingar og sjølv dei med lavast stillingsprosent kan utgjere ein risiko for kommunen sine IT-system om ein ikkje har kjennskap til kva for risiko som finst. I revisjonsintervju er det ytra mest otte angående opplæring og bevissthet på det daglege nivået i kommunen.

Etter faktaverifikasjon er vi òg gitt tilbakemelding om at det er etablert fleire rutinar innafør informasjonstryggleik, kor ansvar og roller er avklart. Som ein del av internkontrollen er vi gjort kjend med at det som eit årleg tiltak gjennomførast kontrollspørsmål til einingsleiarane innan tema og deira kjennskap til rutinar på område. Dette ses på som ein bevisstgjeringe prosess, og einingsleiarane har også vore oppmoda til å gå gjennom kontrollspørsmåla på personalmøte med dei tilsette.

Me har òg mottekne risikoanalyser frå 2019 og 2020 utarbeida på «dagleg» nivå i kommunen. I risikoanalysen frå 2019 er det peikt på tre situasjonar som kan utgjere risiko for informasjonstryggleika i kommunen. Desse består av at tilsette ikkje loggar seg ut frå systema, mangelfull skjerming og oppbevaring av eiga passord, samt at bilete og video ikkje vert sletta etter bruk. Av framlegg til tiltak, handlar 10 av 18 tiltak om opplæring og bevisstgjering.

4.2.4 Tryggleik hjå ansvarshavarar

Tryggleik hjå ansvarshavarar handlar om at dei som har ansvar for handsaming av kritiske situasjonar skal ha tru på at dei har evne til å løyse dei utfordringane dei møter på. I forvaltningsrevisor si undersøking av kor trygg dei ansvarshavande er har det vore viktig å identifisere mogleg overdriven tru på kommunen si evne til å løyse utfordringar.

Gjennom intervju med respondentane i forvaltningsrevisjonen har respondentane mellom anna, med noko individuell variasjon, blitt spurt om dei har tru på at Stord kommune er budd på å handsame ei kvar hending, om dei er budd på å handsame ei større hending dersom KKL er sett ut av spel og om dei er budd på å handsame ei hending med eller samstundes med eit fullstendig IKT-bortfall.

Ingen av respondentane har i intervju gitt uttrykk for at dei trur Stord kommune kan løyse, eller er budd på å løyse, ei kvar hending. Refleksjonane respondentane har kome med rundt spørsmålet syner i stor grad at respondentane har ei realistisk tilnærming til kva kommunen har evne til og ikkje.

Alle respondentar som har fått spørsmål om kommunen er budd på å handsame ei større hending sjølv om KKL er sett ut av spel har svara positivt på det. Det er samstundes ingen av respondentane som har gitt uttrykk for at KKL er unødvendig i krisehandsaminga, og det er òg kome fram at handsaming utan KKL ville vore vanskeleg – men likevel mogleg.

Alle respondentane som har fått spørsmål om kommunen si evne til å handsame eit fullstendig IKT-bortfall har svara positivt på det. Forvaltningsrevisor har samstundes registrert at nokre av dei funksjonane respondentane då har gitt tilbakemelding om at dei vil lene seg på òg er digitale løysingar.

4.3 Vurderingar

4.3.1 Læring

I fleire av einingane er det kome fram i intervju at det blir gjort munnlege gjennomgangar etter hendingar for dei personane som har behov for det. Det er òg lagt vekt på at alle ikkje behøver eller ønsker slike gjennomgangar. Det er grunngjeve med at det kan vere ekstra belastande for enkelte å gå gjennom vanskelege episodar på nytt. Forvaltningsrevisor er ikkje samd i den vurderinga. Vi legg vekt på at alle som har vore involvert i ein episode bør delta i ein debrief for å kunne utveksle erfaringar og inntrykk seg imellom i gruppa. Vår vurdering er at det alltid bør vere ein munnleg gjennomgang av alvorlege hendingar, og at det ikkje bør vere frivillig. I faktaundersøkinga har vi fått stadfesta at kommune har rutinar for dette. Og at det er kommune sitt syn at det alltid skal vere ein gjennomgang etter ei hending.

4.3.2 Kjennskap til planar og rutinar

Undersøkinga synar til at tilsette som sjølv arbeider med beredskapsplanverket er kjent med sin del, og i dei fleste tilfelle med planverket sin heilskap. Vi vurderer kjennskapen blant leiinga og mellomleiarar som tilfredsstillande.

Ei tilbakemelding er at beredskapsplanane er lett å finne fram til i Compilo. Vi har likevel fått tilbakemelding på at det ikkje alltid er så mykje kjennskap til det generelle beredskapsplanverket blant dei tilsette på lågare nivå. Vi meiner dette syner til at dei tilsette kan involverast meir i beredskapsarbeidet, mellom anna for å sikre god kontakt mellom dei som leier og dei som utfører krisehandsaminga i høve til planleggingsarbeidet. I revisjonsintervju er det òg gitt tilbakemelding om at det er manglande kontroll på om folk er kjent med/har lest planverket. I nokre beredskapsplanar er det vist til at tilsette må dokumentere at dei har lest planane. Me meiner dette kan vere eit tiltak i alle planane for å sikre at dei er lest å forstått av dei tilsette, slik at man er førebudd på å takla oppståtte hendingar ved at man veit kva ein skal gjer (eksempelvis i samband med varslings).

4.3.3 Opplæring innan beredskap

Vår vurdering er at medlemmer i administrasjonen som har ei sentral rolle i krisehandsaming (KKL) er godt kjend med sitt ansvar og at det blir gitt opplæring i kriseleiing og beredskap. Det er ytra noko forbetningspotensial knytt til opplæring i proaktiv beredskapsleiing.

Det er gitt tilbakemelding om at opplæringa til dei tilsette i einingane og avdelingane er varierende og kan henge saman med manglande innføring og kjennskap til planverk. Vår vurdering er at manglande opplæring kan føra til usikkerheit og reduserer moglegheita til å handsame krisesituasjonar tilstrekkeleg. I fleire av beredskapsplanane synast det til at tilsette (den som først oppdagar hendinga) skal sikre nødvendig varslings. Det er òg i nokre av beredskapsplanane syna til at dei tilsette skal setje i verk nødvendige tiltak for å handsame situasjonen. Dersom ein føresetning er at dei tilsette skal kunne handsame ulike krisesituasjonar er vår vurdering at dei bør få opplæring og øving i beredskapsplanane.

Kommunane i Norge er sjølv ansvarlig for IKT-tryggleiken i eigen kommune. Risikovurderinga frå sentrale fagmyndigheiter (PST, NSM og FET) synar til at digital åtak på offentlege verksemder som vesentlege og sannsynlege. Intrykket er at Stord kommune har satt i verk et arbeid i høve opplæring og bevisstgjerings i samband med IT-tryggleik. Det er gjennomført opplæring via KS-læring, og gjennom internkontrollen i kommunen blir einingsleiare (dei som er med i prosessen) gjord merksame på eksisterande rutinar og prosedyrar innan område.

Samstundes kan varierende tilbakemeldingar om naudsynt omfang, samt utfordringar med å sikre at opplæringa når ut i det ytste ledd tyde på at det enda er behov for å sikre kontinuitet og oppfølging av om opplæringa gjennomførast av alle kommunens tilsette. Viktigheita av opplæring og bevissthet synas også til av tilsendte risikoanalyser frå 2019 og 2020, kor fleire tiltak som reduserer sannsyn består av opplæring og bevisstgjerings.

4.3.4 Tryggleik hjå ansvarshavar

Vår vurdering er at tryggleik hjå ansvarshavar vil avhenga av kva type hending som oppstår. Det er vår vurdering at enkelte hendingar kan utfordre tryggleiken. Kommunen har etter vår oppfatning ei realistisk haldning til omfanget av moglege kriser og evna til å løyse dei. Sjølv om kommunen innser at det ikkje er mogleg å planlegge for og løyse alle teoretiske hendingar er dei budd på både konkrete hendingar og uføresette hendingar kor beredskapsvegna og evna til å agere blir sett på prøve.

5. Tilrådingar

Våre tilrådingar til Stord kommune er delt i tre nivå. For å oppfylle krav i lovgivinga om beredskapen i kommunane er vårt råd:

- ✓ Kommunen bør utarbeide ny ROS-analyse så snart som mogleg.
- ✓ Kommunen bør etablere ein tydelig plan for krisekommunikasjon som del av overordna beredskapsplan.

På bakgrunn av tilbakemeldingar og funn i forvaltningsrevisjonen rår vi kommunen til å gjere eller vurdere å gjere tiltak som vi meiner er eigna til å styrke beredskapsarbeidet i kommunen:

- ✓ Kommunen bør vurderer å auke årsverk knytt til arbeid med beredskap på administrativt nivå i kommunen.
- ✓ Kommunen bør planlegge for fullstendig bortfall av IKT-tenester i kommunen.
- ✓ Kommunen bør vurdere å gjennomføre ei fullskalaøving med bortfall av alle digitale tenester, inkludert naudnett, DAB-radio, satellitt-kommunikasjon, etc.
- ✓ Kommunen bør synleggjere korleis forskjellige risiko- og tryggleiksfaktorar kan verke inn på kvarandre ved neste revidering av ROS, spesielt i samband med IKT.
- ✓ Kommunen bør kontrollere at planane vert reviderte jamleg for å sikre at dei blir levande dokument. Alle planar bør òg syna kva tid planane er reviderte og oppdaterte.
- ✓ Kommunen bør etablere rutinar for dokumentasjon av gjennomgang av beredskapsplanar for tilsette.
- ✓ Kommunen bør etablere eit system der revidert plan må godkjennast av andre enn den som har ansvar for den konkrete planen for å bli rekna som revidert.
- ✓ Kommunen bør ha rutinar for å gjere skriftlege evalueringar ved øvingar som avdekkjer forbedringspotensial.

På bakgrunn av tilbakemeldingar og funn i forvaltningsrevisjonen rår vi kommunen til å vurdere tiltak som vi meiner kan styrke beredskapsarbeidet i kommunen:

- ✓ Kommunen bør vurdere å inngå avtale om beredskap med fleire overnattingsstader i, eller i tilknytning til, kommunen.
- ✓ Kommunen bør vurdere om dei tilsette bør vere meir aktivt med i revisjon av planane.
- ✓ Kommunen bør vurdere om tilsette kan gis opplæring i beredskapsarbeidet i eiga eining.
- ✓ Kommunen bør vurdere å samle arbeidet med IT-tryggleik, plan for opplæring i IT-tryggleik og oppfølging av opplæring i IT-tryggleik på same stad i kommunen, for å sikre betre oversyn over den generelle IT-tryggleika.

6. Fråsegn frå rådmannen

Uttale i samband med forvaltningsrevisjon av beredskapen i Stord kommune.

KPMG har på oppdrag frå kontrollutvalet gjennomført forvaltningsrevisjon av beredskapen i Stord kommune. Rådmannen fekk 12. april 2021 den endelege rapporten til uttale. Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å syne korleis beredskapsarbeidet i kommunen er organisert og kartleggje og vurdere i kva grad den kommunale beredskapen er tilstrekkeleg for å kunne handsame krisesituasjonar i høve til beredskap, hendingar og katastrofar.

Rapporten syner at det overordna inntrykket er at beredskapen i Stord kommune er godt teke i vare gjennom: «ei pro-aktiv tilnærming, effektiv samhandling på tvers av einingar og god kjennskap til kommunen i toppleiinga». Samstundes peiker rapporten på nokre forbedringspunkt.

Rådmannen er oppteken av at kommunen har eit godt planverk og ei leiing som kan handtere ulike uventa hendingar og ser difor på tilrådingane som nyttige innspel til det vidare arbeidet.

Med helsing

Magnus Mjør
Rådmann

Knut J. Gram
Kommunalsjef

Vedlegg 1 Dokumentliste

- ✓ Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Stord kommune
- ✓ Oversikt over gjennomførte øvingar i Stord kommune perioden 2015-2018
- ✓ Stord kommune overordna beredskapsplan
- ✓ Beredskapsplan IKT-eininga i Stord kommune
- ✓ Beredskapsplan heimebaserte tenester
- ✓ Beredskapsplan for Fellestenester
- ✓ Beredskapsplan for Tildelingskontoret
- ✓ Beredskapsplan for Eining for aktivitet og re/habilitering
- ✓ Beredskapsplan Eining for Habilitering
- ✓ Retningslinjer for psykososialt kriseteam
- ✓ Smittevernplan
- ✓ Psykososialt kriseteam kontaktinformasjon
- ✓ Beredskapsplan for Stord ungdomsskule
- ✓ Beredskapsplan for Furuly barnehage
- ✓ Beredskapsplan for Trodlaugaugen barnehage
- ✓ Beredskapsplan for Sagvåg skule
- ✓ Beredskapsplan Stord vaksenopplæring
- ✓ Beredskapsplan Stord kulturskule
- ✓ Beredskapsplan NAV Stord
- ✓ Beredskapsplan for sjukeheimen
- ✓ Beredskapsplan for psykisk helse og rus
- ✓ Beredskapsplan Knutsåsen omsorgssenter
- ✓ Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) revidert 2014
- ✓ Plan for helse- og omsorgsberedskap
- ✓ Samordningsplan RHO
- ✓ Plan for evakuerte og pårørandesenter
- ✓ Plan for atomberedskap
- ✓ Fagnettverk akuttberedskap – tenesteavtale
- ✓ Evalueringsrapport – bilbrann i Bømlafjordtunnelen
- ✓ Dreiebok øving i barnehage – forsvinning av barn
- ✓ Evalueringsrapport øving i barnehage – forsvinning av barn
- ✓ Evalueringsrapport – øving Stord Lufthamn
- ✓ Dreiebok – Øving M/S Sunnhordaland
- ✓ Evalueringsnotat – Brannøving Kværner Stord
- ✓ Evalueringsrapport – Samvirke Sørstokken
- ✓ Dreiebok øving Stord lufthamn – havari med brann
- ✓ Dreiebok atomberedskapsøving i Hordaland
- ✓ Dreiebok øving Leirvik skule

- ✓ Evalueringsnotat øving Leirvik skule
- ✓ Risikoanalyse informasjonstryggleik dagleg nivå 2019
- ✓ Risikoanalyse informasjonstryggleik dagleg nivå 2020
- ✓ Årlege kontrollspørsmål i samband med tryggleiksrevisjon
- ✓ Rutinar for risikovurdering samt oppfølging av tilsette som har vore utsett for truslar, vald eller traume
- ✓ Rutine for handtering av vald og truslar i Stord kommune
- ✓ Referata frå:
 - Beredskapsforum
 - Kriseleiinga (KKL)
 - Underutval beredskap Sunnhordaland
 - Koronakoordinering
 - Beredskapsgruppa

Vedlegg 2 Revisjonskriterier

Meld. St. 10 (2016-2017) Risiko i et trygt samfunn – samfunnssikkerhet

I Norge baserast arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap på de fire grunnleggande prinsippa ansvar, likskap, nærleik og samvirke. Prinsippa gjelder for alle typar kriser.

- ✓ Ansvarsprinsippet innebærer at den organisasjonen som har ansvar for et fagområde i en normalsituasjon, også har ansvaret for nødvendige beredskapsforberedelser og for å håndtere ekstraordinære hendelser på området.
- ✓ Likhetsprinsippet, som inneberer at den organisasjonen man opererer med under kriser i utgangspunktet skal være mest mulig lik den organisasjonen man har til daglig
- ✓ Nærhetsprinsippet betyr at kriser organisatorisk skal håndteres på lavest mulig nivå, og
- ✓ Samvirkeprinsippet som betyr at myndigheter, virksomheter eller etater har et selvstendig ansvar for å sikre at best mulig samvirke mellom relevante aktører og virksomheter i arbeidet med forebygging, beredskap og krisehåndtering.

Meld. St. 5 (2020-2021) Samfunnstryggleik i ein usikker verden

Meldinga skildrar regjeringa sin politikk om samfunnstryggleik. Linjene i meldinga er bakgrunnsmateriale i høve til revisjonen.

NOU 2012 14: Rapport fra 22. juli kommisjonen

Utgreiinga skildrar høve ved det mest alvorlige terroråttaket i Norge i nyare tid. Linjene i utgreiinga er bakgrunnsmateriale i høve til revisjonen.

NOU 2018 14: IKT-tryggleik i alle ledd

Utgreiinga syner utfordringar knytt til IKT-tryggleik i samfunnet. Vurderingar i utgreiing er bakgrunnsmateriale i høve til revisjonen.

DSB sin Rettleiar til heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen

Hensikten med Veileder – helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen er å gi en grundig metodebeskrivelse for gjennomføring og oppfølging av helhetlig ROS i tråd med krav til kommunal beredskapsplikt gitt i lov 25. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven).

Den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalysen skal:

- gi oversikt over uønskede hendelser som utfordrer kommunen
- gi bevissthet om risiko og sårbarhet i kommunen
- fange opp risiko og sårbarhet på tvers av sektorer

- gi kunnskap om tiltak for å unngå og redusere risiko og sårbarhet i kommunen
- identifisere tiltak som er vesentlige for kommunens evne til å håndtere påkjenninger
- gi grunnlag for mål, prioriteringer og nødvendige beslutninger i kommunens arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap
- gi innspill til risiko- og sårbarhetsanalyser innen andre kommunale ansvarsområder og fylkesR

DSB sin Rettleiar i planlegging, gjennomføring og evaluering av øvingar

Grunnboka gjev ei innføring i kva øvingar er, kvifor ein øver, ulike typar øvingar og kva fasar ei øving består av.

DSB sin rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt

Rettleiaren byggjer på erfaringar frå arbeidet med kommunal beredskapsplikt både på lokalt, regionalt og sentralt nivå. Han legg til rette for sams rammer og forståing av dei enkelte vilkåra om kommunal beredskapsplikt.

Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven)

Lova gjeld verksemda i kommunane og legg grunnlaget for kva plikter, mynde og moglegheiter kommunen har i utøving av verksemda.

Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)

Kapittel I. Føremål og virkeområde

§ 1. Føremål.

Lovens føremål er å beskytte helse, miljø og materielle verdier og kritisk infrastruktur ved bruk av ikkje-militær makt når riket er i krig, når krig truer, når rikets skjøvtende er i fare, og ved uønska hendingar i fredstid.

Kapittel V. Kommunal beredskapsplikt

§ 14. Kommunal beredskapsplikt – risiko- og sårbarheitsanalyse

- Kommunen pliktar å kartleggje kva uønska hendingar som kan hende i kommunen, vurdere sannsyn for at desse hendigane hender og korleis dei i så fall kan ha innverknad på kommunen. Resultata av dette arbeidet skal vurderast og stilles saman i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.
- Risiko- og sårbarheitsanalysen skal leggas til grunn for kommunens arbeid med samfunnstryggleik og beredskap
- Risiko- og sårbarheitsanalysen skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplanar

§ 15. Kommunal beredskapsplikt – beredskapsplan for kommunen

- Med utgangspunkt i risiko- og sårbarheitsanalysen etter § 14 skal kommunen utarbeide ein beredskapsplan
- Beredskapsplanen skal innehalde ein oversikt over kva tiltak kommunen har førebudd for å handtere uønska hendingar. Som eit minimum skal beredskapsplanen innehalde ein plan for kommunens kriseleiing, varslingslister, ressursoversikt, evakueringsplan og plan for informasjon til befolkninga og media
- Beredskapsplanen skal vere oppdatert og reviderast minimum ein gong per år. Kommunen skal sørgje for at planen verte jamleg øvd

Lov om helsemessig- og sosial beredskap (helseberedskapsloven)

Formålet med loven er å verne befolkningas liv og helse og bidra til at nødvendig helsehjelp, helse- og omsorgstenester og sosiale tenester kan tilby befolkninga under krig og ved kriser og katastrofar i fredstid.

Lova inneheld ei rekke føresegn som er styrande for beredskapsarbeidet i kommunane.

Forskrift om kommunal beredskapsplikt

§ 1. Føremål

Forskriften skal sikre at kommunen tar hand om befolkningas sikkerheit og tryggleik. Kommunen skal jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik på tvers av sektorar i kommunen, med sikte på å redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar

§ 2. Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

- Kommunen skal gjennomføre ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, herunder kartleggje, systematisere og vurdere sannsyn for uønska hendingar som kan hende i kommunen og korleis desse kan ha innverknad på kommunen.
- Analysen skal som eit minimum omfatte:
 - o eksisterande og framtidig risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen
 - o risiko og sårbarheit utanfor kommunens geografiske område som kan ha betydning for kommunen
 - o korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan ha innverknad på kvarandre
 - o særlege utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur
 - o kommunens evne til å oppretthalde sin verksemd når den utsetjas for ein uønska hending og evnen til å gjenoppta sin verksemd etter at hendinga har hende.
 - o Behovet for befolkningsvarsling og evakuering
- Kommunen skal sjå til at relevante aktørar inviteras med i arbeidet med utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalysen

§ 3. Heilskapleg og systematisk samfunnstryggleik- og beredskapsarbeid

På bakgrunn av den heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysen skal kommunen:

- Utarbeide langsiktig mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet

§ 4. Beredskapsplan

- Kommunen skal vere førebudd på å handtere uønska hendingar, og skal med utgangspunkt i den heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysen utarbeide en overordna beredskapsplan. Kommunens overordna beredskapsplan skal samordne og integrere dei andre beredskapsplanane i kommunen. Den skal også vere samordna med andre relevante offentlege og private krise- og beredskapsplanar
- Beredskapsplanen skal som eit minimum innehalde:
 - o ein plan for kommunens kriseleiing som gir opplysningar om kven som utgjer kommunens kriseleiing og deira ansvar, roller og fullmakter, herunder kven som har fullmakt til å bestemme at kriseleiinga skal samlast
 - o ein varslingsliste over aktørar som har ein rolle i kommunens krisehandtering. Kommunen skal informere alle som står på varslingslisten som deira rolle i krisehandteringa
 - o ein ressuroversikt som skal innehaldre opplysningar om kva for ressurser kommunen skjølv har til rådighet og kva for ressurser som er tilgjengelege hos andre aktørar ved uønska hendingar. Kommunen bør på førehand inngå avtalar med relevante aktørar om bistand under krisar.
 - o evakueringsplanar og plan for befolkningsvarsling basert på den heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysen.
 - o plan for krisekommunikasjon med befolkninga, media og eigne tilsette

§ 5. Samarbeid mellom kommunar

Der det er hensiktsmessig bør det etableras samarbeid mellom kommunar om lokale og løysingar av førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver, med sikte på best mogleg utnyttelse av dei samla ressursar. Kvar kommune skal ha ein eigen beredskapsplan og heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i høve med forskriften.

§ 6. Oppdatering/revisjon

- Risiko- og sårbarheitsanalysen skal oppdateras i takt med revisjon av kommunedelplanar, og for øvrig ved endringar i risiko- og sårbarheitsbilete.
- Kommunens beredskapsplan skal til einkvar tid vere oppdatert, og som eit minimum revideras ein gong per år. Av planen skal det framgå kven som har ansvaret for oppdatering av planen og når planen sist er oppdatert.

§ 7. Øvingar og opplæring

- Kommunens beredskapsplan skal øves kvart annan år. Scenarioa for øvingane bør bli henta frå kommunens heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse. Kommunen skal øve saman med andre kommunar og relevante aktørar der valde scenario og øvingsform gjer dette hensiktsmessig
- Kommunen skal ha eit system for opplæring som sikrar at alle som er tiltenkt ein rolle i kommunens krisehandtering har tilstrekkelege kvalifikasjonar

§ 8. Evaluering etter øvingar og uønska hendingar

- Kommunen skal etter øvingar og uønska hendingar evaluere krisehandteringen. Der evaluering gir grunnlag for det skal det føretas naudsynte endringar i risiko- og sårbarheitsanalysen og beredskapsplanar.



Kontakt oss

Willy Hauge

Partner

T +47 406 39 663

E willy.hauge@kpmg.no

Sindre R. Dueland

Senior Associate

T +47 900 16 386

E sindre.dueland@kpmg.no

kpmg.no



© 2021 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative (“KPMG International”), a Swiss entity. All rights reserved.

This proposal is made by KPMG AS, a limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International, a Swiss cooperative, and is in all respects subject to the negotiation, agreement, and signing of a specific engagement letter or contract. KPMG International provides no client services. No member firm has any authority to obligate or bind KPMG International or any other member firm vis-à-vis third parties, nor does KPMG International have any such authority to obligate or bind any member firm.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/130-23
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	27/21	19.05.2021

Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si sakliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk -> møteinnkallingar og møteprotokollar».

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har gjort vedtak i sak PS 63/19 av 11.12.19., om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Rigmor Svanberg
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Stian Djuvsland
Utval for oppvekst og kultur	Astrid-Cecilie F. Aleksandersen
Utval for plan og utvikling	Tore Jubskås

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet fatta slik vedtak 19.04.21 i sak PS 17/21:

«Utval for plan og utvikling sine protokollar 11.03.21 og 08.04.21 vert gjennomgått i neste møte. Kontrollutvalet tar dei øvrige møteprotokollane til orientering.»

Til dette møtet vil det vere aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2021
Kommunestyret	29.04
Formannskapet	12.05
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Ingen nye møter
Utval for oppvekst og kultur	04.05
Utval for plan og utvikling	11.03 08.04 06.05

(Dato/ar i parentes gjeld møter der protokoll ikkje låg føre då saksframlegget vart fullført)

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt under gjennomgangen, vert det tilrådd å ta møteprotokollane til orientering.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/89-8
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	28/21	19.05.2021

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalget 11.03.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessuten eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Referatsaker
RS 10/21 KST RS 10/21 Revidering av eigarskapsmelding 2020 - 2021

Saksprotokoll Stord kommunestyre - 29.04.2021

Sak PS 10/2021 Revidering av eigarskapsmelding 2020-2021.

Vedtak

Eigarskapsmeldinga for 2020-21 vert vedteken slik den ligg føre.

Handsaming

Samrøystes vedteke (34 røyster)

Merknad frå sekretariat for kontrollutvalet

- Sakstilfang til Stord kommunestyre sitt møte 29.04.21 er å finna på kommunen si heimeside. Denne saka går fram av innkallinga side 126 – 167.
- Sekretariatet har på oppmoding fått denne frå politisk sekretør som pdf-fil.
- Kan vidaresendast til interesserte, men den er på heile 35 Mb, og vert såleis for stor til å ha med i saksheftet til kontrollutvalet sitt møte. Då vil det snart vera nokon som ikkje klarar å opna KUV sitt sakshefte på sin PC.
- Denne måten å gjera det på (denne referatsaka) er avkonferert med kontrollutvalsleiaren.

HH.

Fra: Marit Annie Åkra (Marit.Annie.Akra@stord.kommune.no)

Sendt: 05.05.2021 09:48:58

Til: Hogne Haktorson

Kopi:

Emne: Svar på spørsmål til kommunestyret frå Katrin Ankervold, UA - gjeld forvaltningsrevisjon av FOS

Vedlegg: Svar på spørsmål til kommunestyret frå Katrin Ankervold, UA - gjeld forvaltningsrevisjon av FOS.PDF

Hei, Her kjem IS 10/21

Mvh

Mariit Annie Åkra

Svar

Dato: 26.04.2021
Ref: 2021/3 - 12984/2021 / C83

Til: kommunestyret

SVAR PÅ SPØRSMÅL TIL KOMMUNESTYRET FRÅ KATRIN ANKERVOLD, UA - GJELD FORVALTNINGSREVISJON AV FOS

SPØRSMÅL:

Eg ser at kontrollutvalget har ein forvaltningsrevisjon av FOS. (denne rapporten er lagt offentlig ut). I rapporten står det:

«Det er og fleire som oppfattar at det er uklart kva vedtak som vert fatta av kommunen og kva vedtak som vert fatta av FOS. Samstundes er kommuneleiinga klar på at FOS ikkje fattar vedtak som bind kommunane.»(side 39)

Spørsmål

1. Vi har tidligare omtala NLA i kommunestyret. FOS presiserer i forvaltningsrevisjonen at det ikkje fattes vedtak i FOS. Kan rådmannen syne kor vedtaket om millionkontrakten som gjekk til NLA på bekostning av HVL stod i Stord. Hadde kommunestyret delegert mynde til rådmann eller vart det politisk handsama?
2. Og i kva kommunalt organ vart DEKomp vedtatt?(ønsker protokoll eller drøftingsnotat)
3. Så til fordelingsnøkler som vert nytta i FOS. Kor er desse vedtatt i Stord? Eg ser at Stord betaler 32,5%(side 32) men får berre ca 24% kursplasser!(tabell 6 vedlegg i denne mailen, dei har ikkje klart å summere kolonnene. Tallet på kursplasser er summert til 1164, men slik eg ser det er rett tal 1570)
4. Har rådmannen lagt frem for kommunestyret ei slik fordelingsnøkkel at Stord betaler 32,5%, men får berre ca 24% ved tildeling av kursplasser? I denne saka går enn i ring: det ser ut som ingen har vedtatt, eller bestemt om du vil kontrakter som omhandler millionkontakter.
5. Det står vidare : «Det kjem fram av det kommuneinterne notatet at FOS søkjer om tilskot på vegne av kommunane og samordnar avtalar mellom kommunane og samarbeidspartnarane som til dømes høgskulane. samstundes kan ikkje FOS rettslig binde kommunane då FOS ikkje er ein eigen juridisk person.» Når vi hadde delegeringsreglementet for Stord opp i februar spurte eg om rådmannen kunne delegere mynde ut av kommunen. Da bekreftet rådmannen at det kunne enn ikkje. Så var sirkelen sluttet. Ingen tek avgjerdsla. FOS kan ikkje vedta pga ikkje eigen juridisk person. Rådmannen har ikkje delegert mynde ut av kommunen. Så da ønsker eg drøftingsprotokoll i høve fordelingsnøkkelen eller evt politiskprotokoll der fordelingsnøkkelen var tema.

Mvh

Katrin I. Ankervold
Formannskapsrep.

SVAR

1. *Vi har tidligare omtala NLA i kommunestyret. FOS presiserer i forvaltningsrevisjonen at det ikkje fattes vedtak i FOS. Kan rådmannen syne kor vedtaket om millionkontrakten som gjekk*

til NLA på bekostning av HVL stod i Stord. Hadde kommunestyret delegert mynde til rådmann eller vart det politisk handsama?

2. *Og i kva kommunalt organ vart DEKomp vedtatt?(ønsker protokoll eller drøftingsnotat)*

Svar på spørsmål 1 og 2

Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnskule og vidaregåande skule (Dekom) er ei ordning der kommunar og fylkeskommunar kan søkja om midlar til kollektiv kompetanseutvikling i skulen. Rådmannen har via FOS , søkt om midlar til kompetanseutvikling via denne ordninga. Eit av vilkåra for å søkja om Dekom midlar er at ein må inngå avtale om samarbeida med eit universitet, eller ein høgskule i Vestland. Rådmannen har administrativt inngått slik avtale om samarbeid med NLA.

3. *Så til fordelingsnøkler som vert nytta i FOS. Kor er desse vedtatt i Stord? Eg ser at Stord betaler 32,5%(side 32) men får berre ca 24% kursplasser!(tabell 6 vedlegg i denne mailen, dei har ikkje klart å summere kolonnene. Tallet på kursplasser er summert til 1164, men slik eg ser det er rett tal 1570*
4. *Har rådmannen lagt frem for kommunestyret ei slik fordelingsnøkkel at Stord betaler 32,5%, men får berre ca 24% ved tildeling av kursplasser? I denne saka går enn i ring: det ser ut som ingen har vedtatt, eller bestemt om du vil kontrakter som omhandler millionkontakter.*

Svar på spørsmål 3 og 4

Kommunane i Sunnhordland har i om lag 30 år samarbeida om kompetanseutvikling gjennom FOS. Kommunane deler utgifter til leiarstilling/ koordinatorstilling etter tall elevar i grunnskulen, i tillegg kjem 5 % administrativt påslag. Dette samarbeidet har ikkje vore formalisert og fordelingsnøkkelen har ikkje vore lagt fram for, eller handsama i kommunestyret. Stord kommune har ikkje ein fast tildeling av kursplassar. Tilsette i Stord kommune får plass på kurs eller andre fellestiltak som vert gjennomført av FOS når dei melder seg på.

5. *Det står vidare : «Det kjem fram av det kommuneinterne notatet at FOS søker om tilskot på vegne av kommunane og samordnar avtalar mellom kommunane og samarbeidspartnarane som til dømes høgskulane. samstundes kan ikkje FOS rettslig binde kommunane då FOS ikkje er ein eigen juridisk person.» Når vi hadde delegeringsreglementet for Stord opp i februar spurte eg om rådmannen kunne delegere mynde ut av kommunen. Da bekreftet rådmannen at det kunne enn ikkje. Så var sirkelen sluttet. Ingen tek avgjerdsla. FOS kan ikkje vedta pga ikkje eigen juridisk person. Rådmannen har ikkje delegert mynde ut av kommunen. Så da ønsker eg drøftingsprotokoll i høve fordelingsnøkkelen eller evt politiskprotokoll der fordelingsnøkkelen var tema.*

Svar på spørsmål 5

FOS er eit administrativt samarbeidsorgan som ikkje gjer vedtak, utfører lovpålagte oppgåver, eller myndighetsutøving på vegne av ein anna kommune. Då delegeringsreglementet for Stord vart oppe i februar og Ankervold spurte om rådmannen kunne delegere mynde ut av kommunen, sa rådmannen nei. Rådmannen har heller ikkje delegert mynde ut av kommune i dette tilfellet. Rådmannen tek avgjerda om å søkja om tilskot, og avgjerda om inngå ein samarbeidsavtale, eller kjøp av kompetasehevande tiltak. FOS utfører samordning/ administrative tenester mot betaling. Det er ikkje ei føregåande drøfting, der det skal først etterfølgjande i drøftingsprotokoll. Tilsette melder seg på kurs eller andre fellestiltak som vert gjennomført av FOS og Stord kommune betalar ev kostandar.

Ettersom FOS samarbeidet er eit effektiviseringstiltak og ikkje omfattar overføring av avgjerdsmynde mellom kommunane er det ikkje trong for vertskommunesamarbeid etter kommunelova. Likevel meiner rådmannen det er føremålstenleg å få på plass ein skriftleg avtale. Det er utarbeidd eit forslag til slik avtale og rådmannen meiner inngåing av denne avtalen er eit effektiviseringstiltak av ikkje-prinsipiell verdi. Rådmannen meiner difor å inneha fullmakt til å signera avtala sjølv og kjem i løpet av våren til å gjera det. Avtalen vil bli lagt fram for Utval for oppvekst og kultur til orientering.

Med helsing

Mariann Jacobsen Hilt

Returadresse: Arkivverket
Pb.4013 Ullevål Stadion
0806 OSLO



ARKIVVERKET

STORD KOMMUNE

Postboks 304
5402 STORD

Dato	22.03.2021
Din ref.	2019/515 -
Vår ref.	2019/2749
Saksbehandler	JONSAN/DOFO

Avslutning av tilsyn – Stord kommune

Arkivverket gjennomførte tilsyn med arkivhaldet i Stord kommune 8.5.2019. Hensikta med tilsynet var å kontrollere at arkivforholda i kommunen er i tråd med arkivlova med føresegner. Endeleg tilsynsrapport med pålegg vart sendt dykk 27.6.2019.

Kommunen fekk sju pålegg om utbetring: Plassering av arkivansvaret, oppdatering av arkivplanen, utarbeid retningslinjer for elektronisk arkiv, kvalitetssikring av journalen, plan for deponering av elektronisk arkiv, plan for ordning av papirarkiv, og sikring av fysiske arkiv (lokale).

Arkivverket viser til korrespondanse med kommunen om oppfølginga av tilsynet, seinast brev frå Stord kommune 23.2.2021. Arkivverket vurderer no at alle avvika er utbetra og avsluttar med dette tilsynet.

Vi gjer merksam på at Stord kommune sjølv har ansvaret for at eigne arkiv vert behandla i samsvar med arkivlova med føresegner. Alle aspekt ved kommunen si arkivforvaltning kan bli teke opp på eit framtidig tilsyn.

Med helsing

Kjetil Reithaug
fagdirektør

Jon Sandven
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt@fkt.no)

Sendt: 22.04.2021 14:59:29

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn

Kopi:

Emne: FKT - medlemsinformasjon april 2021

Vedlegg: FKT_prot_210420.pdf

Til FKTs medlemmer – kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat

Her er en kort påminning om hva som skjer framover:

Årsmøtet 1. juni

Årsmøtet arrangeres digitalt på Teams 1. juni kl. 16.00. Alle medlemmene v/kontrollutvalgsledere og daglig ledere, har mottatt innkalling på e-post. Sakspapirene blir sendt på e-post senest 18. mai. De legges også ut på hjemmesiden. Det er kun medlemmer som har tale-, forslags- og stemmerett (en stemme per kontrollutvalg eller sekretariat). Medlemmene velger selv hvem som skal være representert på årsmøtet. Du kan melde deg på årsmøtet fra FKTs hjemmeside. [Lenke til informasjon og påmelding til årsmøtet](#)

Fagkonferansen 1.-2. juni

Vi minner om fagkonferansen 1.-2. juni (digital/Teams) [Lenke til påmelding og informasjon om fagkonferansen.](#)

Styret

Styret hadde Teamsmøte 20. april. Du finner protokollen vedlagt og på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Det var i hovedsak forberedelser til årsmøtet som stod på agendaen.

Styret har sitt neste møte 31. mai.

Mvh

Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post:fkt@fkt.no | Tlf.:41471166

| www.fkt.no | [@FKT_no](https://twitter.com/@FKT_no) www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat



MØTEPROTOKOLL

Møte:	Styremøte
Tid:	20. april 2021 kl. 13.00 – 15.00
Sted:	Teams
Deltakere fra styret:	Til stede: Tage Pettersen, Einar Ulla, Liv Tronstad, Marit Gilleberg, Tom Øyvind Heitmann og vara Terje Engvik
Andre som møtte:	Anne-Karin Femanger Pettersen
Forfall:	Bård Hoksrud
Møteleder:	Tage Pettersen

Før møtestart:
Informasjon og test av mulig digitalt årsmøteverktøy (DigDem)

Saksliste:

SS 21/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
SS 22/21	Godkjenning av protokoll fra møtet 15. mars 2020
SS 23/21	Økonomirapport 1. kvartal 2021
SS 24/21	Evaluering av sekretariatskonferansen 2021
SS 25/21	Status fagkonferansen 2021 - digital
SS 26/21	Styrets forslag til Handlingsplan 2021-2022
SS 27/21	Styrets forslag til kontingent 2022
SS 28/21	Styrets forslag til budsjett 2022
SS 29/21	Styrets forslag til endring i vedtektene
SS 30/21	Styrets forslag til valgkomite
SS 31/21	Styrets forslag til revisor
SS 32/21	Innkommne forslag til årsmøtet (fra medlemmer)
SS 33/21	Referatsaker:
RS 6/21	Status - Henvendelser til KMD lovtolkninger mm
RS 7/21	Valgkomiteens forslag til styrevalgene
SS 34/21	Eventuelt

SS 11/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Behandling i møte:

Det var ikke merknader til sakslisten.

Vedtak:

Innkalling og saksliste godkjennes.

SS 22/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA STYREMØTET 15. MARS 2021

Behandling i møte:

Det var ellers ingen merknader til protokollen fra styremøtet 15. mars 2021.

Vedtak:

Protokoll fra møtet 15. mars 2021 godkjennes.

SS 23/21 ØKONOMIRAPPORT 1. KVARTAL 2021

Behandling i møtet:

Generalsekretæren orienterte om saken.

Vedtak:

Styret tar økonomirapport 1. kvartal 2021, til orientering.

SS 24/21 – EVALUERING AV SEKRETARIATSKONFERANSEN 2021

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken.

Vedtak:

Styret tar informasjon om evaluering av sekretariatskonferansen til orientering.

SS 25/21 STATUS FAGKONFERANSEN 2021

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken.

Vedtak:

Styret tar informasjon om fagkonferansen til orientering.

SS 26/21 STYRETS FORSLAG TIL HANDLINGSPLAN 2021-2022

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken. Styret diskuterte forslaget og foretok noen justeringer.

Vedtak:

Styrets innstilling til årsmøtet:

- Årsmøtet 2021 fastsetter FKTs handlingsplan for 2021-2022 som forelagt

SS 27/21 STYRETS FORSLAG TIL KONTINGENT FOR 2022

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken. Styret diskuterte forslaget.

Vedtak:

Styrets innstilling til årsmøtet:

- Årsmøtet 2021 fastsetter følgende medlemskontingentsatser for 2022.

Kategori	Kontingent 2022
Kommune 0 - 5 000 innb.	3 700
Kommuner 5 001 - 10 000 innb.	7 500
Kommuner 10 001 – 20 000 innb.	9 700
Kommuner 20 001 - 50 000 innb.	13 000
Kommuner med mer enn 50 000 innb.	16 000
Fylkeskommuner	16 000
Sekretariater	9 700

SS 28/21 STYRETS FORSLAG TIL BUDSJETT 2022

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken. Styret diskuterte forslaget.

Vedtak:

Styrets innstilling til årsmøtet:

- Årsmøtet 2021 fastsetter FKTs årsbudsjett for 2022.

SS 29/21 STYRETS FORSLAG TIL ENDRINGER I VEDTEKTENE

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken. Styret diskuterte forslaget og foretok noen justeringer.

Vedtak:

Styrets Innstilling til årsmøtet:

Årsmøtet 2021 gjør følgende endringer i vedtektene:

1.

«1. FORMÅL» endres til:

«Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) har som formål å være en møte- og kompetanseplass for mennesker som arbeider med kontrollarbeid i kommuner, fylkeskommuner, Sametinget og Longyearbyen lokalstyre.»

2.

«2. MEDLEMMER» endres til:

«De kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalgene, kontrollutvalget i Longyearbyen, Sametinget sitt kontrollorgan, samt sekretariatene for disse, kan være medlemmer i forumet.»

3.

«3. HOVEDOPPGAVER» endres til:

«Forumet sine primære oppgaver er:

- Styrke kontrollutvalgene og sekretariatene sitt kontrollarbeid.
- Være pådriver i arbeidet med faglig utvikling av kontrollutvalgene og sekretariatene.
- Være en arena for erfaringsutveksling.
- Styrke kontrollutvalgene og sekretariatene sin kompetanse som bestiller av revisjonsoppdrag.

Andre oppgaver kan være:

- Sette kontrollutvalgene i stand til å foreta best mulig prioritering av revisjonsoppgaver.
- Være en pådriver i arbeidet med å utvikle metoder og retningslinjer.
- Synliggjøre overfor omverdenen, hvor viktig kontrollfunksjonen er.
- Være et serviceorgan for kontrollutvalg og sekretariat.
- Være talerør overfor myndighetene, herunder å gi høringssvar.»

4.

«4. KONTINGENT» endres til:

«Hvert medlem betaler en årlig kontingent, som blir fastsatt av årsmøtet. Kontingenten til kontrollutvalgene blir gradert etter innbyggertallet som kontrollutvalget representerer. Kontingenten for sekretariatene er flat.»

5.

«5. ÅRSMØTE» endres til:

- Separate valg av:
 - 3 styremedlemmer og 2 vara fra kontrollutvalgene (2 år), valgt i partallsår, etter forslag fra valgkomiteen.
 - 3 styremedlemmer og 2 vara fra sekretariatene (2 år), valgt i oddetallsår, etter forslag fra valgkomiteen.
 - Leder og nestleder i styret, velges årlig blant et av styremedlemmene fra kontrollutvalgene og et av styremedlemmene fra sekretariatene, etter forslag fra valgkomiteen.

 - Valgkomite, to medlemmer og to varamedlemmer, etter forslag fra styret. Funksjonstid i 2 år, der 2 repr. og en vara fra sekretariatene er på valg i oddetallsår og to medlemmer og en vara fra kontrollutvalgene i partallsår
 - Leder og nestleder i valgkomiteen herav en fra kontrollutvalgene og en fra sekretariatene, velges hvert år etter forslag fra styret. Leder velges fra sekretariatene i partallsår og fra kontrollutvalgene i oddetallsår. Nestleder velges fra sekretariatene i oddetallsår og fra kontrollutvalgene i partallsår.

 - Revisor, etter forslag fra styret. (Årlig valg).

SS 30/21 STYRETS FORSLAG TIL VALGKOMITÉ

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken. Styret diskuterte forslaget.

Vedtak:

Styrets innstilling til årsmøtet 2020:

Valg av medlemmer til valgkomitéen:

- Arild Røen, Samnanger kommune (ikke på valg)
- Anita Gilde, Skaun kommune (ikke på valg)
- Berit Pauline Pedersen, K-sekretariatet (2021-2023)
- Lars Hansen, Salten kontrollutvalgssekretariat (2021-2023)

Varamedlemmer:

- Jon Jæger Gåsvatn, Sarpsborg kommune (ikke på valg)
- Torill Bakken Kontrollutvalg Fjell IKS (2021-2023)

Leder: Arild Røen (2021-2022)

Nestleder: Berit Pauline Pedersen (2021-2022)

SS 31/21 STYRETS FORSLAG TIL REVISOR

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken. Styret diskuterte forslaget.

Vedtak:

Styrets innstilling til årsmøtet:

Valg av revisor (ett år):

- Bjørn Gulbrandsen, rådgiver Østfold kontrollutvalgssekretariat KOF

SS 32/21 INNKOMNE FORSLAG TIL ÅRSMØTET

Behandling i møte:

Ingen forslag var innkommet ved fristen.

Vedtak:

Styret tar til orientering at det ikke er kommet forslag til saker eller vedtektsendringer fra medlemmene.

SS 33/21 REFERATSAKER

Behandling i møte:

Følgende referatsaker ble tatt til orientering.

<i>RS 6/21</i>	<i>Status - Henvendelser til KMD lovtolkninger mm</i>
<i>RS 7/21</i>	<i>Valgkomiteens forslag til styrevalgene</i>

SS 34/21 EVENTUELT

Ingen saker

20. april 2021

Tage Pettersen
styreleder

Anne-Karin Femanger Pettersen
generalsekretær

Fra: post@stord.kommune.no (post@stord.kommune.no)

Sendt: 26.04.2021 10:45:37

Til: Hogne Haktorson

Kopi:

Emne: Epost fra Stord kommune

Vedlegg: Tilbakemelding - Partsbrev KUV PS 02_21, Eldøyane industriområde - orientering frå rådmannen.pdf;Støyrapport frå Eldøyane næringspark_ støymålingar 2020.pdf;Eldøyane Næringspark - støylogging 2020.pdf

Du er satt som kopimottaker på sak 2015/1864

Med venleg helsing

Lovise Vestbøstad |

e-post: Lovise.Vestbostad@stord.kommune.no

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900

5020 BERGEN

Vår dato: 26.04.2021
Vår ref: 2015/1864 - 12990/2021 / J70
Dykkar ref:

Tilbakemelding - Partsbrev KUV PS 02/21, Eldøyane industriområde - orientering frå rådmannen

Det vert vist til punkt 3 i påskrift frå sekretariatet i partsbrev med vedtak frå kontrollutvalet sak PS 02/21: «Dersom kommunen har noko å melda innan 28.04.21, kan det leggst inn som referatsak til kontrollutvalet sitt møte 19.05.21.

Rådmannen orienterer med dette at det vert lagt fram sak til Utval for plan og miljø sitt møte den 6. mai. Saka gjeld rapportering etter støylogging ved bustadområde gjennom året 2020. Rapporteringa er i tråd med føresegnene i gjeldande reguleringsplan for Eldøyane næringspark Søk. Saksframlegget fylgjer vedlagt.

Med helsing

Lovise Vestbøstad
plansjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi:
Hogne Haktorson

Vedlegg:

- 1 Støyrapport frå Eldøyane næringspark; støymålingar 2020
- 2 Eldøyane Næringspark - støylogging 2020

Saksnr Utval
 Utval for plan og utvikling

Møtedato

STØYRAPPORT FRÅ ELDØYANE NÆRINGS-PARK; STØYMÅLINGAR 2020

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og utvikling/ Hamnestyret tek saka til orientering.

Rådmannen, 23.04.2021

Dokumentliste

S	23.04.2021		Støyrapport frå Eldøyane næringspark; støymålingar 2020
I	16.05.2018	Lars Helge Sørheim	Støylogg Eldøyane august og september 2017
I	16.05.2018	Lars Helge Sørheim	Støyrapport Eldøyane juni og juli 2017
I	16.05.2018	Lars Helge Sørheim	Støylogg Eldøyane Næringspark april - mai 2017
I	03.12.2018	Asmund Aasheim	Støy på Eldøyane
I	10.01.2019	ELDØYANE NÆRINGSPARK AS	Støymåling på Eldøyane
U	15.01.2019	Lisbeth Dahl m.fl.	Innkalling til møte om støy, Eldøyane
I	31.01.2019	Geir Helvik	Oppfølging av støymøte 28012019
U	31.01.2019	Asmund Aasheim	Støy på Eldøyane
U	31.01.2019	Geir Helvik	Oppfølging av støymøte 28012019
I	03.04.2019	Reidar Nesse	Støyrapportar frå naboar til Eldøyane Næringsområde
U	23.11.2018	Kværner v/ Eirill Hatlevik m.fl.	Referat frå møte om rapportering av samla støy frå Eldøyane næringsområde
U	30.04.2019	Eldøyane Næringspark AS - Kolbein Rege	Støymåling på Eldøyane
U	30.04.2019	Reidar Nesse	Støyrapportar frå naboar til Eldøyane Næringsområde
I	30.04.2019	Eldøyane Næringspark AS - Kolbein Rege	Støymåling på Eldøyane
I	20.05.2019	Eidesvik - kolbein.rege@eidesvik.no	Støyrapport Kårevik-Eldøyane
U	17.07.2019	Hamnesjef Inge Espenes m.fl.	referat frå møte om støy, Eldøyane
I	18.07.2019	Merete Taraldsøy	referat frå møte om støy, Eldøyane. Spørsmål og anmerknings.
I	17.07.2019	Eldøyane Næringspark AS	Oppdaterte støyberegningar - Eldøyane
U	18.07.2019	Merete Taraldsøy, NOK er NOK	referat frå møte om støy, Eldøyane. Spørsmål og anmerknings.
U	18.07.2019	Fylkesmannen - Magne Nesse m.fl.	Oppdaterte støyberegningar - Eldøyane
I	18.09.2019	Merete Taraldsøy	Vedr. støyrapport 2.kvartal 2019 Eldøyane Næringspark
U	08.11.2019	Merete Taraldsøy	Vedr. støyrapport 2.kvartal 2019 Eldøyane Næringspark
I	11.11.2019	Merete Taraldsøy	Støymøte
I	08.05.2020	Kolbein Rege	Rapport fra Multiconsult
I	25.08.2020	Merete Taraldsøy	Etterlyser svar - Støymøte
U	09.09.2020	Merete Taraldsøy	Svar på støymøte
I	09.09.2020	Merete Taraldsøy	Møte
I	13.10.2020	Merete Taraldsøy	Støymøte
U	13.10.2020	Merete Taraldsøy m.fl	Innkalling til støymøte
X	20.05.2020	Lovise Vestbøstad	Eldøyane
I	31.03.2021	ELDØYANE NÆRINGSPARK AS	Eldøyane-kommentar til støyrapport
I	12.04.2021	Stein Bratseth	Ny Støyrapport...
U	13.04.2021	Stein Bratseth	Ny Støyrapport...
U	20.04.2021	Eirill Hatlevik m.fl.	referat frå møte om støylogging Eldøyane

Vedlegg:

- 1 Eldøyane Næringspark - støylogging 2020

Innleiing (bakgrunn for saka)

Gjeldande reguleringsplan for Eldøyane næringspark Sør, planid 201309, har føresegner som set støygrenser for all aktivitet innanfor planområdet, samt for årleg rapportering av støynivå til kommunen. Reguleringsplanen set krav om at evt. tiltaksplan ved for høgt støynivå skal leggjast fram som politisk sak for Utval for plan og utvikling/ Hamnestyret. Rapport for 2020 ligg no føre.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Stord kommune har motteke rapport frå Eldøyane næringspark som viser logging av støy ved nærliggjande bustadområde vest for næringsparken. Støymålarer er plassert i Kårevikvegen 80. Rapporten skildrar resultat av støylogging i 2020. Det er Multiconsult som har utført støymålingane.

Plangrunnlag - Reguleringsplan

Reguleringsplan Eldøyane næringspark Sør, Planid 201309, har føresegner som gjer dei nasjonale retningslinjene for støy (T-1442) juridisk bindande for all aktivitet innanfor planområdet. Det står m.a. fylgjande i føresegnene, §2.1:

Samla bidrag frå verksemder/ aktivitet innanfor planområdet til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride grenser gitt i tabell 1 nedanfor. Grenseverdiane gjeld på uteplass og utanfor rom med støyfølsam bruk. Grensa omfattar også støy frå skip/fartøy og andre flytande konstruksjonar ved kai. L_{den} -verdiane skal bereknast som døgnmiddelverdiar.

Det er støygrensene for *industri* som er gjort juridisk bindane for næringsparken, inkl. ny del av Stord hamn:

<i>Mandag-fredag</i>	<i>Kveld mandag-fredag</i>	<i>Lørdag</i>	<i>Søn-/helligdager</i>	<i>Natt</i>	<i>Natt</i>
07 -19	19 -23	07 -23	07 – 23	23- 07	23- 07
55 L_{den}	50 $L_{evening}$	50 L_{den}	45 L_{den}	45 L_{night}	60 L_{Amax}

Dersom anlegget avgjer impulslyd, jf definisjon i T-1442, er grenseverdien 5 L_{den} lågare

Det er vidare sagt at «særleg støybelastande aktivitetar skal primært ikkje føregå på nattetid, søn- og heilagdagat.»

Reguleringsplanen set krav til at akustisk berekningsmodell for støyberekningar skal haldast oppdatert og at det skal utførast støymålingar ved bustadområde. Det skal årleg rapporterast til kommunen. Det er denne rapporteringa kommunen no har motteke frå Eldøyane næringspark for 2020.

Stord hamn/ Stordbase

Den nemnde reguleringsplanen gjeld for Stord hamn sin nye kai som er under bygging, men planområdet femnar ikkje om eksisterande kai der dagens hamneaktivitet føregår. For denne delen gjeld det ingen juridisk bindande støygrenser. Det finst likevel nasjonale retningslinjer for støy (T-1442) som ein bør leggje til grunn i arealplanlegging. Desse retningslinjene fortel oss kva staten forventar at er akseptable grenseverdiar for både næringsliv og innbyggjarar å forhalde seg til. For hamner og terminalar er det sett følgjande grenseverdiar for støy i T-1442:

Støykjelde	Støynivå på ute- og opphaldsareal og utanfor vindauge til rom med støyfølsom bruk	Støynivå utanfor soverom, natt kl. 23-07
Hamner og terminalar	Utan impulslyd: L_{den} 55 dB	L_{night} 45 dB

For hamner og terminalar gjeld dei same verdiane for både kvardag og helg.

Rapport støylogging 2020 - resultat

Rapporten dokumenterer at det totalt er 163 døgn i 2020 der logga lydnivå overskrider éin eller fleire av grenseverdiane. På somme av desse døgn er det støynivå natt eller kveld som er overskride utan at den døgnmidla verdien (L_{den}) er overskriden. Rapporten viser fylgjande verdiar i samandraget:

For lydnivå på natt L_n er det 114 døgn der grenseverdien overskrides. For lydnivå på kveld L_e er tallet 55 døgn. Av dei 114 og 55 er 30 av døgnene sammenfallende, altså med overskridelse både på kveld og natt.

For lydnivå L_{den} er det 93 døgn der grenseverdiene overskrides. Av de 93 er det 69 døgn der overskridelse av grenseverdi for L_{den} sammenfaller med overskridelse på kveld (27), natt (63) eller både kveld og natt (21). Det er altså ofte lydnivå på kveld og spesielt natt som også fører til overskridelse av grenseverdi for L_{den} .

De 95 døgnene med overskridelse av grenseverdi for L_{den} fordeler seg på 28 hverdager, 27 lørdager og 40 søndager. Her er det verdt å merke seg at en høy andel lørdager (52 %), og en svært høy andel søndager (77 %) har overskridelser. En av årsakene til den store andelen overskridelser i helger er at de skjerpede grenseverdiene for L_{den} i helger raskt vil overskrides når det er helgeaktivitet i havnen i næringsparken. Spesielt gjelder det dersom det er aktivitet på natten. Men den høye andelen døgn der logget lydnivå overskrider grenseverdier i helger skyldes nok delvis også at det loggede lydnivået kan overskride de skjerpede grenseverdiene i helger fra bakgrunnsstøy alene.

For å vurdere om det logga lydnivået som overskrider grenseverdiane skuldast støy frå næringsparken, og ikkje anna støy/ bakgrunnsstøy, må kvart tilfelle vurderast opp mot om det har vore aktivitet i næringsparken på det aktuelle døgnnet. Det er ved logging av støy ikkje mogleg å skilje mellom støy frå Eldøyane næringspark og støy frå andre støykilder. Lydnivået i rapporten er dermed det totale lydnivået i målepunktet. Rapporten beskriver dette slik:

Bakgrunnsstøy er en utfordring når målte lydnivåer skal vurderes mot lave grenseverdier. Spesielt gjelder dette grenseverdien L_{den} 45 dB som er aktuell grenseverdi for industristøy på søndager. På grunn av 10 dB korreksjon av støy på natt ved beregning av L_{den} vil et lydnivå som overskrider 35 dB på natten alene kunne gi et L_{den} – nivå opp mot 45 dB. Lydnivå utendørs vil svært ofte kunne overskride 35 dB ved bakgrunnsstøy alene, og dermed kan en grenseverdi på L_{den} 45 også kunne overskrides av bakgrunnsstøy alene. I tilfeller med mye vind og/eller nedbør vil det trolig også kunne forekomme at bakgrunnsstøyen alene overskrider 45 dB, slik at lydnivået overskrider grenseverdi på natt selv uten at det er vesentlig støy fra næringsparken.

Multiconsult har i rapporten gjort ei overordna vurdering av lydnivå opp mot hamnelogg som viser at det i hovudsak er god korrelasjon mellom lydnivå og aktivitet i hamna. Men det er også døgn der det er overskridingar utan at dette samsvarer med aktivitet i hamna eller næringsparken. Dette gjeld hovudsakleg helger.

Møte med verksemder 20. april

Rådmannen hadde møte med verksemder i næringsparken tysdag 20. april for å gå gjennom rapporten. Verksemdene var på førehand bedne om gå gjennom sin loggførte aktivitet for om mogleg å finne forklaringsfaktorar til dei tidspunkta der støygrensene er overskridne. Frå verksemdene i næringsparken ekskl. Hamn/Stordbase er det ikkje funne at aktivitetar ved verksemdene på dei aktuelle tidspunkta med overskriden støy som forklarar støynivået bortsett frå éin dag (laurdag 5. september) der det var aktivitet i form av lasting

av stålskrap ved Kværner som kan ha gitt for høge støyverdier. Stordbase har gått gjennom all loggført aktivitet i hamna. Av 111 netter med overskriden støy, kan hamneaktiviteten vere forklaringsfaktor for 38 av desse. Totalt 96 døgn har for høg støy i høve *industristøy*, medan 48 døgn har for høgt støynivå målt i høve grenseverdier for hamneverksemd. Aktivitet ved Stord hamn/ Stordbase kan vere medverkande til overskriding av totalt 20 døgn: Tabellen under viser månadsvis oversyn over tal netter og døgn med overskridne støyverdier, og det tal netter og døgn der hamneaktivitet kan ha bidrege til høgt støynivå. Talet i parantes under døgn (L_{den}) viser tal døgn med overskridne verdier i høve retningslinjer for støykrav til hamner og terminalar:

		natt(L_n)	døgn (L_{den})
Januar	Antall med lydnivå over grenseverdier	10	10 (7)
	Brot på grenseverdier som <i>kan</i> skuldast hamneaktivitet	0	4
Februar	Antall med lydnivå over grenseverdier	12	11 (8)
	Brot på grenseverdier som <i>kan</i> skuldast hamneaktivitet	2	3
mars	Antall med lydnivå over grenseverdier	13	13 (11)
	Brot på grenseverdier som <i>kan</i> skuldast hamneaktivitet	7	3
april	Antall med lydnivå over grenseverdier	4	8 (0)
	Brot på grenseverdier som <i>kan</i> skuldast hamneaktivitet	4	0
mai	Antall med lydnivå over grenseverdier	11	9 (2)
	Brot på grenseverdier som <i>kan</i> skuldast hamneaktivitet	7	1
juni	Antall med lydnivå over grenseverdier	23	15 (9)
	Brot på grenseverdier som <i>kan</i> skuldast hamneaktivitet	3	2
juli	Antall med lydnivå over grenseverdier	1	3 (0)
	Brot på grenseverdier som <i>kan</i> skuldast hamneaktivitet	1	0
august	Antall med lydnivå over grenseverdier	2	3 (0)
	Brot på grenseverdier som <i>kan</i> skuldast hamneaktivitet	0	0
september	Antall med lydnivå over grenseverdier	5	5 (1)
	Brot på grenseverdier som <i>kan</i> skuldast hamneaktivitet	2	1
oktober	Antall med lydnivå over grenseverdier	7	6 (3)
	Brot på grenseverdier som <i>kan</i> skuldast hamneaktivitet	4	3
november	Antall med lydnivå over grenseverdier	13	6 (3)
	Brot på grenseverdier som <i>kan</i> skuldast hamneaktivitet	4	1
desember	Antall med lydnivå over grenseverdier	10	7 (4)
	Brot på grenseverdier som <i>kan</i> skuldast hamneaktivitet	4	2

Kommentar til påske: Rapporten viser at grenseverdiane for *industristøy* er overskridne, men ikkje grenseverdiane for hamneverksemd. Det har ikkje vore aktivitet ved industriverksemdene som forklarar overskridingane. Det var aktivitet ved hamna, men

korkje grenseverdiane for natt eller døgn som er retningsgivande for hamneaktiviteten er overskriden.

Kommentar til pinse: Rapporten viser høge støyverdiar i pinsa. Både 1. og 2. pinsedag vart det målt $L_{\text{night}}=50\text{dB}$ og $L_{\text{den}}=56\text{dB}$. Det var desse dagane ingen fartøy til kai i hamna og heller ingen aktivitet i næringsparken som kan forklare støynivået.

Verksemdene stadfesta elles at det ikkje er gjort endringar i aktiviteten som medfører behov for oppdatering av akustisk berekningsmodell. Det vil truleg bli behov neste år ved drift frå Renovo og ny kai ved Stord hamn.

Vurdering

Ein gjennomgang med verksemdene for avklaring av aktivitetsnivå opp mot registrert støynivå i nærliggjande bustadområde viser at vi har aktivitet som kan vere med å forklare overskride støynivå for 38 netter og 20 døgn.

Det er likevel vanskeleg å seie at det målte høge støynivået på desse tidspunkta aleine skuldast aktiviteten i hamna. Eit døme er når ein ser verdiane for pinseafta (laurdag før 1. pinsedag). Her er verdiane berre svakt høgare enn verdiane for 1. og 2. pinsedag, men verdiane for pinsedagane er over grenseverdiane utan at det kan forklarast med næringsaktivitet. Har det då vore så mykje anna bakgrunnstøy av noko slag denne helga som også medverkar til at støynivåa laurdag vert for høge utan at hamneaktiviteten kan lastast?

Stordbase har gått gjennom resultata av sjølve støylogginga og ser at det i mai/ juni er svært høge verdiar nattetid mellom ca. kl. 03-04 utan at det skuldast næringsaktivitet. Vidare er det stor samvariasjon med vêrtilhøve slik at dei tidspunkt der det har vore kraftig regn og/eller vind slår ut på støy målararen.

Det er ikkje råd å setje opp ein støy målar som berre måler støy frå næringsaktiviteten. All støy på målepunktet vert fanga opp, uansett støykjelde.

Stordbase opplyser om at dei prøver gjere tiltak i høve at dei ber fartøy sakke farten og kome til kai tidleg morgon i staden for midt på natta. Dei opplyser vidare at når ny kai er ferdig, vil dei flytte mest mogleg av aktiviteten til nytt kaiområde. Dette vil i fylgje støyberekningar betre støysituasjonen for bustadområda med tanke på støy frå hamneaktiviteten.

Rådmannen har ikkje funne at det er gjennomført aktivitet i næringsparken innanfor planområdet til gjeldande reguleringsplan for Eldøyane næringspark Sør som forklarar høgt støynivå ved bustadene. Rådmannen finn derfor ikkje at det er grunnlag for, med heimel i plan- og bygningslova og gjeldande reguleringsplan, å påleggje tiltak.

Eksisterande hamn ligg utanfor gjeldande reguleringsplan, og støyutsleppa må handterast gjennom folkehelseovgivinga og forskrift for miljøretta helsevern. Denne skal regulera kommunal drift og planlegging av denne. Forskrifta inneheld og høve for pålegg om gransking og pålegg (§ 13).

Framlegg til Strategisk hamneplan 2021 – 2030 har vore på høyring, og administrasjonen er i ferd med å gjennomgå innkomne merknader. Utfordringar med støy og anna ureining har eit eige kapittel der støyproblematikk for nærrområda til hamnene er drøfta m.a. med bakgrunn i forskrift om miljøretta helsevern. Det er skissert ei rekkje avbøtande tiltak som kan vurderast for å koma vidare i den aktuelle saka. Den har og eit framlegg til retningsliner som kan tilpassast i høve det som viser seg å vera støykjeldene og omsyn som må takast i høve desse. Hamneplanen skal vera ein strategisk plan for hamnestellet for drift og utbygging.

Stord hamn er ei kommunal verksemd. Rådmannen meiner det er i kommunen si eiga interesse å har kontroll på eigne støyutslepp og utforme verksemda til minst mogleg ulempe for innbyggjarane.

Vidare meiner rådmannen at det er relativt få døgn med overskridingar av støyverdiar som faktisk kan forklarast med næringsaktivitet, i dette tilfellet hamneaktivitet. Å ha så mange hendingar med overskride støynivå som ikkje kan forklarast, er ikkje tilfredsstillande. Rådmannen set derfor i verk tiltak som, etter råd frå statsforvaltaren og erfaringar frå andre hamneområde, vil gi auka kunnskap om støyen.

Rådmannen vil be hamnesjefen, i lag med Stordbase, om å utarbeide eit notat som inneheld eigen vurdering av kva som kunne vore gjort av tiltak for å redusere støyande verksemd dei aktuelle netter og døgn som rapporten viser at hamnestellet/ Stordbase overskrider støyverdiene gitt i nasjonale retningslinjer for støy. Dette har det ikkje vore tid til å gjere før framlegging av denne saka. Notatet må også vurdere om naboar kunne vore varsla ved forventa høge støynivå.

Rådmannen har fått stadfesta at det no er mogleg å gjennomføre støymålingar som

- viser retning i høve kvar støyen kjem frå
- startar opptak av lydbiletet ved overskriding av ei på førehand bestemt desibelgrense
- dokumenterer samvariasjon med vêrtilhøve

Slik måling bør kanskje gjennomførast *både* ved bustadområdet *og* i hamna slik at ein får betre målingar både på støy *ut* frå hamna og støy *inn* til bustadområdet. Rådmannen vil hente inn råd og kostnadsoverslag på dette frå konsulent. Kostnadene ved eksisterande målingar er delt mellom partane i næringsparken. Rådmannen meiner at sidan det er vår kommunale verksemd gjennom Stord hamn som etter all sannsyn har mest støyande aktivitet, bør også Stord hamn/ Stordbase ta denne ekstra kostnaden. Rådmannen vil setje i verk slik måling snarast, slik at ein ved neste års rapportering frå Eldøyane næringspark vil kunne begynne å danne oss eit bilete frå desse målingane og få større kunnskap om støyen.

Rådmannen vil vidare invitere naboar til dialogmøte med gjennomgang av innkomen støyrapport, resultat av eigenvurdering av hamneaktiviteten og vidare aksjonar som vert gjort for å få større kunnskap om støybiletet.

Økonomiske konsekvensar

Rådmannen vil hente inn kostnader på utvida støymåling. Kostnadene vert å innarbeide i revidert budsjett for hamnestellet.

Konklusjon

Rådmannen meiner det er i kommunen si eigeninteresse å redusere støyutsleppa mest mogleg. Sjølv om det for eksisterande kai ved Stord hamn ikkje gjeld nokon juridisk bindande støygrenser, så har støyande aktivitet ein konsekvens for innbyggjarane. Aktiviteten ved Stord hamn (Stordbase) kan vere medverkande årsak til overskridingar av tilrådde støyverdiar i 38 netter og 20 døgn. Vi har altså ei rekkje dokumenterte hendingar med overskridne støyverdiar som vi ikkje har forklaringsfaktorar til.

Rådmannen meiner det er trong for større kunnskap om årsak og kjelde til støy.

Rådmannen har bede hamnesjefen om å utarbeide eit notat som viser kva som kunne vore gjort av tiltak ved dei påpeika hendingane med høgt støynivå for å redusere støyutsleppa. Evt. varsling av støyutslepp må også vurderast.

Vidare initierer rådmannen at det vert teke kontakt med konsulent for vurdering av lokasjon og kostnadsoverslag på betre støylogging, både for å få større kunnskap om støyen *inn* til bustadområdet, og for å målt støy *ut* frå hamna. Støymålingane bør

- vise retning i høve kvar støyen kjem frå

- starte opptak av lydbiletet ved overskriding av ei på førehand bestemt desibelgrense
- dokumentere samvariasjon med vértilhøve

Dette vil gi betre kunnskap om årsaker og kjelder til støybiletet i bustadområdet. Rådmannen tilrår at Utval for plan og utvikling tek saka til orientering.

Plan for gjennomføring

Gjennomføring av tiltaka starter straks.

RAPPORT

Eldøyane Næringspark

OPPDRAAGSGIVER

Eldøyane Næringspark AS

EMNE

Støylogging

DATO / REVISJON: 26. mars 2021 / 00

DOKUMENTKODE: 10209255-01-RIA-RAP-003



Multiconsult

Denne rapporten er utarbeidet av Multiconsult i egen regi eller på oppdrag fra kunde. Kundens rettigheter til rapporten er regulert i oppdragsavtalen. Hvis kunden i samsvar med oppdragsavtalen gir tredjepart tilgang til rapporten, har ikke tredjepart andre eller større rettigheter enn det han kan utlede fra kunden. Multiconsult har intet ansvar dersom rapporten eller deler av denne brukes til andre formål, på annen måte eller av andre enn det Multiconsult skriftlig har avtalt eller samtykket til. Deler av rapportens innhold er i tillegg beskyttet av opphavsrett. Kopiering, distribusjon, endring, bearbeidelse eller annen bruk av rapporten kan ikke skje uten avtale med Multiconsult eller eventuell annen opphavsrettshaver.

RAPPORT

OPPDRAAG	Eldøyane Næringspark	DOKUMENTKODE	10209255-01-RIA-RAP-003
EMNE	Støylogging	TILGJENGELIGHET	Åpen
OPPDRAAGSGIVER	Eldøyane Næringspark AS	OPPDRAAGSLEDER	Kjetil Sundfjord
KONTAKTPERSON	Kolbein Rege	UTARBEIDET AV	Kjetil Sundfjord
KOORDINATER	SONE: - ØST: - NORD: -	ANSVARLIG ENHET	Multiconsult Norge AS
GNR./BNR./SNR.	- / - / - / Stord		

SAMMENDRAG

Multiconsult har utført logging av støy fra Eldøyane næringspark ved bolig Kårevikvegen 80, vest for næringsparken. Denne rapporten beskriver resultater av logging i 2020.

Totalt er det 163 døgn i 2020 der logget lydnivå overskrider én eller flere av grenseverdiene.

For lydnivå på natt L_n er det 114 døgn der grenseverdien overskrides. For lydnivå på kveld L_e er tallet 55 døgn. Av de 114 og 55 er 30 av døgnene sammenfallende, altså med overskridelse både på kveld og natt.

